

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 276



JORDBRUKSSTATISTIKK
1956

Agricultural Statistics 1956

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1957

Noregs offisielle statistikk, rekkje XI

Norway's Official Statistics, series XI

Rekkje XI

Prenta 1956

- Nr. 237 Norges fiskerier 1953 *Fishery statistics of Norway*
- 238 Norges jernbaner 1952—53 *Chemins de fer norvégiens*
- 239 Meieribruket i Noreg 1954 *Norway's dairy industry*
- 240 Norges elektrisitetsverker 1954 *Electricity plants*
- 241 Bankstatistikk 1954 *Banking statistics*
- 242 Alkoholstatistikk 1955 *Alcohol statistics*
- 243 Lønnsstatistikk 1954 *Wage statistics*
- 244 Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m. v. 1955 *Municipal debt and cash holdings etc.*
- 245 Norges industri 1954 *Industrial production statistics*
- 246 Statistisk årbok 1956 *Statistical yearbook of Norway*
- 247 Norges handel 1955 Del I *Foreign trade of Norway Part I*

Rekkje XI

Prenta 1957

- Nr. 248 Økonomisk utsyn over året 1956 *Economic survey*
- 249 Sinnssykehusenes virksomhet 1954 *Hospitals for mental disease*
- 250 Husholdningsregnskaper for fiskerfamilier 1954 *Family budgets for fishermen's families*
- 251 Bedriftstelling i Norge 24. april 1953 I Bergverk og industri *Census of establishments April 24, 1953 I Mining and quarrying and manufacturing*
- 252 Kommunevalgene og ordførervalgene 1955 *Elections in the rural and town municipalities*
- 253 Folketellingen 1. desember 1950 X Boligstatistikk *Population census December 1, 1950 X Housing statistics*
- 254 Folkemengdens bevegelse 1954 *Vital statistics and migration statistics*
- 255 Syketrygden 1953 *Assurance-maladie nationale*
- 256 Norges fiskerier 1954 *Fishery statistics of Norway*
- 257 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1954 *Medical statistical report*
- 258 Folketellingen 1. desember 1950 VI Personer 15 år og mer etter utdanning *Population census December 1, 1950 VI Persons 15 years of age or more by education*
- 259 Skattestatistikk 1955—56 *Tax statistics*
- 260 Norges handel 1955 Del II *Foreign trade of Norway Part II*
- 261 Telegrafverket 1955—56 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 262 Norges bergverksdrift 1955 *Norway's mining industry*
- 263 Norges postverk 1956 *Statistique postale*
- 264 Undervisningsstatistikk 1953—54 *Statistics on education*
- 265 Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1951—1952 *Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 276



JORDBRUKSSTATISTIKK 1956

Agricultural Statistics 1956

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1957

Utkomen før:

Representativ landbruksteling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176, 1954 XI nr. 202, 1955 XI nr. 235.

Jordbrukstelingen i Norge 1949:

- Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. XI nr. 40.
- Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.
- Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.
- Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbrukstelingar. Oppgåver over husdyrhold, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser cgså til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord

Dette heftet inneheld resultatata frå ei representativ jordbruksteljing pr. 20. juni 1956. I Statistiske meldinger nr. 12, 1956, gav Byrået ei førebels melding om desse resultatata. Omframtp oppgåver over areal og husdyrhald, vart det òg henta inn oppgåver over arbeidsstyrken i jordbruket og lengda og inndelinga av arbeidsdagen. I dette heftet vil ein elles finna opplysningar om avkastninga i jord- og hagebruket, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Ein finn dessutan eit oversyn over verksemda til Jordskifteverket og fjøsrekneskapslaga.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 8. juni 1957.

Signy Arctander.

Paul Barca.

Innhald

| | Side |
|---|------|
| Oversyn. | |
| Det statistiske materialet | 7 |
| Areala | 7 |
| Maskinar og reiskapar | 12 |
| Jordskifte | 13 |
| Avlinga, jordbruket og hagebruket..... | 13 |
| Bruken av kunstgjødsel og kraftfôr..... | 22 |
| Husdyrhaldet..... | 25 |
| Fjøskontrollen | 30 |
| Husdyrprodukta | 31 |
| Arbeidsstyrken i jordbruket | 36 |
| Lønene i jordbruket 1956-57 | 41 |
| Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m..... | 45 |
| Arbeidsdagen i jordbruket..... | 59 |
| Tabellar. | |
| I. Jordbruksarealet 1956. Dekar..... | 72 |
| II. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1956 | 74 |
| III. Avlinga i jordbruket 1956 | 76 |
| IV. Avlinga i hagebruket 1956 | 81 |
| V. Utsæde, avl, innførsel m. m. av korn og poteter | 84 |
| VI. Jordskifte 1859—1955 | 86 |
| VII. Oppgåver frå fjøskontroll-laga 1938—1956 | 87 |
| VIII. Lønene i jordbruket. Menn | 88 |
| IX. Lønene i jordbruket. Kvinner..... | 90 |
| X. Lønene i jordbruket 1956-57 jamførde med 1955-56 og 1948-49..... | 92 |
| Vedlegg. | |
| Rundskriv og skjema | 93 |

Contents

| | Page |
|--|------|
| General survey. | |
| The statistical material | 7 |
| Area | 7 |
| Machinery and equipment | 12 |
| Redistribution of intermixed holdings..... | 13 |
| Crop, agriculture and horticulture..... | 13 |
| Use of commercial fertilizers and feedstuff..... | 22 |
| Number of domestic animals..... | 25 |
| Dairy accounting units..... | 30 |
| Livestock products..... | 31 |
| The working staff in agriculture..... | 36 |
| Wages in agriculture 1956-57 | 41 |
| Prices for agricultural products, producer goods, etc..... | 45 |
| The working-day in agriculture..... | 59 |
| Tables. | |
| I. Agricultural area in 1956. Decares..... | 72 |
| II. Number of domestic animals, June 20, 1956..... | 74 |
| III. Agricultural production in 1956..... | 76 |
| IV. Horticultural production in 1956..... | 81 |
| V. Seed sown, production, imports, a.s.o. of grains and potatoes..... | 84 |
| VI. Redistribution of intermixed holdings 1859—1955..... | 86 |
| VII. Dairy accounting units 1938—1955..... | 87 |
| VIII. Wages in agriculture. Men..... | 88 |
| IX. Wages in agriculture. Women..... | 90 |
| X. Wages in agriculture 1956-57 compared with 1955-56 and 1948-49..... | 92 |
| Appendices. | |
| Circulars and questionnaires..... | 93 |

Oversyn

Det statistiske materialet.

Den representative jordbruksteljinga pr. 20. juni 1956 er gjennomført på same måten som i åra 1946–1948 og 1950–1955. Teljinga skulle femna over ca. 10 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal. I utvalet var alle herad og bruksklassar representerte i høve til talet på bruka, men ved tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse.

I 1946–1948 var det den fullstendige jordbruksteljinga i 1939 som låg til grunn for utvalet av representative bruk. For 1950 og dei seinare år er det teljinga i 1949 som ligg til grunn for utvalet. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1956 byggjer på oppgaver frå 22 000 bruk. Dette svarar til 10,32 prosent av alle bruka med over 5 dekar jordbruksareal i 1949. Jordbruksarealet ved dei bruka som var med i teljinga, var 1 067 000 dekar i 1949. Det svarar til 10,39 prosent av jordbruksarealet ved alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Bruka mellom 20 og 50 dekar er etter måten litt sterkare representerte enn dei andre bruksgruppene. Brukstalet i denne bruksgruppa svarar til 10,8 prosent av alle bruka mellom 20 og 50 dekar i 1949. Gruppa over 100 dekar er representert med relativt færrest bruk, 9,8 prosent. Noko skilnad er det òg mellom dei einskilde fylke med omsyn til representasjonen. I Buskerud og Sogn og Fjordane femner teljinga over 10,9 prosent av bruka. I Finnmark, der representasjonen er dårlegast, er 9,2 prosent av bruka med i teljinga. For dei ymse landslutene varierer det berre mellom 10,5 prosent på Vestlandet og 10,0 prosent i Nord-Noreg.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1956 ved dei bruka som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, og Aker er rekna med i Akershus.

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg attarst i boka.

Areal.

Tabell 1 gjev eit oversyn over åker- og hagearealet.

Tabell 1. Åker- og hageareal. Bygdene i alt.

| | Korn og erter | Poteter | Røt-vokstrar | Grøn-saker | Annan åker og hage | Åker og hage i alt |
|------------|---------------|---------|--------------|------------|--------------------|--------------------|
| a) Dekar. | | | | | | |
| 1939 | 1 836 741 | 506 927 | 225 434 | 52 787 | 323 779 | 2 945 668 |
| 1949 | 1 520 089 | 582 410 | 154 379 | 43 012 | 401 123 | 2 701 013 |
| 1950 | 1 567 693 | 589 605 | 166 080 | 47 572 | 346 808 | 2 717 758 |
| 1951 | 1 613 629 | 585 166 | 165 797 | 52 526 | 365 395 | 2 782 513 |
| 1952 | 1 688 710 | 579 473 | 164 783 | 62 328 | 361 894 | 2 857 188 |
| 1953 | 1 744 361 | 561 483 | 173 268 | 64 467 | 363 599 | 2 907 178 |
| 1954 | 1 871 034 | 545 342 | 166 486 | 48 632 | 382 005 | 3 013 499 |
| 1955 | 1 913 490 | 561 155 | 155 638 | 59 848 | 406 636 | 3 096 767 |
| 1956 | 1 992 500 | 581 455 | 155 943 | 65 336 | 395 174 | 3 190 408 |

Tabell 1 (framh.). Aker- og hageareal. Bygdene i alt.

| | Korn og erter | Poteter | Rotvokstrar | Grønsaker | Annan åker og hage | Åker og hage i alt |
|---------------------------------|---------------|---------|-------------|-----------|--------------------|--------------------|
| b) Relative tal. 1939 = 100. | | | | | | |
| 1949 | 82,8 | 114,9 | 68,5 | 81,5 | 123,9 | 91,7 |
| 1950 | 85,4 | 116,3 | 73,7 | 90,1 | 107,1 | 92,3 |
| 1951 | 87,9 | 115,4 | 73,5 | 99,5 | 112,9 | 94,5 |
| 1952 | 91,9 | 114,3 | 73,1 | 118,1 | 111,8 | 97,0 |
| 1953 | 95,0 | 110,8 | 76,9 | 122,1 | 112,3 | 98,7 |
| 1954 | 101,9 | 107,6 | 73,9 | 92,1 | 118,0 | 102,3 |
| 1955 | 104,2 | 110,7 | 69,0 | 113,4 | 125,6 | 105,1 |
| 1956 | 108,5 | 114,7 | 69,2 | 123,8 | 122,1 | 108,3 |

For åra 1940—1948 viser ein til «Jordbruksstatistikk 1951».

Akerarealet vart auka under krigen. Det var størst i 1942 med 3 388 000 dekar. Det var så nedgang framover til 1947. Sidan har det vori auke, men fyrst i 1954 var åker- og hagearealet større enn i 1939.

I tabell 2 er det meir detaljerte arealoppgåver for åra 1949, 1955 og 1956. Tabell I bak i boka viser arealet i 1956 fylkesvis for dei einskilde vokstrane.

Tabell 2. Bruken av arealet i 1956 samanlikna med 1955 og 1949.

| | Arealet i dekar | | | Brigde 1949-56 | | Brigde 1955-56 | |
|--|-----------------|------------|------------|----------------|---------|----------------|---------|
| | 1949 | 1955 | 1956 | I dekar | I pct. | I dekar | I pct. |
| Haustkveite | 7 133 | 20 025 | 49 961 | + 42 828 | + 600,4 | + 29 936 | + 149,5 |
| Vårkveite | 301 142 | 162 125 | 157 476 | - 143 666 | - 47,7 | - 4 649 | - 2,9 |
| Haustrug | 5 634 | 3 872 | 6 680 | + 1 046 | + 18,6 | + 2 808 | + 72,5 |
| Vårrug | 4 264 | 2 620 | 2 468 | - 1 796 | - 42,1 | - 152 | - 5,8 |
| Bygg | 399 563 | 1 011 611 | 1 086 363 | + 686 800 | + 171,9 | + 74 752 | + 7,4 |
| Havre | 758 499 | 682 544 | 663 278 | - 95 221 | - 12,6 | - 19 266 | - 2,8 |
| Blandkorn | 38 982 | 26 519 | 22 320 | - 16 662 | - 42,7 | - 4 199 | - 15,8 |
| Erter | 4 872 | 4 174 | 3 954 | - 918 | - 18,8 | - 220 | - 5,3 |
| Korn og erter i alt. | 1 520 089 | 1 913 490 | 1 992 500 | + 472 411 | + 31,1 | + 79 010 | + 4,1 |
| Grønfor | 163 607 | 112 480 | 109 298 | - 54 309 | - 33,2 | - 3 182 | - 2,8 |
| Potet | 582 410 | 561 155 | 581 455 | - 955 | - 0,2 | + 20 300 | + 3,6 |
| Førnepe | 47 453 | 45 313 | 39 282 | - 8 171 | - 17,2 | - 6 031 | - 13,3 |
| Kålrot | 71 802 | 83 266 | 80 766 | + 8 964 | + 12,5 | + 2 500 | + 3,0 |
| Førbete | 23 861 | 16 086 | 17 135 | - 6 726 | - 28,2 | + 1 049 | + 6,5 |
| Førmergkål | 11 263 | 10 973 | 18 760 | + 7 497 | + 66,6 | + 7 787 | + 71,0 |
| Grønsaker | 43 012 | 59 848 | 65 336 | + 22 324 | + 51,9 | + 5 488 | + 9,2 |
| Andre vokstrar på åker og i hage ¹ .. | 199 338 | 220 073 | 224 683 | + 25 345 | + 12,7 | + 4 610 | + 2,1 |
| Brakk | 38 178 | 74 083 | 61 193 | + 23 015 | + 60,3 | - 12 890 | - 17,4 |
| I alt åker og hage.. | 2 701 013 | 3 096 767 | 3 190 408 | + 489 395 | + 18,1 | + 93 641 | + 3,0 |
| Eng til { Eng på dyrka jord ... | 4 864 775 | 4 529 772 | 4 474 611 | - 390 164 | - 8,0 | - 55 161 | - 1,2 |
| Eng til slått { Natureng | 1 097 301 | 861 740 | 842 985 | - 254 316 | - 23,2 | - 18 755 | - 2,2 |
| | 153 033 | 118 860 | 110 690 | - 42 343 | - 27,7 | - 8 170 | - 6,9 |
| | 225 430 | 87 421 | 82 359 | - 143 071 | - 63,5 | - 5 062 | - 5,8 |
| Eng til beite { på dyrka jord | 298 487 | 383 054 | 363 348 | + 64 861 | + 21,7 | - 19 706 | - 5,1 |
| | 362 137 | 385 954 | 382 645 | + 20 508 | + 5,7 | - 3 309 | - 0,9 |
| Kulturbeite { på dyrka jord | 258 997 | 263 369 | 260 381 | + 1 384 | + 0,5 | - 2 988 | - 1,1 |
| | 494 458 | 600 834 | 609 537 | + 115 079 | + 23,3 | + 8 703 | + 1,4 |
| I alt jordbruksareal | 10 455 631 | 10 327 771 | 10 316 964 | - 138 667 | - 1,3 | - 10 807 | - 0,1 |
| Av dette: | | | | | | | |
| Dyrka jord | 8 123 272 | 8 272 962 | 8 288 748 | + 165 476 | + 2,0 | + 15 786 | + 0,2 |
| Innmark | 10 077 168 | 10 121 490 | 10 123 915 | + 46 747 | + 0,5 | + 2 425 | - |

¹ Jordbær og bringebær rekna med.

Kornarealet har framleis auka. I 1956 var det 79 000 dekar større enn 1955. Det var ein auke på 4,1 prosent. Sidan 1949, då det var fullstendig jordbruksteljing, har samla areal korn og erter til mogning auka med 472 000 dekar. Denne auken svarar til 31,1 prosent. Siste året vart kornarealet auka i mest alle fylka. Det er Vestfold som syner størst auke i høve til 1949 — 60 prosent. Også i dei andre fylka på Austlandet har det vori sterk auke sidan 1949. Elles har det vori auke i Rogaland og Trøndelag, medan resten av landet syner nedgang. Det har vori relativt størst nedgang i Troms, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vårkveitearealet synte sterk nedgang i åra 1950–1953. Det var så ein auke i 1954, men i 1955 var arealet atter som i 1953. I 1956 var arealet knapt 3 prosent mindre enn året før. I nokre fylke auka arealet i 1956. Det gjeld i fyrste rekkje Akershus, Hedmark og Telemark. Dei fleste fylka synte nedgang. Vårkveitearealet i 1956 var knapt 48 prosent (144 000 dekar) mindre enn i 1949. Haustkveitearealet auka svært mykje frå 1955 til 1956, relativt sett. Serleg stor auke var det i Østfold. Auken i haustkveitearealet var mykje større enn nedgangen i vårkveitearealet. Samla kveiteareal i landet var difor større i 1956 enn året før.

Samla rugareal var ein god del større i 1956 enn i 1955. Auken skriv seg frå haustrugen, medan vårrug synte litt nedgang. Trass i auken er rugarealet lite.

Auken i byggarealet har haldi fram. I 1956 var arealet 75 000 dekar større enn i 1955. Det svarar til ein auke på 7,4 prosent. Sidan 1949 har det auka med 687 000 dekar eller 172 prosent. Av samla areal korn og erter i 1956 (1 993 000 dekar) vart 1 086 000 dekar nytta til byggdyrking. Siste året auka byggarealet i alle fylka med unntak av Agder, Telemark, Rogaland og Troms.

Havrearealet gjekk tilbake med vel 19 000 dekar eller 2,8 prosent siste året. Sidan 1949 har det vori ein nedgang på 95 000 dekar. Det er 12,6 prosent reduksjon. Siste året var det berre 5 fylke som hadde auke i havrearealet. Det var Møre og Romsdal, Agderfylka, Telemark og Rogaland — stort sett dei fylka der byggarealet var redusert.

Arealet til blandkorn auka med 15,6 prosent frå 1954 til 1955, men i 1956 var det 15,8 prosent nedgang att i høve til 1955.

Det blir framleis dyrka lite erter til mogning. Arealet i 1956 var knapt så stort som i 1955.

Det var færre bruk med korndyrking i 1956 enn i 1949. Medels kornareal ved dei bruk der det er korndyrking, har auka mykje. I 1949 vart det dyrka korn ved 53 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal. Desse bruka hadde i medel 13,5 dekar korn og erter til mogning. I 1956 var det korndyrking ved 43 prosent av bruka, og i medel var kornarealet 21,7 dekar. På Austlandet og i Trøndelag vart det i 1956 dyrka korn på om lag 70 prosent av bruka med over 5 dekar. På Vestlandet og i Agder var det 25—30 prosent som dyrka korn. Av Vestlandsfylka skil elles Rogaland seg ut med ca. 67 prosent, medan det på den andre sida var berre knapt 8 prosent som dyrka korn i Hordaland og Sogn og Fjordane. I Nord-Noreg var det berre 3 prosent av bruka som hadde kornareal.

Potetarealet synte noko nedgang i tida 1950–1954. Dei to siste åra har det vori auke. Frå 1955 til 1956 var auken 20 000 dekar eller 3,6 prosent. Potetarealet i 1956 var om lag like stort som i 1949. Det var auke i dei aller fleste fylke i 1956. Størst var auken i Hedmark og Vestfold. Trøndelag har sterkast auke i høve til 1949, medan potetarealet i Akershus var ein god del mindre i 1956 enn i 1949.

Samla areal til rotvokstrar og førmergkål var om lag som året før, og det skil seg lite ut frå arealet i 1949. Det har likevel vori visse brigde. Siste året auka arealet til førmergkål relativt mykje. Også førbeterearealet auka noko, medan det vart nytta mindre areal til førnepe og kålrot. Sett i høve til 1949,

har arealet til rotvokstrar auka heller mykje i Agder og på Vestlandet, medan det har vori stor nedgang i Nord-Noreg.

Det var 9,2 prosent auke i grønsakarealet siste året. I 1956 var arealet 52 prosent større enn i 1949.

Grønforarealet var 2,8 prosent mindre i 1956 enn i 1955 og 33 prosent mindre enn i 1949.

Samla areal til åker og hage har auka kvart år sidan 1949, serleg på grunn av auka korndyrking. Siste året var auken 94 000 dekar eller 3,0 prosent. Sidan 1949 har det vori ein auke på 489 000 dekar eller 18 prosent. Det er Vestfold som har auka åker- og hagearealet relativt mest sidan 1949. Elles har det vori heller sterk auke i dei andre fylka på Austlandet òg, i Rogaland og i Trøndelag.

Tabell 3. Åker- og hagearealet i 1956 i høve til 1949 og 1955.

| | Korn og ertter | Poteter | Rotvokstrar | Annan åker og hage | Åker og hage i alt |
|----------------------------|----------------|---------|-------------|--------------------|--------------------|
| a) Relative tal. 1949=100. | | | | | |
| Østfold | 141,1 | 92,2 | 89,1 | 108,8 | 127,6 |
| Akershus | 140,1 | 86,6 | 93,9 | 88,5 | 122,5 |
| Hedmark | 140,0 | 95,9 | 86,9 | 95,7 | 122,5 |
| Oppland | 118,7 | 108,4 | 78,1 | 84,1 | 110,8 |
| Buskerud | 132,0 | 92,7 | 91,5 | 132,0 | 124,5 |
| Vestfold | 160,4 | 98,6 | 91,3 | 114,2 | 137,2 |
| Telemark | 137,4 | 96,1 | 93,4 | 138,5 | 124,7 |
| Aust-Agder | 76,5 | 100,4 | 133,3 | 118,3 | 97,9 |
| Vest-Agder | 63,3 | 97,2 | 160,3 | 98,4 | 87,7 |
| Rogaland | 125,9 | 102,7 | 133,6 | 125,8 | 119,6 |
| Hordaland | 45,5 | 91,7 | 168,8 | 119,3 | 101,7 |
| Sogn og Fjordane | 30,0 | 102,6 | 187,7 | 127,5 | 103,4 |
| Møre og Romsdal | 91,8 | 101,9 | 140,6 | 96,8 | 99,7 |
| Sør-Trøndelag | 112,1 | 107,3 | 91,5 | 102,2 | 108,8 |
| Nord-Trøndelag | 125,7 | 118,6 | 91,4 | 88,6 | 118,7 |
| Nordland | 88,8 | 101,3 | 55,4 | 78,6 | 90,0 |
| Troms | 12,6 | 101,0 | 63,0 | 82,2 | 90,4 |
| Finnmark | - | 89,1 | 34,5 | 49,8 | 61,0 |
| Bygdene i alt | 131,1 | 99,8 | 101,0 | 103,7 | 118,1 |
| b) Relative tal. 1955=100. | | | | | |
| Østfold | 105,8 | 104,7 | 102,7 | 83,7 | 103,1 |
| Akershus | 103,9 | 101,8 | 108,0 | 93,3 | 102,5 |
| Hedmark | 104,5 | 108,7 | 94,5 | 95,5 | 103,7 |
| Oppland | 101,7 | 105,4 | 95,6 | 97,4 | 101,8 |
| Buskerud | 105,3 | 103,8 | 93,6 | 102,5 | 104,2 |
| Vestfold | 104,7 | 107,5 | 102,9 | 101,4 | 104,6 |
| Telemark | 107,1 | 101,5 | 94,2 | 115,8 | 107,3 |
| Aust-Agder | 103,1 | 105,7 | 95,7 | 104,9 | 104,0 |
| Vest-Agder | 107,9 | 98,3 | 116,2 | 91,4 | 99,6 |
| Rogaland | 103,6 | 103,1 | 108,4 | 108,3 | 104,9 |
| Hordaland | 106,7 | 98,5 | 100,4 | 96,8 | 98,1 |
| Sogn og Fjordane | 102,5 | 102,0 | 108,6 | 103,1 | 103,0 |
| Møre og Romsdal | 111,0 | 99,6 | 95,5 | 91,8 | 100,4 |
| Sør-Trøndelag | 100,4 | 101,0 | 94,6 | 107,3 | 100,8 |
| Nord-Trøndelag | 103,3 | 103,5 | 92,6 | 101,0 | 102,4 |
| Nordland | 106,0 | 101,9 | 92,9 | 115,4 | 106,2 |
| Troms | 92,0 | 103,4 | 145,6 | 96,3 | 100,6 |
| Finnmark | - | 94,3 | - | 81,7 | 86,6 |
| Bygdene i alt | 104,1 | 103,6 | 100,2 | 98,7 | 103,0 |

Engareala til slått har framleis gått tilbake, både på dyrka jord og natureng. Nedgangen var likevel mindre enn året før. Frå 1954 til 1955 gjekk slåttengarealet tilbake med 145 000 dekar og frå 1955 til 1956 med 87 000 dekar. Nedgangen er relativt størst for saterlykkjer og utslåtter. Sidan 1949 er utslåttene reduserte med 64 prosent. Relativt sett har nedgangen i slåttengarealet på innmark vori langt svakare, men reduksjonen rekna i dekar er større. Innmarksarealet til slått har gått attende med 644 000 dekar sidan 1949.

Samla beiteareal på kulturbeite og anna eng til beite var litt mindre i 1956 enn i 1955. Rekna frå 1949, er det likevel ein auke på 200 000 dekar.

Areal dyrka jord har auka noko frå år til år — sidan 1949 med 2 prosent — medan det ikkje er nemnande endring i innmarksarealet. Samla jordbruksareal gjekk attende med 0,1 prosent siste året. I høve til 1949 er det ein nedgang på 1,3 prosent.

Tabell 3 syner brigda fylkesvis for korn og erter i alt, poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og samla åker- og hageareal.

Tabell 4, som gjeld oppgåver frå Landbruksdepartementet, syner kor store areal det var som vart *nydyrka* (fulldyrka) og *overflatedyrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som vart *grøfta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1949–1955.

Tabell 4. Dyrking og grøfting med tilskot og lån 1949–1955.

| | Fulldyrka | Overflate- dyrka | Grøfting av tidlegare dyrka jord |
|------------|-----------|---------------------|--|
| | Dekar | Dekar | Dekar |
| 1949 | 32 732 | 19 403 | 17 915 |
| 1950 | 34 831 | 27 597 | 19 626 |
| 1951 | 30 823 | 26 637 | 15 217 |
| 1952 | 33 043 | 26 055 | 19 280 |
| 1953 | 47 732 | 30 148 | 47 976 |
| 1954 | 56 212 | 29 816 | 64 400 |
| 1955 | 60 911 | 28 187 | 90 376 |

Tala for 1955 syner stor auke når det gjeld grøfting av tidlegare dyrka jord. Det er noko auke når det gjeld fulldyrking òg, men det vart overflatedyrka litt mindre areal i 1955 enn i 1953 og 1954.

Tabell 5 gjev dei same oppgåvene fylkesvis for 1954 og 1955.

Av fylka var det Hedmark som fulldyrka størst areal i 1955. Dernest kom Nordland og Troms. Overflatedyrkinga var størst på Vestlandet. Rogaland og Sogn og Fjordane står fyrst av fylka, med Nordland på tredjeplassen. Grøfting av tidlegare dyrka jord er mest vanleg på Austlandet. Serleg mykje vart det *grøfta* i Østfold og Hedmark i 1955.

Tabell 5. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

| | Fulldyrka | | Overflatedyrka | | Grøfting av tidlegare dyrka jord | |
|--------------------|-----------|----------|----------------|----------|----------------------------------|----------|
| | 1954 | 1955 | 1954 | 1955 | 1954 | 1955 |
| | Dekar | Dekar | Dekar | Dekar | Dekar | Dekar |
| Østfold | 333,0 | 669,1 | 42,1 | 35,6 | 13 746,8 | 21 196,8 |
| Akershus | 958,0 | 1 904,3 | 80,8 | 82,4 | 7 659,4 | 10 210,6 |
| Hedmark | 9 859,9 | 11 958,4 | 572,9 | 705,0 | 12 818,8 | 17 368,4 |
| Oppland | 5 369,9 | 5 711,0 | 1 856,4 | 1 629,2 | 4 780,2 | 7 709,1 |
| Buskerud | 1 052,4 | 1 116,6 | 693,3 | 848,8 | 2 159,3 | 3 372,1 |
| Vestfold | 514,9 | 493,1 | 33,8 | 52,0 | 8 099,8 | 11 635,6 |
| Telemark | 666,8 | 807,5 | 650,9 | 707,6 | 1 111,5 | 3 094,4 |
| Aust-Agder | 457,9 | 567,6 | 289,0 | 265,7 | 853,6 | 1 721,0 |
| Vest-Agder | 921,5 | 1 077,0 | 976,2 | 751,0 | 499,2 | 880,9 |
| Rogaland | 2 259,9 | 2 460,4 | 4 755,3 | 4 863,1 | 1 452,2 | 1 633,2 |
| Hordaland | 1 685,2 | 1 542,6 | 3 543,0 | 3 046,4 | 625,8 | 814,0 |
| Sogn og Fjordane . | 2 056,7 | 1 763,0 | 4 396,5 | 3 737,7 | 375,7 | 269,4 |
| Møre og Romsdal . | 4 393,7 | 3 510,4 | 3 382,8 | 2 342,3 | 1 465,4 | 1 279,1 |
| Sør-Trøndelag | 3 754,9 | 3 796,4 | 2 278,3 | 1 899,9 | 2 256,4 | 1 894,7 |
| Nord-Trøndelag ... | 4 042,8 | 5 437,5 | 1 312,2 | 1 248,6 | 3 537,4 | 3 890,4 |
| Nordland | 7 360,8 | 6 860,7 | 2 775,7 | 3 335,1 | 1 923,8 | 1 955,4 |
| Troms | 5 734,8 | 6 078,9 | 1 963,3 | 2 388,9 | 766,3 | 816,4 |
| Finmark | 4 788,8 | 5 156,9 | 213,8 | 247,5 | 268,8 | 634,1 |
| Bygdene i alt | 56 211,9 | 60 911,4 | 29 816,3 | 28 186,8 | 64 400,4 | 90 375,6 |

Maskinar og reiskapar.

Til vanleg blir det samla inn oppgåver over maskinar og reiskapar berre i samband med dei 10-årlege fullstendige jordbruksteljingane (sjå publikasjonane frå Jordbruksteljinga 1949).

Tabell 6 viser innførsla av sume landbruksmaskinar.

Tabell 6. Innførsel av landbruksmaskinar. Stk.

| | 1951 | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 |
|----------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Traktorar i jord- og skogbruk.. | 4 030 | 4 890 | 5 155 | 7 454 | 6 562 | 5 731 |
| Gjødselspreiarar | .. | .. | .. | 200 | 434 | 337 |
| Såmaskinar for hest og traktor.. | .. | .. | .. | 478 | 684 | 480 |
| Slåmaskinar for hest | 6 395 | 4 222 | 2 303 | 661 | 472 | 273 |
| Slåttestyr for traktor | | | | 2 180 | 4 148 | 3 438 |
| Sjølvbindarar | .. | .. | .. | 233 | 123 | 245 |
| Skurdtreskjarar | .. | .. | .. | 551 | 728 | 473 |
| Treskjeverk | 541 | 221 | 207 | 64 | 32 | 17 |
| Mjølke-maskinar | .. | .. | 2 474 | 3 105 | 2 162 | 2 115 |
| Separatorar | 1 449 | 200 | 400 | 348 | 303 | 246 |

Denne tabellen er no gjord noko meir detaljert enn han var tidlegare. På denne måten kjem det til syne visse karakteristiske trekk. Ein vil t. d. leggja merke til at det no blir innført få slåmaskinar for hest, medan slåttestyr for traktor spelar ein stor rolle.

I tabell 7 er det gjevi eit oversyn over innanlandsk produksjon av sume landbruksmaskinar og reiskapar.

Tabell 7. Innanlandsk produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk.

| | 1950 | 1951 | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Vanlege plogar for hest | 2 655 | 1 861 | 1 999 | 578 | 439 | 459 |
| Traktorplogar | 1 467 | 2 892 | 2 303 | 3 587 | 5 136 | 5 533 |
| Hyppeplogar og andre lette plogar.... | 965 | 536 | 445 | 1 037 | 681 | 639 |
| Fjørhorver for hest | 2 033 | 1 661 | 1 570 | 832 | 1 181 | 1 640 |
| Rullehorver for hest | 546 | 365 | 292 | 245 | 172 | 184 |
| Ugras- og mosehorver for hest | 1 071 | 1 642 | 769 | 635 | 681 | 825 |
| Andre horver for hest..... | 1 259 | 675 | 525 | 269 | 330 | 339 |
| Traktorhorver | 852 | 1 159 | 1 871 | 2 534 | 3 353 | |
| Hestehakker..... | 1 785 | 813 | 772 | 532 | 535 | 634 |
| Radreinskarar for hest | 2 053 | 2 435 | 1 462 | 1 030 | 722 | 559 |
| Radreinskarar for traktor | .. | .. | .. | .. | 828 | 477 |
| Naturgjødelspreiarar | 318 | 634 | 716 | 455 | 463 | 665 |
| Kunstmjødelspreiarar | 1 314 | 1 289 | 1 652 | 1 649 | 1 404 | 1 218 |
| Sleperiver | 7 598 | 6 638 | 3 543 | 2 866 | 2 382 | 2 334 |
| Potetopptakarar for hest | 948 | 1 251 | 907 | 835 | 717 | 630 |
| Potetopptakarar for traktor | .. | .. | .. | 140 | 530 | 147 |
| Potetplogar for hest | 1 128 | 1 489 | 1 455 | 1 222 | 1 038 | 1 331 |
| Potetsorterarar | 435 | 655 | 590 | 371 | 394 | 464 |
| Hakkemaskinar | 480 | 406 | 326 | 137 | 116 | 93 |
| Treskjeverk | 404 | 453 | 257 | 255 | 262 | 185 |
| Rotrasparar og rotskjeremaskinar | 927 | 877 | 635 | 1 294 | 1 122 | 1 122 |
| Frukttre- og ugrassprøyter | .. | 1 754 | 1 259 | 1 168 | 1 334 | 1 617 |

Mekaniseringa av jordbruket har haldi fram. Ved utgangen av 1956 vart det rekna med ca. 40 000 traktorar i landet. Av desse var ca. 5 000 2-hjuls traktorar. Talet på skurdtreskjarar er rekna til ca. 3 000.

Etter oppgaver frå Driftskredittkassen for jordbruket var det i drift 2603 maskinstasjonar pr. 1. juli 1956. Desse stasjonane hadde bortimot 3 100 traktorar, vel 3 000 plogar, knapt 3 400 horver og litt over 1 500 traktorslåmaskinar. Av meir spesielle maskinar hadde dei m. a. 215 skurdtreskjarar, 139 buldozarar, 289 grøftemaskinar og 263 kompressorar.

Jordskifte.

I tabell VI bak i boka er det teki inn nokre oppgaver over Jordskifteverket si verksemd i tida 1859–1955.

I denne tida er det slutta av vel 30 700 jordskiftesaker med 202 800 lott-eigarar. Det arealet som er skifta, svarar til 35 577 km². Av dette er 4 475 km² innmark og 31 102 km² utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir skifta utan oppmåling og kart — i 1955 såleis vel 5 100 dekar.

I tida 1859–1955 har det vori i alt 7 051 overjordskiftesaker.

Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

I. For kvar månad i veksetida (mai—september) sender landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvonenene for dei ymse jordbruks- og hagebruksvokstrar, med ei førebels utrekning av avlingsmengda ved utgangen av september.

II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgaver frå jordstyra i dei einskilde herad (frå og med 1925).

III. På grunnlag av oppgaver frå hagebruksfunksjonærane reknar Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).

I Statistiske meldinger nr. 11, 1956, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1956 på grunnlag av meldingane frå landbruksdirektøren. Melding om hagebruksavlinga — på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane — vart send ut som pressemelding 9. november 1956. Dessutan er det gjevi eit oversyn i Statistiske meldinger nr. 12, 1956. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i Statistiske meldinger nr. 1, 2 og 3 for 1957.

Jordbruket.

Tabell 8. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1956 samanlikna med 1955 og 1954.

| | Avling i tonn | | | Avling pr. dekar i prosent av medelsåret | | |
|---------------------|---------------|-----------|-----------|---|------|-------|
| | 1954 | 1955 | 1956 | 1954 | 1955 | 1956 |
| Korn og erter..... | 433 210 | 362 302 | 545 446 | 93,9 | 74,7 | 105,1 |
| Poteter | 1 129 670 | 980 648 | 1 392 375 | 91,7 | 76,7 | 104,0 |
| Førnepe | 211 358 | 187 565 | 166 418 | 95,0 | 84,3 | 86,1 |
| Kålrot | 355 836 | 291 261 | 378 215 | 88,9 | 73,5 | 99,2 |
| Førbete | 75 390 | 68 260 | 78 136 | 79,7 | 83,1 | 90,7 |
| Førmergkål | 94 499 | 49 506 | 100 761 | 92,4 | 80,5 | 98,0 |
| Høy | 3 113 679 | 2 444 469 | 2 858 577 | 105,8 | 81,5 | 97,6 |
| Halm | 608 553 | 401 554 | 666 794 | 101,4 | 67,5 | 106,5 |
| Grønfør (tørt)..... | 57 516 | 50 303 | 59 878 | 100,0 | 80,7 | 97,1 |
| I alt 1000 f.e..... | 2 149 898 | 1 717 690 | 2 229 684 | 100,6 | 78,5 | 100,6 |

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, førbete og førmergkål, 12 kg førnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønlfør. Disse omrekningfaktorane er nytta for alle åra, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Avkastninga frå beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabell 8 syner. Ein reknar at det frå beita blir teki ca. 850 mill. føreiningar årleg.

Tabell 8 syner òg avlinga pr. dekar i prosent av medelsåret. Når ein skal døma om desse prosenttala, må ein vera merksam på at nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvonenene. Det er berre den mest årsikre voksteren, høyet, som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane ligg medelprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92 prosent, og for samla avling på 95 prosent.

Tabell 9 gjev meir detaljerte oppgaver over avlinga i 1956. Tabell III bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

Vinteren 1955–56 var heller streng over heile landet. På Austlandet og Sørlandet var det små eller medels snømengder, medan det var etter måten mykje snø elles i landet.

Våren kom seint over heile Sør-Noreg. Det var mykje kald vind og tørt vør på Austlandet og i Agder, medan det elles var meir normal nedbør. I Nordland og Sør-Troms kom våren til vanleg tid, og lenger nord var våren etter måten tidleg. Over det meste av landet var det stort sett gode vilkår for våronna,

Tabell 9. Avlinga av dei einskilde jordbruksvokstrar i 1956.

| | Areal i 1956 Dekar | Avling i kg pr. dekar | Samla avling i 1956 | | Prosent av medels- år | Kvali- tet ¹ |
|---------------------------------|--------------------------|-----------------------------|------------------------|-----------|--------------------------------|----------------------------|
| | | | Tonn | 1000 f.e. | | |
| Haustkveite | 49 961 | 298,5 | 14 911 | 14 911 | 109,1 | 3,2 |
| Vårkveite | 157 476 | 260,2 | 40 976 | 40 976 | 108,2 | 3,2 |
| Haustrug | 6 680 | 286,2 | 1 912 | 1 912 | 110,5 | 3,2 |
| Vårrug | 2 468 | 225,3 | 556 | 556 | 100,0 | 3,2 |
| Bygg | 1 086 363 | 273,8 | 297 400 | 297 400 | 102,5 | 3,4 |
| Havre | 663 278 | 274,8 | 182 276 | 151 897 | 108,4 | 3,1 |
| Blandkorn | 22 320 | 288,3 | 6 434 | 5 849 | 107,8 | 3,3 |
| Erter | 3 954 | 248,2 | 981 | 981 | 105,6 | 3,4 |
| Korn og erter i alt..... | 1 992 500 | 273,7 | 545 446 | 514 482 | 105,1 | 3,3 |
| Poteter | 581 455 | 2 394,6 | 1 392 375 | 309 417 | 104,0 | 4,0 |
| Fôrnepe | 39 282 | 4 236,5 | 166 418 | 13 868 | 86,1 | 3,9 |
| Kålrot | 80 766 | 4 682,8 | 378 215 | 42 024 | 99,2 | 3,8 |
| Fôrbete | 17 135 | 4 560,0 | 78 136 | 8 682 | 90,7 | 4,2 |
| Fôrmergkål | 18 760 | 5 371,0 | 100 761 | 11 196 | 98,0 | 4,4 |
| Grønfôr (tørt)..... | 109 298 | 547,8 | 59 878 | 23 951 | 97,1 | 3,8 |
| Høy { eng på dyrka jord | 4 474 611 | 562,8 | 2 518 091 | 1 007 236 | 97,8 | 4,0 |
| frå { natureng på innmark | 842 985 | 342,6 | 288 772 | 115 509 | 96,1 | 3,8 |
| { sæterlykkjer | 110 690 | 322,3 | 35 671 | 14 269 | 93,3 | 3,4 |
| { utslåtter | 82 359 | 194,8 | 16 043 | 6 417 | 96,6 | 3,5 |
| Halm | 1 992 500 | 334,7 | 666 794 | 162 633 | 106,5 | 3,5 |
| I alt 1000 f.e. | | | | 2 229 684 | 100,6 | |

¹ Kvalitetsgradering: 5=sers god, 4=mykje god, 3=god, 2=mindre god, 1=dårleg.

men serleg i dei indre bygdene i Trøndelag vart våronna seinka på grunn av snømengdene.

I juni månad var det nokolunde eins vår over heile landet. Det var ei varmebylgje ikring 10. juni, men i det store og heile var vëret kaldt. Sist i månaden kom det snø i høgtliggjande strok. Fyrst i månaden var det svært tørt på Austlandet og i Agder, men det kom regn i tide, slik at årsvoksteren ikkje vart øydelagd. Stort sett var det meir enn normal nedbør i juni.

Det kalde vëret varde ved i Sør-Noreg i juli òg, men det kom ein bolck med varmt og drivande vår frå midten av månaden til ikring 25. juli. Det heldt fram med kaldt, rått vår i august. Solskinsdagane var få.

I Nord-Noreg var det meir normale vërtilhøve i juli og august, men på sume stader var det noko lite nedbør i juli. I Finnmark var det heller kaldt i august. Det var frostnetter i fyrstninga av månaden.

I september var vëret kaldt, med relativt mykje nedbør over heile landet.

I oktober vart vërtilhøva mykje betre over Austlandet og Sørlandet. Det vart godvêrsbolckar, slik at avlingane kom bra velberga i hus. På Vestlandet var det svært mykje nedbør. I Trøndelag og sume stader i Møre og Romsdal var det ein av dei vandasta haustane på lang tid, med stor nedbør og låg temperatur.

Samla avling (beita er haldne utanfor) er utrekna til 2 230 mill. fôreiningar. Det er den største årsavling som til dessa er utrekna. Den største avlinga tidlegare var i 1953, med 2 201 mill. f.e. I 1955 var avlinga 1 718 mill. f.e.

Avlinga i 1956 svarar til 267 fôreiningar pr. dekar. Det er rekna som 101 prosent av medelsår. I 1955 var medels avling pr. dekar 206 f.e., som vart rekna som 78,5 prosent av medelsår. I 1953 var avlinga 259 f.e. pr. dekar, rekna som 104 prosent av medelsår.

Ein må vera merksam på at utviklinga når det gjeld dyrkingsteknikk m. m., fører til at kravet til medelsårsavling pr. arealeining aukar. Når det gjeld samla avling, var medelsåret rekna til 205 f.e. pr. dekar i 1939, 232 f.e. i 1949 og 265 f.e. pr. dekar i 1956.

Avlinga av *korn og erter* er utrekna til i alt 545 000 tonn i 1956. Det er meir enn i noko år tidlegare. I 1955 var avlinga 362 000 tonn og som medel for åra 1945–1950 ca. 340 000 tonn. Kornarealet har auka dei siste åra. Ved sida av dette, var avlinga pr. dekar uvanleg stor i 1956, både absolutt og relativt. I medel gav kornet 274 kg pr. dekar. Det vart rekna som 105 prosent av medelsår.

Det var serleg Austlandet som fekk store kornavlingar i 1956, opp til 120 prosent av medelsår i sume fylke. Agder og Vestlandet fekk knapt medels kornavling. Nordafjells vart avlingane dårlege. Serleg ille var det i Sør-Trøndelag, der det berre vart 64 prosent av medelsår.

Kvaliteten av kornet var dårlegare enn i 1955. Det hadde relativt stort vassinnhald. Grodde korn gjorde òg sitt til å setja ned kvaliteten. Noko korn vart hausta som grønfôr på grunn av legde og sein mogning. Stort sett var kvaliteten dårlegast nordafjells, der bergingstilhøva var vandast.

For heile landet under eitt gav vårkveiten 260 kg pr. dekar. Det var 108 prosent av medelsår. I 1955 var avlinga 169 kg pr. dekar — 73 prosent av medelsår. Bygdene på Austlandet fekk sers store avlingar. Jamt over fekk dei mellom 100 og 120 prosent av medelsår, og sume bygder fekk meir. Fylkesvis ymsa prosenttala mellom 112 og 117 i Vestfold, Østfold og Akershus, og mellom 104 og 109 på Austlandet elles og i Rogaland. Trøndelag fekk berre 73–80 prosent av medelsår.

Haustkveiten gjer seg mest gjeldande i Østfold. Avlingane var meir ujamne enn vårkveiteavlingane, men som medeltal for heile landet gav haustkveiten 299 kg pr. dekar, rekna som 109 prosent av medelsår.

Samla kveiteavling i 1956 var 55 900 tonn mot 31 800 tonn i 1955. I perioden 1945–1950 var den årlege kveiteavlinga ca. 70 000 tonn. Kveitearealet var større då.

Vårrug gav medelsårsavling i 1956 og haustrug 111 prosent. Samla rugavling i 1956 var 2 500 tonn.

I medel for heile landet gav bygget 274 kg korn pr. dekar. Det var knapt 103 prosent av medelsår. I 1955 var avlinga 207 kg pr. dekar og svara til 80 prosent av medelsår. Bygget òg slo relativt best til over Austlandet. Østfold, Akershus, Buskerud og Vestfold fekk 118–128 prosent av medelsår og Hedmark, Oppland og Telemark 105–106 prosent. Agder og Vestlandet fekk knapt medelsårsavling, bortsett frå Møre og Romsdal, der det berre vart 83 prosent. Også byggavlingane vart dårlege nordafjells. I Sør-Trøndelag svara dei såleis til 65 prosent av medelsår og i Nord-Trøndelag til 71 prosent. Då byggdyrkinga har ein brei plass i Trøndelag, har dei relativt små avlingane der gjort mykje til å dra ned medeltalet for heile landet. Samla byggavling i 1956 er utrekna til 297 000 tonn. I 1955 var avlinga 209 000 tonn. I åra før krigen var den årlege byggavlinga noko over 100 000 tonn. Byggarealet har auka mykje dei siste åra.

Havren gav 275 kg pr. dekar i 1956 — heile landet sett under eitt. Det var 108 prosent av medelsår. Avlingane vart relativt størst på Austlandet, men med større variasjonar fylkesvis enn for bygget. I Østfold vart det 121 prosent av medelsår, og i Akershus, Buskerud og Vestfold 110–116 prosent. Telemark fekk vel medelsårsavling, medan det vart knapt medelsår i Hedmark og Oppland. I Rogaland òg låg avlinga nær medelsåret. Elles i landet var det dårlegare. Trøndelag fekk relativt små havreavlingar, Sør-Trøndelag 60 og Nord-Trøndelag 68 prosent av medelsår. Samla havreavling for heile landet vart 182 000 tonn i 1956 mot 114 000 tonn i 1955. Havrearealet var mindre i 1956 enn i 1955.

Det var noko frostskaide på både bygg og havre i utsette strok. Det gjorde seg mest gjeldande i Nord-Østerdal og Trøndelag. Noko vart slegi som grønfør, og mange stader var den kornavlinga som kom i hus, ikkje skikka til såkorn.

Blandkornet gav 288 kg pr. dekar. Det var 108 prosent av medelsår. For erter til mogning var avlinga 248 kg pr. dekar, rekna som 106 prosent av medelsår. Areala er små, og avlingsoppgåvene er få og usikre.

Halmavlinga vart stor i 1956. I medel for landet vart det 335 kg halm pr. dekar, eller knapt 107 prosent av medelsår. Kvaliteten vart delvis mindre god. Noko halm blir brend eller nedpløgd, men etter kvart blir meir og meir av förhalmen luta.

Potetavlinga i 1956 er ei av dei største landet har hatt. Totalavlinga er utrekna til 1 392 000 tonn. Avlinga pr. dekar var 2 395 kg. Det er 104 prosent av medelsår. I 1955 var avlinga pr. dekar 1 748 kg eller 77 prosent av medelsår. Det året var totalavlinga 981 000 tonn. I 1948, då potetarealet var større, vart avlinga 1 454 000 tonn. Det òg var eit godt avlingsår, med 2 242 kg pr. dekar og 104 prosent av medelsåret.

Det var jamt gode potetavlingar i storparten av distrikta sønnafjells. Ein-skilde stader vart det små avlingar på grunn av frostskaide, serleg i nordre Østerdal. Elles var det få bygder som ikkje fekk full medelsårsavling. I mange bygder, serleg på Austlandet, var dei oppe i 120 prosent og vel så det. Dei einskilde fylke på Austlandet fekk mellom 108 og 122 prosent av medelsår. I Agder og på Vestlandet til og med Sunnmøre låg avlingane jamt over på 100–110 prosent av medelsår.

Nordafjells var potetavlingane ujamne og til dels sers små. Det var serleg mykje frostskaide i Trøndelag. I Sør-Trøndelag gav potetene berre 71 prosent av medelsår og i Nord-Trøndelag 77 prosent. I Nord-Noreg ymsa potetavlingane heller mykje. Mange bygder fekk full medelsårsavling, men andre stader gjorde tørke og frostskaide sitt til å redusera avlingane. Nordland fekk 85 prosent av medelsår, medan Troms nådde opp i 99 prosent.

Kvaliteten av potetavlinga i 1956 var stort sett mykje god. Det var lite sjukdom i veksetida. Åtak av tørr-røt har til dels vori merkande etter opptakinga.

Rotvokstrar og förmergkål gav ei samla avling på 723 000 tonn i 1956. Dette er rekna som 95 prosent av medelsår. I 1955 var totalavlinga 597 000 tonn. Det var Trøndelag som fekk relativt minst avlingar, men sume fylke på Austlandet og i Nord-Noreg nådde heller ikkje opp i medelsårsavling.

For heile landet sett under eitt gav förnepe 4 236 kg pr. dekar. Det er rekna som 86 prosent av medelsår. Dei store förnepeareala i Trøndelag er ei av årsakene til at dette prosenttalet ligg så lågt. Kålrota gav 4 683 kg pr. dekar. Det var 99 prosent av medelsår. Dei fleste fylka sønnafjells fekk mellom 94 og 110 prosent av medelsår. I Trøndelag vart det berre ca. 75 prosent. Förbetene gav ujamne avlingar. For heile landet under eitt vart det 4 560 kg pr. dekar eller 91 prosent av medelsår. Förmergkålen gav 5 371 kg pr. dekar, rekna som 98 prosent av medelsår. Arealet til förmergkål var heller stort i 1956. Sume stader vart rotvokstrane sett mykje tilbake av tørke fyrst på sumaren. Det kalde vëret og insekt-åtak gjorde òg sitt.

Grønføret gav ei samla avling på 60 000 tonn. Det vart 548 kg pr. dekar og 97 prosent av medelsår.

Høyavlinga er utrekna til 2 859 000 tonn i 1956. I 1955 var avlinga 2 444 000 tonn. I 1953 og 1954 var høyavlinga over 3,1 mill. tonn. Engareala til slått har i det siste gått tilbake frå år til år. Siste år var det ein reduksjon på knapt 90 000 dekar.

Det var stort sett gode vilkår for engvokstrane i 1956, men avlingane vart likevel noko ujamne. Mange stader var fyrsteårsenga noko tunn på grunn av

tørken i 1955. Mykje eng var òg skadd av isbrann. Det gjorde seg serleg gjeldande i Troms, men òg sør i landet.

For heile landet under eitt gav eng på dyrka jord 563 kg høy pr. dekar. Det var 98 prosent av medelsår. I 1955 var avlinga 473 kg pr. dekar og 81 prosent av medelsår. Over store delar av Austlandet var avlingane noko ujamne, og dei fleste fylka fekk noko under medelsårsavling. I Østfold og Vestfold vart det jamt gode avlingar, med 5–6 prosent over medelsår. Også Vest-Agder og Rogaland fekk over medelsårsavl. Mykje av Vestlandet elles, og Trøndelag og Nordland fekk knapt medelsårsavling. I Troms var høyavlingane ujamne. Fylket fekk vel 90 prosent av medelsår. I Finnmark vart det 95 prosent.

Natureng på innmark gav 343 kg høy pr. dekar for heile landet, sett under eitt. Det var 96 prosent av medelsår. I 1955 var det 291 kg pr. dekar og 83 prosent av medelsår. I dei fleste fylke låg avlinga mellom 95 og 100 prosent av medelsår i 1956. Avlingstala var etter måten små i dalbygdene i Oppland og i sume delar av Troms og Finnmark.

Sæterlykkjene gav 322 kg pr. dekar i 1956. Det vart rekna som 93 prosent av medelsår. Utslåttene gav 97 prosent av medelsår. Avlinga pr. dekar var 195 kg.

Trass i det regnfulle vêret kom høyet nokolunde velberga i hus. Noko høy som vart slegi seint, vart likevel mykje skadd av regnet. Dette gjorde seg serleg gjeldande i dal- og fjellbygdene på Austlandet, i dei indre bygdene i Trøndelag og i Finnmark. I det store og heile vart kvaliteten dårlegast for høy frå sæterlykkjer og utslåtter.

Tabell 10 gjev eit oversyn over samla avling i jordbruket i dei einskilde fylke for dei tre siste åra, og medeltal for 1936–1940.

Tabell 10. Avlinga i jordbruket rekna i 1000 f.e.

| | Avling i 1000 f.e. | | | | I prosent av medelsår | | |
|------------------------|------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------------------|------|-------|
| | 1936–1940 ¹ | 1954 | 1955 | 1956 | 1954 | 1955 | 1956 |
| Østfold | 146 438 | 168 659 | 103 377 | 204 348 | 100,4 | 60,4 | 115,1 |
| Akershus | 171 619 | 182 077 | 119 570 | 210 037 | 98,3 | 64,3 | 110,7 |
| Hedmark | 192 612 | 228 757 | 187 243 | 249 158 | 98,7 | 79,3 | 102,3 |
| Oppland | 170 604 | 200 897 | 157 271 | 217 059 | 99,6 | 74,6 | 101,2 |
| Buskerud | 96 736 | 109 401 | 72 635 | 116 112 | 105,8 | 68,0 | 107,0 |
| Vestfold | 100 250 | 112 430 | 74 138 | 135 384 | 97,9 | 61,9 | 112,7 |
| Telemark | 62 067 | 64 264 | 46 284 | 65 986 | 104,1 | 71,8 | 101,0 |
| Aust-Agder | 31 630 | 31 520 | 24 380 | 33 230 | 94,5 | 76,8 | 98,6 |
| Vest-Agder | 39 591 | 41 083 | 34 827 | 42 337 | 93,1 | 79,9 | 101,7 |
| Rogaland | 105 719 | 125 765 | 123 025 | 144 733 | 94,3 | 90,4 | 102,4 |
| Hordaland | 85 756 | 91 549 | 86 074 | 95 309 | 94,5 | 86,7 | 99,6 |
| Sogn og Fjordane | 73 749 | 89 408 | 79 018 | 92 660 | 97,9 | 81,7 | 96,5 |
| Møre og Romsdal | 103 019 | 133 879 | 112 801 | 117 375 | 103,2 | 86,4 | 92,5 |
| Sør-Trøndelag | 140 667 | 163 566 | 145 753 | 140 563 | 103,2 | 90,4 | 87,2 |
| Nord-Trøndelag | 133 638 | 165 866 | 155 834 | 146 094 | 103,2 | 95,9 | 85,9 |
| Nordland | 106 447 | 136 373 | 111 896 | 127 583 | 107,4 | 84,5 | 96,7 |
| Troms | 49 184 | 84 455 | 67 462 | 73 524 | 109,8 | 83,6 | 92,9 |
| Finnmark | 9 114 | 19 949 | 16 102 | 18 192 | 107,2 | 84,4 | 93,4 |
| Bygdene i alt | 1 818 840 | 2 149 898 | 1 717 690 | 2 229 684 | 100,6 | 78,5 | 100,6 |

¹ Utan grønfør, forbeter og førmergkål.

Tabell 11 gjev oversyn over avling pr. dekar av dei ymse vokstrar for heile landet under eitt i tida 1925–1956.

Tabell 11. Avling i kg pr. dekar.

| | Kveite | Rug | Bygg | Havre | Blandkorn | Poteter | Førnepe | Kålrot | Høy frå | |
|----------------|--------|-----|------|-------|-----------|---------|---------|--------|-------------------|--------------------|
| | | | | | | | | | eng på dyrka jord | natur-eng på innm. |
| 1925—1929..... | 171 | 173 | 187 | 187 | 197 | 1 777 | 3 985 | 3 509 | 422 | 222 |
| 1930—1934..... | 167 | 177 | 189 | 186 | 191 | 1 800 | 3 920 | 3 652 | 417 | 230 |
| 1935—1939..... | 202 | 194 | 206 | 219 | 224 | 1 736 | 3 920 | 3 561 | 459 | 226 |
| 1940—1944..... | 167 | 174 | 182 | 177 | 199 | 1 709 | 3 759 | 3 282 | 398 | 217 |
| 1945—1949..... | 199 | 190 | 218 | 209 | 229 | 1 879 | 3 765 | 3 202 | 494 | 275 |
| 1949..... | 217 | 208 | 216 | 215 | 248 | 1 887 | 4 104 | 3 923 | 547 | 299 |
| 1950..... | 209 | 214 | 237 | 231 | 250 | 1 892 | 4 270 | 4 166 | 578 | 314 |
| 1951..... | 165 | 185 | 224 | 220 | 230 | 1 735 | 3 839 | 3 848 | 505 | 279 |
| 1952..... | 193 | 214 | 231 | 201 | 231 | 2 049 | 4 206 | 4 199 | 550 | 310 |
| 1953..... | 225 | 221 | 254 | 248 | 258 | 2 225 | 5 284 | 5 081 | 590 | 322 |
| 1954..... | 205 | 219 | 240 | 228 | 245 | 2 072 | 4 756 | 4 188 | 595 | 339 |
| 1955..... | 174 | 197 | 207 | 167 | 193 | 1 748 | 4 139 | 3 498 | 473 | 291 |
| 1956..... | 269 | 270 | 274 | 275 | 288 | 2 395 | 4 237 | 4 683 | 563 | 343 |

Hagebruket.

Utrekningar over hagebruksavlinga har ein for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka noko. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før (sjå Jordbruksstatistikk 1950).

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einskilde grønsakslag, er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifisering har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakareala som er med i utrekninga, svara i 1949 til ca. 75 prosent av heile grønsakarealet (lauken er då rekna med). Om lag 23 prosent fall på «kjøkenhagane», og ca. 2 prosent var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær derimot er utrekninga fullstendig, og tek også med byane. Avlingsoppgåvene skal for alle voksterslag gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet, eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er rekna med dei ymse slag i høve til det arealet dei blir dyrka på i distriktet. Av tomatane reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kålrota til fôr, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje det er som blir nytta til mat.

Tabell 12 viser utrekna avling i 1956 samanlikna med 1955.

Frukttrea kom seint i blom våren 1956. Bløminga var rik, men vëret var mindre lagleg, og det vart noko ujamn kartsetjing. Vêrtilhøva utover sumaren førde til sein utvikling og mykje småfrukt av mindre god kvalitet. Det var heller lite skurv på frukta dette året.

Fruktavlinga er utrekna til 94 900 tonn i 1956 mot 67 400 tonn i 1955. I 1954 var avlinga 95 600 tonn.

Tabell 12. Avlinga i hagebruket i 1956 samanlikna med 1955.

| | Talet på tre og buskar, areal i dekar, m ² 1956 | | Medels-årsavling pr. eining Kg | Samla medels-årsavling Tonn | Avling i 1956 i pct. av medels-årsavling | Samla avling | |
|---|--|------------------------|-----------------------------------|--------------------------------|--|--------------|--------|
| | I pct. av 1949 | Utrekna abso-lutte tal | | | | 1955 | 1956 |
| | | | Tonn | | | | |
| | Tre: | | | | | | |
| Eple, sumar- og haust- » vinter- | 119,5 | 1 076 261 | 20 | 21 525 | 104,1 | 16 119 | 22 403 |
| Pærer | 132,6 | 1 921 989 | 20 | 38 440 | 115,0 | 27 787 | 44 207 |
| Plomer | 112,8 | 406 220 | 22 | 8 937 | 74,8 | 9 032 | 6 687 |
| Kirsebær og morellar . | 120,8 | 897 690 | 16 | 14 363 | 116,3 | 10 665 | 16 699 |
| | 103,4 | 379 626 | 12 | 4 556 | 107,9 | 3 826 | 4 917 |
| | Buskar: | | | | | | |
| Rips | 111,7 | 1 865 917 | 6 | 11 196 | 102,9 | 9 982 | 11 518 |
| Stikkelsbær | 118,5 | 1 130 372 | 4 | 4 521 | 104,9 | 4 042 | 4 741 |
| Solbær | 131,4 | 1 802 290 | 3 | 5 407 | 102,1 | 3 344 | 5 521 |
| | Dekar: | | | | | | |
| Jordbær | 118,1 | 11 236 | 500 | 5 618 | 78,1 | 3 711 | 4 390 |
| Bringebær | 111,3 | 5 653 | 450 | 2 544 | 86,9 | 1 416 | 2 211 |
| Kål | 142,8 | 21 882 | 3 200 | 70 024 | 110,2 | 54 989 | 77 189 |
| Gulrot | 139,2 | 12 563 | 2 800 | 35 176 | 114,3 | 31 146 | 40 190 |
| Bønner | 135,5 | 1 008 | 650 | 655 | 84,4 | 682 | 553 |
| Hageerter | 274,5 | 5 039 | 650 | 3 276 | 118,0 | 2 116 | 3 865 |
| Matlauk | 151,0 | 2 570 | 2 000 | 5 139 | 107,5 | 3 703 | 5 524 |
| Purre | 134,3 | 828 | 2 500 | 2 071 | 108,6 | 2 227 | 2 249 |
| Selleri | 122,1 | 616 | 1 500 | 924 | 99,4 | 795 | 918 |
| Persillerot | 109,3 | 186 | 1 200 | 223 | 108,9 | 323 | 243 |
| Rabarbra | 98,1 | 517 | 4 000 | 2 066 | 100,6 | 1 886 | 2 077 |
| Agurkar på friland... | 129,8 | 2 103 | 500 | 1 052 | 61,0 | 1 178 | 641 |
| Tomatar på friland... | 57,2 | 288 | 1 000 | 288 | 55,5 | 286 | 160 |
| | m ² | | | | | | |
| Agurkar under glas ... | 153,7 | 161 029 | 15 | 2 415 | 103,0 | 2 281 | 2 488 |
| Tomatar under glas .. | 186,2 | 668 737 | 12 | 8 025 | 106,5 | 8 212 | 8 547 |

Avlinga av sumar- og hausteple er rekna til 22 400 tonn eller 104 prosent av medelsår. I 1955 var avlinga 16 100 tonn, som då var 77 prosent av medelsår. Avlinga var relativt best i Vestfold, der dei fekk 125 prosent av medelsår. I Hedmark og Agder var dei oppe i 120 prosent. Hordaland fekk knapt medelsår. I Trøndelag vart det dårleg avling, og i Nordland fekk dei berre tiandeparten av medelsår.

Avlinga av vintereple er utrekna til 44 200 tonn. Det var 115 prosent av medelsår. I 1955 gav vinterepla 27 800 tonn, som var 74 prosent av medelsår. I Buskerud og Vest-Agder vart det 130 prosent av medelsår i 1956, og i Vestfold og Sogn og Fjordane fekk dei 125 prosent. I Trøndelag vart det dårleg avling av vintereple òg.

Pærene slo dårleg til i 1956. Dei gav 75 prosent av medelsår, og avlinga er utrekna til 6 700 tonn. Året før var det pærene som gav relativt best avling — 9 000 tonn og 102 prosent av medelsår. I 1956 var det Østfold som fekk relativt best pærevling med 105 prosent av medelsår. Elles var det fire andre fylke som nådde opp i medelsår. Dei fylka som har flest pæretre — Hordaland og Sogn

og Fjordane — fekk berre 50—60 prosent av medelsår, men desse to fylka hadde serleg rik pærehaust i 1955.

Plomeavlinga er rekna til 16 700 tonn i 1956. Dette var 116 prosent av medelsår. I 1955 gav plomene 10 700 tonn, som var 77 prosent av medelsår. I Buskerud gav plomene 150 prosent av medelsår i 1956. Elles var det fleire fylke som fekk 130 prosent eller meir. I Rogaland, der talet på plometre er større enn i noko anna fylke, fekk dei berre 80 prosent av medelsår, og i Trøndelag vart det ikkje meir enn 70 prosent.

Kirsebær og morellar gav i alt 4 900 tonn — 108 prosent av medelsår. I 1955 gav dei 3 800 tonn eller 85 prosent. I Buskerud vart det 140 prosent av medelsår og i Vestfold 125 prosent. Dei fleste fylka fekk 100—110 prosent, men i Møre og Romsdal og Trøndelag vart det berre 60—70 prosent.

Samla *bæravling* er utrekna til 28 400 tonn i 1956, mot 22 500 tonn i 1955 og 27 800 tonn i 1954. Stikkelsbæra slo best til med 105 prosent av medelsår. I Østfold og Møre og Romsdal gav stikkelsbæra 120 prosent. Dei fleste fylka fekk 100—110 prosent. Hedmark nådde ikkje heilt opp til medelsåret, og i Nord-Trøndelag og Nord-Noreg var avlinga heller dårleg. Ripsen gav 103 prosent av medelsår. I Møre og Romsdal vart det 120 prosent, medan dei fleste fylke fekk medelsårsavling. Det vart 102 prosent av medelsår for solbær. Rogaland og Møre og Romsdal fekk 120 prosent. Solbæra slo ikkje så godt til på Austlandet som elles i landet. I Hedmark vart det berre 50 prosent av medelsår, og fleire av dei andre fylka på Austlandet nådde heller ikkje opp i fullt medelsår. Bringe-bær og jordbær gav etter måten lita avling. Bringe-bæravlinga var 87 prosent av medelsår. Hordaland fekk 105 prosent. Elles var det berre 3 andre fylke som nådde opp i medelsår. I Trøndelag vart det berre 70 prosent, og Hedmark nådde ikkje lenger enn til 60 prosent av medelsår. Jordbæra gav berre 78 prosent av medelsår. I Møre og Romsdal fekk dei 120 prosent. Østfold, Aust-Agder, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag fekk medelsårsavling. Elles var 70—90 prosent det vanlegaste, men Hedmark fekk ikkje meir enn 40 prosent av medelsår. Av samla bæravling i 1956 var 11 500 tonn rips, 5 500 tonn solbær, 4 700 tonn stikkelsbær, 4 400 tonn jordbær og 2 200 tonn bringebær.

Avlinga av *grønsaker på friland* er for 1956 utrekna til bortimot 134 000 tonn mot vel 99 000 tonn i 1955. Grønsakarealet har auka noko dei siste åra. Dei tidlege grønssakene vart seinka noko av det relativt kalde vëret, og på Austlandet gjorde tørken fyrst på sumaren sitt til å setja dei tilbake. Sumaren var for kald for slike vokstrar som krev mykje varme, t. d. agurkar og tomatar på friland.

Av samla grønssakavling i 1956 fall 77 000 tonn på kål. Kålen gav 110 prosent av medelsår. Fleire fylke nådde opp i 120 prosent eller vel så det, men det var nokre fylke som ikkje nådde opp i medelsårsavling. Sør-Trøndelag fekk såleis berre 70 prosent. Gulrotavlinga er utrekna til 40 000 tonn, 114 prosent av medelsår. I Rogaland og Møre og Romsdal vart det 130 prosent. Berre i Sør-Trøndelag og Finnmark vart det mindre enn medelsår, men dei nådde opp i 90 prosent. Bønnene gav 84 prosent av medelsår. Berre Aust-Agder fekk full medelsårsavling. Dei fleste fylka elles fekk mellom 70 og 90 prosent. Hagerter slo godt til og gav 118 prosent av medelsår. I Østfold og Aust-Agder vart det 130 prosent. Dei fleste fylka fekk medelsårsavling eller vel det. Matlauken gav 108 prosent av medelsår. Best slo han til i Vest-Agder og Rogaland, der han gav 120 prosent. Berre tre fylke nådde ikkje full medelsårsavling, men ingen av dei fekk mindre enn 90 prosent. Purren slo godt til og gav jamne avlingar over heile landet, 109 prosent av medelsår. Det vart relativt best avling i Østfold med 115 prosent, og ikkje noko fylke fekk mindre enn 90 prosent av medelsår. Selleri gav knapt medelsårsavling i 1956, medan persillerot gav 109 prosent av

medelsår. Rabarbraavlinga svara til 101 prosent av medelsår — med små variasjonar fylkesvis. Agurkar på friland gav lita avling, berre 61 prosent av medelsår. Avlingane var ujamne, men ikkje noko fylke nådde opp i medelsårsavling. Tomatar på friland gav ikkje meir enn 56 prosent av medelsår. Det var sterke variasjonar fylkesvis, men ikkje noko fylke fekk meir enn 80 prosent.

Agurk og tomat under glas gav noko over medelsårsavling — 103 og 107 prosent. Det var Rogaland som fekk relativt best avlingar med 115 prosent av medelsår. Elles var avlingane bra jamne. Dei fleste fylka fekk mellom 90 og 110 prosent av medelsår. Avlinga av agurkar under glas er utrekna til 2 500 tonn og tomatavlinga til 8 500 tonn.

Tabell 13 gjev eit oversyn over hagebruksavlinga i åra 1950–1956.

Tabell 13. Avlinga i hagebruket. Tonn.

| | Frukt | Bær | Grønsaker |
|------------|--------|--------|-----------|
| 1950 | 87 086 | 26 269 | 105 822 |
| 1951 | 62 581 | 24 266 | 93 167 |
| 1952 | 69 138 | 25 008 | 98 914 |
| 1953 | 46 691 | 26 578 | 148 819 |
| 1954 | 95 581 | 27 766 | 105 686 |
| 1955 | 67 428 | 22 496 | 109 825 |
| 1956 | 94 913 | 28 381 | 144 644 |

Tabell IV bak i boka viser avlinga av dei ymse hagebruksvokstrar i dei einskilde fylke.

Bruken av kunstgjødsel og kraftfôr.

Innhaldet av fosfor og kalium i gjødsel skal ein (sidan 1. juli 1947) gjeva opp som prosentinnhaldet av grunnstoffa fosfor (P) og kalium (K). Dette er i samsvar med den nemninga ein nyttar for kvæve (N). Etter kongeleg resolusjon av 18. april 1947 om handel med kraftfôr og kunstgjødsel gjeld dette for all offentlig landbruksverksemd.

Tabell 14. Forbruk av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

| | Kvæve (N) | Fosfor (P) | Kalium (K) |
|------------|--------------|---------------|---------------|
| 1939 | 10 270 | 6 464 | 12 305 |
| 1949 | 25 216 | 14 108 | 35 056 |
| 1950 | 36 864 | 16 171 | 41 837 |
| 1951 | 30 699 | 14 949 | 34 433 |
| 1952 | 33 397 | 15 490 | 37 378 |
| 1953 | 36 009 | 16 558 | 39 639 |
| 1954 | 34 078 | 16 252 | 38 826 |
| 1955 | 35 242 | 15 832 | 38 757 |
| 1956 | 37 936 | 16 047 | 41 091 |

Tala i tabell 14 byggjer på dei omsette mengder i dei innkjøpsperiodane som svarar til dei respektive forbruksår. Pris og vèrtilhøva og andre årsaker kan føra til at ein del kunstgjødsel som er kjøpt med tanke på bruk eitt år, fyrst

blir nytta året etter. Forbruket av kvæve og kalium var noko større i 1956 enn i 1955, medan det ikkje var nemnande auke i forbruket av fosfor. I høve til 1949 er det ein auke på 50 prosent for kvæve, 17 prosent for kalium og 14 prosent for fosfor.

Tabell 15. Innførsel av kraftfôr i tonn (heil kveite, rug, bygg og havre til fôr ikkje rekna med).

| | Mais | Kli | Eggekveite- rikt (olje- mjøl o. l.) | Andre kraft- fôremne | Til saman |
|------------|---------|--------|---|-------------------------|-----------|
| 1939 | 148 129 | 59 269 | 97 067 | 24 728 | 329 193 |
| 1949 | 135 111 | 2 914 | 30 546 | 21 742 | 190 313 |
| 1950 | 131 208 | 1 499 | 76 433 | 39 677 | 248 817 |
| 1951 | 53 074 | — | 46 | 36 348 | 89 468 |
| 1952 | 93 698 | — | 14 143 | 48 998 | 156 839 |
| 1953 | 105 902 | — | 48 910 | 24 503 | 179 315 |
| 1954 | 49 699 | 170 | 52 008 | 45 695 | 147 572 |
| 1955 | 89 194 | 361 | 82 389 | 80 029 | 251 973 |
| 1956 | 58 595 | 222 | 99 421 | 121 809 | 280 047 |

Innførsla av reine kraftfôremne har auka frå ca. 150 000 tonn i 1954 til vel 250 000 tonn i 1955 og ca. 280 000 tonn i 1956. Serleg stor auke har det vori for «andre kraftfôremne». Det meste av dette er durra.

I tillegg til dette vart det i 1956 innført ca. 90 000 tonn fôrkorn av kveite, bygg og havre. Omsetnaden av norsk fôrkorn, mest bygg, kom dette året opp i over 100 000 tonn. Dessutan var det ein omsetnad av ca. 190 000 tonn kraftfôr, som var produsert innanlands. Det meste av dette var sildmjøl (ca. 50 000 tonn), oljemjøl (57 000 tonn) og kli og gris (ca. 60 000 tonn). Ein del av dette vart produsert av innførde råemne. Innførsla av oljefrø o. l. til oljemylnene var 99 000 tonn i 1956. Samla kraftfôromsetnad til grossist kom opp i 663 000 tonn i 1956, mot 563 000 tonn i 1955. Det var stor omsetnad i siste halvår 1955, og det vart omsett serleg mykje i fyrste halvår 1956. Reknar ein med rekneskapsåret 1955-56, kom omsetnaden såleis opp i over 700 000 tonn.

Tabell 16 gjev eit oversyn over kraftfôromsetnaden etter oppgåver frå Statens Kornforretning.

Tabell 16. Kraftfôromsetnaden til grossist (i tonn).

| | Kolhydratrikt | | Eggekveiterikt | | Til saman |
|---------------|---------------|--|----------------|---------------------|-----------|
| | I alt | Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til fôr | I alt | Av dette sildmjøl | |
| 1939-40 | 299 219 | 40 724 | 173 503 | ¹ 26 874 | 472 722 |
| 1948-49 | 217 377 | 36 463 | 142 744 | 74 705 | 360 121 |
| 1949-50 | 328 704 | 73 796 | 197 560 | 79 108 | 526 264 |
| 1950-51 | 235 854 | 45 237 | 112 396 | 45 483 | 348 250 |
| 1951-52 | 282 482 | 73 231 | 139 446 | 62 959 | 421 928 |
| 1952-53 | 289 878 | 109 280 | 138 645 | 51 536 | 428 523 |
| 1953-54 | 231 637 | 99 104 | 164 107 | 62 829 | 395 744 |
| 1954-55 | 316 258 | 108 676 | 180 312 | 51 819 | 496 570 |
| 1955-56 | 472 648 | 153 212 | 235 023 | 49 316 | 707 671 |

¹ Gjeld også fiskemjøl i 1939-40.

Tabell 17 syner omsetnaden månadsvis for dei to siste åra til grossist, og samla omsetnad frå grossist.

Tabell 17. Kraftfôromsetnaden i dei einiskilde månader i 1955 og 1956 (i tonn).

| | Omsetnad til grossist | | | | | Omsetnad frå grossist I alt |
|-----------------|-----------------------|--------------------|----------------------------|----------------------|----------------------|--------------------------------------|
| | Eggekvikterikt | | Kolhydratrikt ² | | I alt | |
| | Innført | Norsk ¹ | Innført | Norsk ¹ | | |
| 1955 | | | | | | |
| Januar | 2 747 | 10 982 | 14 098 | 12 857 | 40 684 | 46 558 |
| Februar | 8 663 | 13 397 | 11 902 | 10 785 | 44 747 | 41 858 |
| Mars | 7 993 | 14 482 | 35 350 | 13 353 | 71 178 | 53 069 |
| April | 8 356 | 11 068 | 2 838 | 9 037 | 31 299 | 55 166 |
| Mai | 1 423 | 10 348 | 13 221 | 8 391 | 33 383 | 49 531 |
| Juni | 4 928 | 10 405 | 16 882 | 10 657 | 42 872 | 39 839 |
| Juli | 3 733 | 3 774 | 18 321 | 6 719 | 32 547 | 33 040 |
| August | 8 283 | 7 250 | 30 315 | 8 196 | 54 044 | 41 146 |
| September | 4 047 | 8 103 | 16 230 | 12 218 | 40 598 | 39 373 |
| Oktober | 10 462 | 8 760 | 45 520 | 14 108 | 78 850 | 50 438 |
| November | 7 676 | 7 692 | 12 784 | 13 648 | 41 800 | 53 192 |
| Desember | 13 963 | 9 436 | 17 879 | 9 791 | 51 069 | 55 070 |
| Året | 82 274 | 115 697 | 235 340 | 129 760 | 563 071 | 558 280 |
| 1956 | | | | | | |
| Januar | 9 352 | 9 873 | 23 052 | 11 588 | 53 865 | 62 308 |
| Februar | 17 908 | 13 250 | 46 103 | 9 925 | 87 186 | 62 876 |
| Mars | 16 597 | 12 855 | 54 498 | 9 235 | 93 185 | 66 988 |
| April | 12 281 | 11 883 | 44 347 | 11 435 | 79 946 | 87 207 |
| Mai | 15 546 | 8 479 | 27 370 | 8 503 | 59 898 | 48 848 |
| Juni | 3 979 | 9 841 | 12 122 | 8 485 | 34 427 | 46 444 |
| Juli | — | 5 900 | 32 522 | 5 310 | 43 732 | 31 118 |
| August | — | 6 644 | 3 236 | 7 498 | 17 378 | 38 493 |
| September | — | 7 463 | 14 413 | 10 876 | 32 752 | 37 279 |
| Oktober | 3 332 | 8 533 | 3 206 | 32 914 | 47 985 | 44 582 |
| November | 9 236 | 10 424 | 402 | 36 730 | 56 792 | 51 086 |
| Desember | 11 152 | 10 526 | 8 588 | 19 662 | 49 928 | 36 633 |
| Året | 99 383 | 115 671 | 269 859 | ³ 177 695 | ³ 662 608 | 613 862 |

¹ Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne. Frå 1. juli 1955 er sal av kraftfôr frå bygdemylnene teki med.

² Heil kveite, rug, havre og bygg til fôr er rekna med.

³ 5 534 tonn utanom månadsoppgåvene er rekna med.

I første halvåret av 1956 var kraftfôret rasjonert etter dei same retningsliner som i åra før, men på grunn av tørken i 1955 vart det gjevi ekstrarasjonar vinteren 1955–56.

Frå 1. juli 1956 vart det slutt på kraftfôrrasjoneringa. Prisane på kraftfôret vart då auka, samstundes som eit rabattsystem vart gjort gjeldande. Bruk med over 10 dekar jordbruksareal fekk rett til kjøp av kraftfôr etter redusert pris. Tilvising for slikt kjøp vart gjevi i samsvar med jordbruksarealet og dyretalet på bruket. Dei kraftfôrmengder som kunne kjøpast på denne måten, svarta for mjølkekyrne om lag til dei tidlegare kraftfôrrasjonar. For svin og høns vart satsane for tilvising av kraftfôr til redusert pris sette relativt lågt. Satsane pr. dyr er avmåta etter bruksgrupper, slik at dei blir mindre med aukande storleik på bruka. Prisreduksjonen vart dessutan avgrensa til 120 kg kraftfôr årleg pr. dekar jordbruksareal som blir drivi i samband med husdyrhald. I bolken om prisar lenger ut i boka er det gjevi ein noko breiare omtale av kraftfôrprisane.

Husdyrhaldet.

Tabell 18 viser talet på husdyr i åra 1949–1956 samanlikna med 1939.

Tabell 18. Talet på husdyr pr. 20. juni. Bygdene i alt.

| | Hestar | Storfe | Sauer | Geiter | Svin | Vaksne høns |
|------------------------------|---------|-----------|-----------|---------|---------|----------------|
| 1939 | 203 931 | 1 455 016 | 1 743 802 | 248 916 | 361 953 | 3 422 368 |
| 1949 | 198 266 | 1 224 133 | 1 735 623 | 146 594 | 418 840 | 3 710 906 |
| 1950 | 190 514 | 1 236 600 | 1 811 748 | 130 045 | 422 156 | 3 911 996 |
| 1951 | 183 828 | 1 230 532 | 1 928 948 | 118 828 | 386 120 | 3 320 489 |
| 1952 | 175 356 | 1 151 830 | 1 986 726 | 115 417 | 418 435 | 3 197 045 |
| 1953 | 167 748 | 1 150 035 | 1 985 284 | 119 092 | 379 035 | 3 384 750 |
| 1954 | 158 676 | 1 180 894 | 1 952 016 | 122 693 | 405 804 | 3 562 480 |
| 1955 | 150 342 | 1 171 280 | 1 921 897 | 115 557 | 464 004 | 3 482 101 |
| 1956 | 142 247 | 1 111 812 | 1 825 908 | 110 378 | 506 597 | 3 954 212 |
| Relative tal. 1939 = 100. | | | | | | |
| 1949 | 97,2 | 84,1 | 99,5 | 58,9 | 115,7 | 108,4 |
| 1950 | 93,4 | 85,0 | 103,9 | 52,2 | 116,6 | 114,3 |
| 1951 | 90,1 | 84,6 | 110,6 | 47,7 | 106,7 | 97,0 |
| 1952 | 86,0 | 79,2 | 113,9 | 46,4 | 115,6 | 93,4 |
| 1953 | 82,3 | 79,0 | 113,8 | 47,8 | 104,7 | 98,9 |
| 1954 | 77,8 | 81,2 | 111,9 | 49,3 | 112,1 | 104,1 |
| 1955 | 73,7 | 80,5 | 110,2 | 46,4 | 128,2 | 101,7 |
| 1956 | 69,8 | 76,4 | 104,7 | 44,3 | 140,0 | 115,5 |

Talet på husdyr — med unnatak av svin og høns — var mindre i 1949 enn i 1939. Etter 1949 har det vori nedgang i talet på hest. For storfe og geit òg har det stort sett vori nedgang. Talet på sauer auka framover til 1952. Sidan har det vori litt nedgang. Talet på svin og høns har variert heller mykje.

Tabell 19 gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet. Talet på husdyr i dei einskilde fylke i 1956 ser ein av tabell II bak i boka.

Talet på hestar har framleis gått attende. Siste året var det ein nedgang på 8 100 dyr eller 5,4 prosent. Sidan 1949 har talet på hestar gått attende med ca. 56 000 dyr. Det svarar til 28 prosent reduksjon. Det er relativt størst nedgang for føl og unghest. Aldersgruppa 5—16 år har òg gått attende. Rekna i absolute tal, er det denne gruppa som har størst reduksjon. I denne aldersgruppa — som gjeld dei mest arbeidsføre hestane — var det 97 000 dyr i 1956 mot 135 000 i 1949. Hestehaldet har no ein slik aldersstruktur, at dyretalet i denne gruppa framleis vil gå heller mykje attende i dei første åra framover, medan talet på eldre hest vil vera relativt stort. I alle fylke var det færre hestar i 1956 enn i 1949, men nedgangen har ikkje vori like stor alle stader. På Austlandet er nedgangen stort sett mellom 30 og 40 prosent, og elles i landet 20–30 prosent.

Talet på storfe gjekk siste året attende med knapt 60 000 dyr eller 5,1 prosent. For kalvar, oksar og kviger var nedgangen 8–10 prosent. Talet på mjølkekyr vart redusert med 2,8 prosent, medan det frå 1954 til 1955 var ein nedgang på 3,1 prosent. Sidan 1949 har tallet på kyr gått attende med knapt 130 000 eller bortimot 17 prosent. Nedgangen siste året var størst i Østfold, Buskerud og Vestfold med 8–9 prosent. Elles på Austlandet og i Agder var nedgangen 3–6 prosent. I resten av fylka var det mindre enn 3 prosent nedgang, og nokre

Tabell 19. Talet på husdyr i 1956 samanlikna med 1949 og 1955.

| | Husdyrhaldet 20. juni | | | Brigde 1949-56 | | Brigde 1955-56 | |
|--|-----------------------|-----------|-----------|----------------|--------|----------------|--------|
| | 1949 | 1955 | 1956 | I tal | I pct. | I tal | I pct. |
| Hestar: | | | | | | | |
| Under 1 år | 8 218 | 3 298 | 2 608 | — 5 610 | — 68,3 | — 690 | — 20,9 |
| 1 og 2 år | 9 948 | 4 218 | 4 515 | — 5 433 | — 54,6 | + 297 | + 7,0 |
| 3 og 4 år | 24 959 | 6 441 | 5 919 | — 19 040 | — 76,3 | — 522 | — 8,1 |
| 5-16 år | 134 898 | 106 926 | 96 919 | — 37 979 | — 28,2 | — 10 007 | — 9,4 |
| Over 16 år | 20 243 | 29 459 | 32 286 | + 12 043 | + 59,5 | + 2 827 | + 9,6 |
| I alt | 198 266 | 150 342 | 142 247 | — 56 019 | — 28,3 | — 8 095 | — 5,4 |
| Storfe: | | | | | | | |
| Under 1 år | 269 696 | 300 742 | 276 924 | + 7 228 | + 2,7 | — 23 818 | — 7,9 |
| Oksar { 1-2 år | 35 128 | 54 946 | 48 618 | + 13 490 | + 38,4 | — 6 328 | — 11,5 |
| { over 2 år .. | 5 783 | 5 499 | 6 037 | + 254 | + 4,4 | + 538 | + 9,8 |
| Kviger (som ikkje har hatt kalv) | 144 275 | 151 939 | 140 594 | — 3 681 | — 2,6 | — 11 345 | — 7,5 |
| Kyr (som har hatt kalv) | 769 251 | 658 154 | 639 639 | — 129 612 | — 16,8 | — 18 515 | — 2,8 |
| I alt | 1 224 133 | 1 171 280 | 1 111 812 | — 112 321 | — 9,2 | — 59 468 | — 5,1 |
| Sauer: | | | | | | | |
| Under 1 år (lam) | 843 589 | 983 845 | 946 007 | + 102 418 | + 12,1 | — 37 838 | — 3,8 |
| Over 1 år | 892 034 | 938 052 | 879 901 | — 12 133 | — 1,4 | — 58 151 | — 6,2 |
| I alt | 1 735 623 | 1 921 897 | 1 825 908 | + 90 285 | + 5,2 | — 95 989 | — 5,0 |
| Geiter: | | | | | | | |
| Under 1 år (kje) | 41 810 | 28 613 | 26 442 | — 15 368 | — 36,8 | — 2 171 | — 7,6 |
| Over 1 år | 104 784 | 86 944 | 83 936 | — 20 848 | — 19,9 | — 3 008 | — 3,5 |
| I alt | 146 594 | 115 557 | 110 378 | — 36 216 | — 24,7 | — 5 179 | — 4,5 |
| Svin: | | | | | | | |
| Under 4 månader ... | 249 281 | 258 070 | 283 074 | + 33 793 | + 13,6 | + 25 004 | + 9,7 |
| Over { slaktesvin .. | 111 954 | 139 651 | 157 952 | + 45 998 | + 41,1 | + 18 301 | + 13,1 |
| 4 { ale- { rånar | 2 250 | 2 900 | 3 328 | + 1 078 | + 47,9 | + 428 | + 14,8 |
| mndr. { svin { purker | 55 355 | 63 383 | 62 243 | + 6 888 | + 12,4 | — 1 140 | — 1,8 |
| I alt | 418 840 | 464 004 | 506 597 | + 87 757 | + 21,0 | + 42 593 | + 9,2 |
| Høns: | | | | | | | |
| Vaksne | 3 710 906 | 3 482 101 | 3 954 212 | + 243 306 | + 6,6 | + 472 111 | + 13,6 |
| Kjuklingar | 3 031 531 | 1 952 367 | 2 286 620 | — 744 911 | — 24,6 | + 334 253 | + 17,1 |

få fylke hadde litt fleire kyr i 1956 enn i 1955. Av dei einsskildede fylka var det berre Rogaland som hadde fleire kyr i 1956 enn i 1949. Fylka på Austlandet har hatt størst nedgang, 20-30 prosent. Relativt minst nedgang har Trøndelag med 6-9 prosent.

Talet på sauer viser noko nedgang for kvart år etter 1952. Siste året var nedgangen 5 prosent. Dei fleste fylka hadde færre sauer i 1956 enn i 1955. Saue-talet i 1956 var likevel større enn ved teljinga i 1949. Det er talet på lam som har auka. I 1956 var det 108 lam pr. 100 vaksne mot 95 i 1949. På Austlandet er sauetallet mindre enn i 1949 i alle fylka, med unntak av Buskerud. Elles i landet er det berre Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag som viser nedgang.

Geitetalet har gått noko attende dei siste åra. Frå 1955 til 1956 var nedgangen 4,5 prosent. I høve til 1949 er talet på geiter redusert med knapt 25 pro-

sent. I mange fylke har reduksjonen vori svært stor. Berre Buskerud hadde fleire geiter i 1956 enn i 1949.

Pr. 20. juni 1956 var svinetalet større enn i noko anna år sidan 1934. I 1956 var talet på svin vel 9 prosent større enn pr. 20. juni året før, og 21 prosent større enn i 1949. Siste året auka talet både på smågrisar og slaktesvin, men det var litt nedgang i talet på alepurker. Purketalet var likevel 12 prosent større enn i 1949. Det er stor skilnad fylkesvis når det gjeld brigda i svinetalet siste året. Det var stor auke i Agder, på Vestlandet og i Troms og Finnmark. På Austlandet var det auke i sume fylke og litt nedgang i andre. Det var nedgang i Trøndelag òg. I høve til 1949 har det vori serleg stor auke i Rogaland. Berre nokre få fylke hadde færre svin i 1956 enn i 1949.

Tabell 20. Husdyrhaldet i 1956 utrekna som relativtall i høve til 1949 og 1955.

| | Hestar | Storfe | Mjølke- kyr | Sauer | Geiter | Svin | Vaksne høns |
|-------------------------------|--------|--------|----------------|-------|--------|-------|----------------|
| a) Relative tal. 1949=100. | | | | | | | |
| Østfold | 62,2 | 82,3 | 75,6 | 31,5 | — | 111,2 | 122,1 |
| Akershus | 65,4 | 82,9 | 76,0 | 54,2 | — | 102,3 | 127,9 |
| Hedmark | 68,2 | 82,3 | 74,8 | 81,8 | 74,6 | 99,7 | 99,0 |
| Oppland | 72,4 | 86,2 | 77,8 | 96,8 | 90,2 | 134,1 | 88,4 |
| Buskerud | 70,9 | 76,0 | 70,4 | 130,3 | 113,1 | 113,6 | 119,8 |
| Vestfold | 58,8 | 82,9 | 73,0 | 67,1 | — | 110,0 | 105,7 |
| Telemark | 69,1 | 82,5 | 75,8 | 94,8 | 62,9 | 90,9 | 120,8 |
| Aust-Agder | 75,4 | 81,4 | 78,3 | 105,7 | 3,9 | 94,0 | 80,2 |
| Vest-Agder | 81,4 | 88,1 | 85,1 | 102,7 | 7,6 | 150,7 | 95,6 |
| Rogaland | 74,0 | 117,7 | 100,7 | 116,1 | 52,3 | 213,2 | 100,4 |
| Hordaland | 80,8 | 92,7 | 84,9 | 103,3 | 62,6 | 107,8 | 129,0 |
| Sogn og Fjordane | 76,5 | 97,8 | 89,9 | 110,3 | 86,4 | 130,5 | 87,3 |
| Møre og Romsdal | 70,9 | 96,7 | 87,8 | 98,4 | 99,9 | 112,8 | 96,6 |
| Sør-Trøndelag | 76,7 | 102,9 | 93,8 | 103,0 | 23,5 | 93,4 | 80,4 |
| Nord-Trøndelag | 71,4 | 102,8 | 91,1 | 95,4 | 54,4 | 131,2 | 111,3 |
| Nordland | 76,9 | 86,3 | 80,9 | 106,5 | 67,9 | 75,9 | 96,2 |
| Troms | 78,5 | 83,2 | 85,6 | 121,0 | 94,6 | 121,2 | 144,2 |
| Finnmark | 78,3 | 78,0 | 85,4 | 141,3 | 11,0 | 52,3 | 204,4 |
| Bygdene i alt | 71,7 | 90,8 | 83,2 | 105,2 | 75,3 | 121,0 | 106,6 |
| b) Relative tal. 1955=100. | | | | | | | |
| Østfold | 90,8 | 87,7 | 90,8 | 82,3 | — | 104,8 | 123,6 |
| Akershus | 91,4 | 92,9 | 95,4 | 84,7 | — | 103,2 | 115,2 |
| Hedmark | 90,0 | 93,7 | 97,1 | 87,2 | 100,5 | 95,9 | 113,5 |
| Oppland | 96,9 | 93,4 | 95,9 | 85,0 | 98,0 | 112,6 | 115,6 |
| Buskerud | 92,0 | 89,3 | 91,4 | 93,6 | 109,6 | 99,4 | 122,7 |
| Vestfold | 93,4 | 90,7 | 92,4 | 112,5 | — | 106,7 | 107,4 |
| Telemark | 92,9 | 91,6 | 94,2 | 84,1 | 83,1 | 98,4 | 110,2 |
| Aust-Agder | 91,4 | 89,5 | 96,7 | 94,7 | 100,0 | 110,7 | 97,6 |
| Vest-Agder | 98,2 | 95,1 | 96,8 | 97,7 | 71,1 | 122,8 | 113,5 |
| Rogaland | 96,6 | 99,6 | 100,5 | 102,1 | 99,9 | 130,9 | 108,0 |
| Hordaland | 96,7 | 98,6 | 98,5 | 99,4 | 75,5 | 117,4 | 108,0 |
| Sogn og Fjordane | 97,2 | 97,0 | 100,0 | 95,3 | 95,7 | 123,6 | 133,1 |
| Møre og Romsdal | 97,4 | 95,4 | 97,7 | 90,4 | 97,9 | 132,7 | 120,4 |
| Sør-Trøndelag | 95,8 | 96,2 | 98,0 | 94,7 | 89,5 | 96,6 | 106,5 |
| Nord-Trøndelag | 96,9 | 99,7 | 100,4 | 92,7 | 82,1 | 95,3 | 114,6 |
| Nordland | 95,7 | 95,2 | 97,8 | 94,2 | 97,4 | 99,3 | 124,1 |
| Troms | 92,8 | 97,3 | 101,8 | 97,4 | 114,9 | 125,3 | 140,8 |
| Finnmark | 102,5 | 94,4 | 97,2 | 101,7 | 32,1 | 119,7 | 130,7 |
| Bygdene i alt | 94,6 | 94,9 | 97,2 | 95,0 | 95,5 | 109,2 | 113,6 |

Talet på vaksne høns auka med 472 000 eller bortimot 14 prosent siste året. Det var berre Aust-Agder som ikkje hadde auke. Auken var jamt over størst i fylka i Nord-Noreg. Hønsetalet i 1956 var knapt 7 prosent større enn i 1949. Talet på kjuklingar var 17 prosent større i 1956 enn i 1955, men det var likevel mindre enn i 1949, då oppalet av kjuklingar var serleg stort.

Tabell 20 viser husdyrhaldet i 1956 i høve til 1949 og 1955 i dei einskilde fylke.

Samstundes som dyretalet har endra seg, har det òg gjort seg gjeldande visse strukturbrige innan husdyrhaldet. Tabell 21 syner kor mange bruk det var, rekna i prosent, som hadde husdyr av ymse slag i 1956 og i 1939, 1949 og 1954. Tabellen syner òg medels dyretall ved dei bruk som hadde dei ymse dyreslag. Tala i tabellen gjeld bruk med over 5 dekar jordbruksareal.

Tabell 21. Bruk over 5 dekar (i prosent) som har dei ymse husdyr, og medels dyretal på desse bruka.

| | Hest | | Ku | | Sau | | Geit | | Svin | | Høns | |
|------|---------------|--------------------------|---------------|---------------------|---------------|------------------------|---------------|--------------------------|---------------|------------------------|---------------|------------------------|
| | Pct. av bruka | Hestar pr. bruk med hest | Pct. av bruka | Kyr pr. bruk med ku | Pct. av bruka | Sauer pr. bruk med sau | Pct. av bruka | Geiter pr. bruk med geit | Pct. av bruka | Svin pr. bruk med svin | Pct. av bruka | Høns pr. bruk med høns |
| 1939 | 54,0 | 1,8 | 90,9 | 4,4 | 55,6 | 14,1 | 11,1 | 9,9 | 45,3 | 3,4 | 56,2 | 23,8 |
| 1949 | 61,1 | 1,5 | 90,2 | 3,9 | 64,2 | 12,2 | 8,3 | 7,9 | 55,8 | 3,1 | 65,0 | 22,0 |
| 1954 | 57,8 | 1,3 | 83,2 | 3,9 | 56,7 | 15,9 | 4,3 | 12,6 | 44,8 | 3,8 | .. | .. |
| 1956 | 54,2 | 1,3 | 77,8 | 3,9 | 51,7 | 16,2 | 3,8 | 12,9 | 45,5 | 4,6 | 48,1 | 32,1 |

Frå 1939 til 1949 var det ein ålmenn nedgang i tal dyr pr. bruk, medan det var auke i talet på bruk som hadde hest, sau, svin og høns. Etter 1949 er det jamt over nedgang i talet på bruk med husdyr, medan dyretalet pr. bruk syner auke for sau, geit, svin og høns og ein liten nedgang for hest.

Hestehaldet har gått attende frå 1949 til 1956, både fordi det er færre bruk som har hest, og fordi hestetalet pr. bruk er mindre. Nedgangen i kutalet skriv seg i fyrste rekkje frå at det er færre bruk som har kyr. Medeltalet for kyr pr. bruk var om lag det same i 1956 som i 1949. Dette kjem seg av at det er relativt mange av dei små bruka som har slutta med å ha ku. Både for sau, geit, svin og høns har dyretalet pr. bruk auka, samstundes som det er færre bruk som har desse husdyra. Talet på bruk med geit har gått serleg mykje attende.

Det var ei representativ husdyrteljing pr. 31. desember 1956, på same måte som i åra 1953–1955. Teljinga femnde over ca. 2 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal. Om lag 4 300 bruk var med i teljinga i 1956.

Tabell 22 syner dyretalet ved årsskiftet i prosent av sumarbuskapen i åra 1953–1956 og 1929. Tala for 1907 og 1918 gjeld buskap ved årsskiftet i prosent av buskap pr. 30. september.

Tabell 22. Vinterbuskap i prosent av sumarbuskap.

| | Hestar | Storfe | Sauer | Geiter | Svin | Vaksne høns |
|-------------------------|--------------|--------|-------|--------|------|-------------|
| 31/12 1907 i prosent av | 30/9 1907 .. | 98,9 | 94,0 | 71,2 | 75,1 | 51,3 |
| 1/1 1918 » | 30/9 1917 .. | 99,0 | 94,1 | 72,5 | 77,5 | 51,6 |
| 1/1 1929 » | 20/6 1929 .. | 97,7 | 91,3 | 54,6 | 63,9 | 52,5 |
| 31/12 1953 » | 20/6 1953 .. | 95,9 | 96,9 | 53,4 | 84,1 | 81,2 |
| 31/12 1954 » | 20/6 1954 .. | 97,1 | 97,0 | 54,0 | 78,2 | 96,4 |
| 31/12 1955 » | 20/6 1955 .. | 95,9 | 91,1 | 50,3 | 72,5 | 88,3 |
| 31/12 1956 » | 20/6 1956 .. | 96,9 | 95,3 | 52,5 | 81,7 | 83,0 |

Buskapen er jamt over noko mindre om vinteren enn i sumartida, unnateki for høns. I 1956 var denne sesong-nedgangen stort sett noko mindre enn i 1955, då nedgangen var serleg stor på grunn av tørken sumaren 1955. For svin derimot var det relativt stor nedgang hausten 1956, men talet på svin var uvanleg stort i juni 1956.

Tabell 23 syner husdyrtala pr. 20. juni og 31. desember 1956 jamførde med tilsvarende tal for 1954 og 1955.

Tabell 23. Sumar- og vinterbuskap 1954, 1955 og 1956.

| | 1954 | | 1955 | | 1956 | |
|------------------------------|------------|----------|----------|----------|----------|----------|
| | 20. juni | 31. des. | 20. juni | 31. des. | 20. juni | 31. des. |
| | Tusen stk. | | | | | |
| Hestar i alt | 159 | 154 | 150 | 144 | 142 | 138 |
| Storfe: | | | | | | |
| Under 1 år | 307 | 273 | 301 | 227 | 277 | 240 |
| Oksar over 1 år | 53 | 58 | 60 | 54 | 55 | 51 |
| Kviger | 142 | 149 | 152 | 148 | 140 | 137 |
| Kyr | 679 | 665 | 658 | 638 | 640 | 632 |
| I alt storfe | 1 181 | 1 145 | 1 171 | 1 067 | 1 112 | 1 060 |
| Sauer og lam | 1 952 | 1 055 | 1 922 | 967 | 1 826 | 958 |
| Geiter og kje | 123 | 96 | 116 | 84 | 110 | 90 |
| Svin: | | | | | | |
| Under 4 mndr. | 225 | 197 | 258 | 200 | 283 | 218 |
| Slaktesvin over 4 mndr. | 127 | 133 | 140 | 144 | 158 | 140 |
| Alesvin over 4 mndr. | 54 | 61 | 66 | 66 | 66 | 62 |
| I alt svin | 406 | 391 | 464 | 410 | 507 | 420 |
| Vaksne høns | 3 562 | 4 322 | 3 482 | 4 483 | 3 954 | 4 569 |

Talet på hestar gjekk ned med ca. 6 000 frå desember 1955 til desember 1956. Året før var nedgangen ca. 10 000.

Storfehaldet vart redusert mykje hausten 1955, og tala for desember 1956 viser etter måten liten nedgang i høve til same tid 1955. For storfe i alt var det ein nedgang på 7 000 dyr. Det var 6 000 færre kyr i 1956 enn i 1955, 11 000 færre kviger og 3 000 færre oksar i alderen over 1 år, men talet på kalvar under 1 år var 13 000 større enn i 1955.

Det var ein liten nedgang i talet på sauer, medan geitetalet var noko større enn i desember 1955.

Svinetalet pr. 31. desember 1956 var vel så stort som på same tid året før, men det var noko færre alesvin.

Talet på vaksne høns var knapt 90 000 større i desember 1956 enn i desember 1955.

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. I 1956 har kunstig inseminasjon gjort seg gjeldande i svinealet òg.

Tabell 24 syner talet på paringar som relativt i høve til same månad året før. Talet på kunstige inseminasjonar er teki med. For heile året 1956 var talet på paringar 5 prosent lægre enn i 1955.

Tabell 24. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same måned året før.

| | Jan. | Feb. | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug. | Sept. | Okt. | Nov. | Des. |
|------------|------|------|------|-------|-----|------|------|------|-------|------|------|------|
| 1945 | 86 | 83 | 78 | 59 | 53 | 68 | 78 | 80 | 96 | 162 | 163 | 117 |
| 1946 | 106 | 111 | 117 | 167 | 177 | 129 | 110 | 104 | 92 | 85 | 91 | 97 |
| 1947 | 99 | 78 | 73 | 78 | 74 | 75 | 67 | 67 | 76 | 80 | 102 | 109 |
| 1948 | 86 | 110 | 134 | 140 | 136 | 113 | 130 | 161 | 177 | 201 | 166 | 137 |
| 1949 | 148 | 173 | 175 | 139 | 132 | 138 | 140 | 124 | 119 | 99 | 99 | 99 |
| 1950 | 88 | 71 | 63 | 52 | 48 | 57 | 62 | 78 | 85 | 81 | 81 | 87 |
| 1951 | 88 | 92 | 89 | 123 | 137 | 146 | 146 | 124 | 106 | 111 | 101 | 97 |
| 1952 | 101 | 108 | 127 | 110 | 99 | 98 | 93 | 106 | 101 | 97 | 97 | 98 |
| 1953 | 94 | 89 | 84 | 86 | 98 | 99 | 111 | 112 | 131 | 128 | 110 | 100 |
| 1954 | 98 | 113 | 140 | 138 | 131 | 108 | 130 | 145 | 135 | 114 | 103 | 102 |
| 1955 | 121 | 131 | 115 | 110 | 106 | 118 | 126 | 109 | 94 | 87 | 92 | 95 |
| 1956 | 113 | 106 | 103 | 95 | 92 | 93 | 84 | 88 | 87 | 83 | 89 | 104 |

Når ein skal døma om desse tala, må ein vera merksam på dei store sesongsvingingar i talet på paringar. Det er flest paringar i desember, og dernest i november, januar og mai, medan det til vanleg er færrest i juli-september.

Tabell 25 gjev eit oversyn over pelsdyrhaldet.

Tabell 25. Talet på pelsdyr.

| | Sølvrev | Blårev | Platinarev | Mink |
|---------------------|---------|---------|------------|---------|
| 20. juni 1939 | 493 000 | 29 000 | 5 000 | 26 000 |
| 1. sept. 1946 | 217 000 | 107 000 | 13 000 | 39 000 |
| 20. juni 1949 | 124 000 | 88 000 | 10 000 | 85 000 |
| » » 1950 | 130 000 | 73 000 | 6 500 | 87 000 |
| » » 1951 | 129 000 | 85 000 | 4 900 | 145 000 |
| » » 1952 | 102 000 | 65 000 | 3 000 | 210 000 |
| » » 1953 | 56 000 | 38 000 | 3 000 | 270 000 |
| » » 1954 | 29 000 | 50 000 | 1 400 | 360 000 |
| » » 1955 | 24 000 | 80 000 | 1 000 | 500 000 |
| » » 1956 | 14 000 | 51 000 | 600 | 715 000 |

Fjøs kontrollen.

I tabell VII bak i boka er det gjevi eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1938-1956. Der finn ein òg oppgåver for dei einskilde fylke i 1955 og 1956.

Talet på buskapar og kyr under kontroll var noko mindre i 1956 enn året før. Det har vori nedgang sidan 1951. Samstundes har talet på kyr i alt her i landet gått attende. Relativt sett var det knapt så mange kyr under kontroll i 1956 som i 1955 (vel 29 prosent).

Kontroll-laga hadde til saman 27 488 buskapar med 187 274 årskyr i 1956. I 1955 var det 28 119 buskapar og 195 474 kyr.

Det er framleis slik at det er relativt fleire bruk med i kontrollen, di større buskapar dei har. Etter ei oppteljing for 1955 var mindre enn 3 prosent av buskapane med 1 og 2 kyr med i kontroll-laga, 17 prosent av dei som hadde 3-5 kyr, 40 prosent av dei med 6-10 kyr og 60 prosent av buskapane med over 10 kyr.

Medels mjølkemengd pr. årsku under kontroll var 3 274 kg i 1956. Det var 150 kg meir enn i 1955. Medels feittprosent var 4,17 i 1956 mot 4,13 i 1955.

I 1956 skifte mjølkemengda pr. årsku mellom 3 724 kg i Vestfold og 2 604 kg i Sogn og Fjordane. Feittprosenten skifte mellom 4,34 i Rogaland og 4,04 i Østfold.

Tabell VII syner församansetjinga og. Relativt sett vart det nytta noko meir beite og kraftfôr og mindre stråfôr og saftig fôr i 1956 enn i 1955. Beiteprosenten var låg i 1955 på grunn av tørkesumaren. Av samla förmengd i 1956 var 2,5 prosent luta halm, som er rekna med i stråfôret, og 5,7 prosent surfôr, som er rekna med under saftig fôr.

I «Jordbruksstatistikk 1952» er det gjevi ein noko breiare omtale av fjøs-kontrollverksemda.

Husdyrprodukta.

I samband med den representative jordbruksteljinga pr. 20. juni 1955 var det ein etterrøknad over husdyrproduksjonen i teljingsåret 20. juni 1954–20. juni 1955. I «Jordbruksstatistikk 1955» er det gjevi eit oversyn over resultatata frå denne etterrøknaden. Der finn ein produksjonstal for dei einskilde fylka og.

Tabell 26 viser utrekna produksjon i bygdene i tida frå og med 1900. Tala gjeld samla produksjon utan omsyn til korleis han er nytta. Når buskapen aukar, vil produksjonen såleis vera større enn det som er teki ut til slakt. Dei siste åra har det vori nedgang i buskapsstorleiken. Det som er slakta, representerer då ei større kjøtmengd enn det som er produsert i året.

Tabell 26. Husdyrproduksjonen i tonn. Bygdene i alt.

| | Kjøtt ¹ | Flesk | Kumjolk | Geitmjolk | Egg | Ull (uvaska) |
|----------------------------|--------------------|--------|-----------|-----------|--------|-----------------|
| 1900 | 36 500 | 23 500 | 885 000 | 25 800 | 7 138 | 2 139 |
| 1907 | 38 698 | 31 000 | 1 038 448 | 26 930 | 6 756 | 2 127 |
| 1917 | 44 120 | 24 000 | 1 137 040 | 23 676 | 9 240 | 1 981 |
| 1929–30 | 54 388 | 32 509 | 1 222 578 | 31 165 | 16 333 | 2 346 |
| 1939–40 | 64 226 | 37 674 | 1 522 363 | 32 132 | 21 007 | 2 677 |
| 1946–47 | 49 053 | 26 589 | 1 333 851 | 19 870 | 9 816 | 2 618 |
| 1947–48 | 46 876 | 27 021 | 1 397 672 | 19 618 | 14 640 | 2 717 |
| 1948–49 | 51 287 | 19 979 | 1 477 753 | 19 568 | 21 175 | 2 770 |
| 1949–50 | 54 066 | 42 628 | 1 609 024 | 21 120 | 26 665 | 3 067 |
| 1950–51 ² | 58 394 | 42 296 | 1 618 000 | 19 250 | 25 823 | 3 225 |
| 1951–52 ² | 58 268 | 41 073 | 1 578 000 | 18 250 | 23 943 | 3 434 |
| 1952–53 ² | 57 943 | 41 983 | 1 597 000 | 18 400 | 24 918 | 3 536 |
| 1953–54 ² | 60 288 | 41 549 | 1 560 000 | 18 670 | 26 942 | 3 534 |
| 1954–55 | 63 034 | 49 924 | 1 547 562 | 19 741 | 27 959 | 3 599 |
| 1955–56 ³ | 60 214 | 54 243 | 1 559 000 | 19 135 | 29 520 | 3 536 |

¹ Kjøtt av hest, storfe, sau og geit. ² Reviderte tal. ³ Førebels oppgåve.

Tala for 1955–56 syner noko mindre kjøtt, men meir flesk enn året før. Eggproduksjonen hadde auka. Produksjonen av mjølk og ull var på det næraste som i 1954–55.

Tabell 27 gjev eit oversyn over meieridrifta.

Innvegen mjølkemengd ved meieria (og kondenseringsfabrikkane) var noko over 1,1 mill. tonn i 1956. Det var ein auke på vel 7 prosent i høve til 1955. Produksjonen av smør, feit ost og kasein var større enn året før. Elles var produksjonen stort sett som i 1955.

Tabell 27. Oversyn over meieridrifta.

| | Innvegen mjølkemengd. Tonn | Produsert i alt i tonn | | | | | | Nettovinning i øre pr. kg mjølk |
|-------------------------|----------------------------|------------------------|-----------|----------|--------|------------------------|----------------------|---------------------------------|
| | | Smør | Mager ost | Feit ost | Kasein | Geit- og fløyte-mysost | Mager mysost og prim | |
| 1939 | 792 621 | 17 589 | 1 926 | 8 678 | 2 598 | 5 965 | 1 834 | 18,49 |
| 1949 | 890 569 | 10 716 | 1 759 | 9 486 | 3 303 | 8 621 | 1 419 | 46,73 |
| 1950 | 991 411 | 11 532 | 1 655 | 12 473 | 4 055 | 10 954 | 447 | 47,09 |
| 1951 | 1 006 770 | 11 203 | 2 176 | 13 697 | 4 824 | 12 884 | 532 | 48,83 |
| 1952 | 997 084 | 10 246 | 1 443 | 16 860 | 4 348 | 12 411 | 412 | 53,73 |
| 1953 | 1 064 231 | 12 834 | 1 047 | 16 425 | 4 476 | 9 763 | 276 | 55,44 |
| 1954 | 1 052 175 | 10 636 | 1 194 | 16 837 | 4 571 | 11 700 | 350 | 58,97 |
| 1955 | 1 060 699 | 10 517 | 1 223 | 16 079 | 4 681 | 11 497 | 398 | 63,31 |
| 1956 ¹ | 1 135 120 | 12 500 | 1 240 | 19 250 | 5 320 | 11 750 | 420 | ca. 71,00 |

¹ Førebelse oppgaver.

Tabell 28 gjev eit oversyn over innvegen mjølkemengd månadsvis. Desse tala er korrigererte, og difor fell dei ikkje alltid heilt saman med dei månadsrapportane som blir sende ut etter kvart.

Tabell 28. Innvegen mjølkemengd for kvar måned. Tonn.

| | Jan. | Feb. | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug. | Sept. | Okt. | Nov. | Des. |
|------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| 1939 | 56 828 | 55 573 | 66 944 | 67 791 | 79 388 | 78 521 | 70 047 | 63 869 | 60 828 | 58 145 | 53 245 | 55 554 |
| 1949 | 57 232 | 56 310 | 69 726 | 81 259 | 95 681 | 95 055 | 82 939 | 78 179 | 69 433 | 63 435 | 60 376 | 65 463 |
| 1950 | 70 888 | 69 027 | 85 259 | 91 597 | 106125 | 106628 | 95 188 | 86 924 | 76 746 | 65 136 | 60 186 | 63 750 |
| 1951 | 71 868 | 70 387 | 82 427 | 97 246 | 105059 | 109401 | 103238 | 89 381 | 74 421 | 68 539 | 60 208 | 63 558 |
| 1952 | 69 508 | 68 338 | 80 695 | 91 047 | 107794 | 109476 | 99 265 | 84 898 | 76 828 | 66 473 | 62 516 | 71 729 |
| 1953 | 77 769 | 74 020 | 92 079 | 105624 | 117287 | 120050 | 103618 | 92 970 | 79 459 | 67 343 | 61 574 | 67 129 |
| 1954 | 71 296 | 70 143 | 91 124 | 102784 | 114648 | 119024 | 105544 | 92 393 | 81 160 | 67 153 | 65 891 | 71 461 |
| 1955 | 75 272 | 73 279 | 90 610 | 104500 | 115228 | 119615 | 106321 | 90 567 | 72 735 | 70 148 | 67 778 | 73 724 |
| 1956 | 80 527 | 79 912 | 95 225 | 111781 | 126203 | 123937 | 111283 | 98 046 | 80 604 | 75 239 | 72 668 | 79 695 |

I januar 1956 var innvegen mjølkemengd 7 prosent større enn i same månaden året før. I februar var det 9 prosent auke i høve til året før. I mars var det 5 prosent meir enn i mars 1955, og april hadde 7 prosent auke. I mai 1956 var mjølkemengda 10 prosent større enn i mai 1955, medan juni låg 4 prosent og juli 5 prosent over dei same månadene året før. August synte ein auke på 8 prosent og september 11 prosent. I oktober og november kom det inn 7 prosent meir mjølk enn i dei same månadene året før og i desember 8 prosent meir.

Mjølkemengda til meieria er størst i tida april-juli. I dei seinare år er det juni som har vori toppmånaden, men i 1956 var det mai. Det er så nedgang frå måned til måned til og med november. Deretter fylgjer litt auke i desember og januar, og sterk auke i mars, april og mai.

Ein må ikkje rekna med at brigde i innvegen mjølkemengd skriv seg frå tilsvarande brigde i den totale mjølkeproduksjonen. Serleg gjeld dette når ein samanliknar med åra før krigen. Det har vori stor auke i talet på leverandørar. Mykje av det mjølkesalet som før gjekk beinveges frå produsent til konsument, går no om meieria.

Tala for dei einiskilde mjølkesentralar syner at den innvegne mjølkemengda har auka relativt mest i Nord-Noreg og Vest-Agder. Der var det ca. 12 prosent meir mjølk i 1956 enn i 1955. På Vestlandet var det knapt 10 prosent, og i Telemark, Aust-Agder og Møre og Romsdal 7-8 prosent auke. På Austlandet var auken mindre enn 6 prosent og i Trøndelag vel 4 prosent.

Tabell 29 viser meieriproduksjonen av smør og ost (etter månadsrapportane).

Tabell 29. Produksjon av smør og ost ved meieria i dei einiskilde månader. Tonn.

| | Jan. | Feb. | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug. | Sept. | Okt. | Nov. | Des. |
|------------|-----------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| | Smør. | | | | | | | | | | | |
| 1939 | 1 212 | 1 175 | 1 470 | 1 565 | 1 794 | 1 923 | 1 831 | 1 431 | 1 411 | 1 324 | 1 220 | 1 201 |
| 1949 | 708 | 559 | 818 | 1 243 | 1 595 | 1 610 | 1 250 | 817 | 699 | 509 | 474 | 446 |
| 1950 | 652 | 607 | 903 | 1 148 | 1 547 | 1 710 | 1 444 | 1 109 | 941 | 586 | 516 | 392 |
| 1951 | 650 | 604 | 846 | 1 208 | 1 374 | 1 627 | 1 605 | 1 068 | 813 | 601 | 429 | 346 |
| 1952 | 605 | 526 | 698 | 971 | 1 303 | 1 623 | 1 296 | 881 | 822 | 562 | 493 | 458 |
| 1953 | 702 | 652 | 917 | 1 615 | 1 987 | 2 049 | 1 548 | 1 235 | 916 | 504 | 376 | 340 |
| 1954 | 501 | 549 | 834 | 1 101 | 1 310 | 1 672 | 1 316 | 998 | 810 | 471 | 435 | 388 |
| 1955 | 612 | 577 | 916 | 1 271 | 1 474 | 1 678 | 1 364 | 839 | 540 | 423 | 421 | 392 |
| 1956 | 619 | 588 | 839 | 1 447 | 1 819 | 1 894 | 1 607 | 1 144 | 789 | 542 | 579 | 633 |
| | Kvit ost. | | | | | | | | | | | |
| 1939 | 805 | 703 | 831 | 965 | 1 051 | 1 057 | 898 | 767 | 852 | 871 | 712 | 643 |
| 1949 | 578 | 477 | 758 | 1 233 | 1 435 | 1 513 | 1 229 | 1 037 | 824 | 652 | 553 | 659 |
| 1950 | 864 | 753 | 1 165 | 1 514 | 1 735 | 1 924 | 1 580 | 1 371 | 1 244 | 778 | 605 | 645 |
| 1951 | 917 | 849 | 1 186 | 1 674 | 1 830 | 2 017 | 1 981 | 1 589 | 1 293 | 1 106 | 696 | 663 |
| 1952 | 953 | 862 | 1 204 | 1 709 | 2 119 | 2 370 | 2 213 | 1 729 | 1 653 | 1 127 | 970 | 1 065 |
| 1953 | 1 318 | 1 221 | 1 696 | 1 866 | 2 017 | 2 207 | 1 881 | 1 687 | 1 468 | 824 | 545 | 624 |
| 1954 | 846 | 818 | 1 410 | 2 002 | 2 204 | 2 429 | 2 203 | 1 784 | 1 589 | 921 | 690 | 752 |
| 1955 | 902 | 880 | 1 369 | 1 956 | 2 153 | 2 401 | 2 033 | 1 520 | 1 325 | 1 077 | 777 | 849 |
| 1956 | 1 112 | 1 064 | 1 473 | 2 162 | 2 582 | 2 707 | 2 382 | 1 951 | 1 551 | 1 277 | 1 111 | 1 115 |
| | Brun ost. | | | | | | | | | | | |
| 1939 | 550 | 564 | 711 | 688 | 799 | 808 | 725 | 607 | 554 | 570 | 500 | 483 |
| 1949 | 539 | 532 | 821 | 1 066 | 1 300 | 1 285 | 1 068 | 900 | 677 | 556 | 555 | 663 |
| 1950 | 917 | 897 | 1 228 | 1 218 | 1 362 | 1 369 | 983 | 791 | 692 | 598 | 574 | 673 |
| 1951 | 946 | 970 | 1 188 | 1 433 | 1 470 | 1 508 | 1 428 | 1 134 | 901 | 804 | 668 | 749 |
| 1952 | 1 035 | 1 022 | 1 237 | 1 333 | 1 467 | 1 387 | 1 365 | 1 058 | 763 | 516 | 671 | 876 |
| 1953 | 1 065 | 968 | 1 140 | 993 | 1 026 | 1 052 | 877 | 660 | 572 | 523 | 458 | 593 |
| 1954 | 765 | 759 | 1 228 | 1 286 | 1 363 | 1 400 | 1 370 | 1 030 | 853 | 645 | 634 | 761 |
| 1955 | 876 | 881 | 1 061 | 1 177 | 1 286 | 1 392 | 1 262 | 973 | 714 | 623 | 617 | 800 |
| 1956 | 1 072 | 1 047 | 1 093 | 1 256 | 1 333 | 1 416 | 1 261 | 1 036 | 818 | 684 | 641 | 511 |

Produksjonen av smør og ost aukar i tida frå januar-februar og framover til juni, då produksjonen er størst. Deretter er det nedgang til oktober-desember.

Tabell 30 syner talet på kontrollerte slakt i dei einiskilde månader i 1956 samanlikna med dei tilsvarende månader i 1953, 1954 og 1955.

Fyrst frå og med juli månad 1951 har ein fått oppgaver frå Veterinærdirektoratet over talet på slakt som er synfari på ny. Tidlegare fekk ein berre oppgaver over kor mykje det var som var kontrollert i alt. Slakt som var synfari på ny, vart registrert som kontrollert kvar gong det gjekk gjennom kontrollen.

Tala i tabell 30 gjeld slakt som er kontrollert for fyrste gong. Tabellen syner at det i 1956 vart kontrollert langt fleire svineslakt enn i 1955. For storfe, kalv og sau var det nedgang.

Tabell 30. Talet på kontrollerte slakt. Fyrstegongskontroll.

| | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 |
|-----------------|----------|---------|---------|---------|----------|---------|---------|---------|
| | Storfe. | | | | Hest. | | | |
| Januar | 15 661 | 12 863 | 16 753 | 21 387 | 606 | 688 | 741 | 892 |
| Februar | 12 803 | 11 847 | 14 801 | 20 538 | 414 | 590 | 469 | 793 |
| Mars | 15 298 | 16 804 | 19 889 | 19 034 | 439 | 659 | 444 | 490 |
| April | 14 581 | 18 129 | 18 756 | 16 176 | 329 | 640 | 344 | 424 |
| Mai | 16 583 | 19 189 | 23 127 | 16 572 | 316 | 474 | 355 | 328 |
| Juni | 14 194 | 17 196 | 23 825 | 13 382 | 383 | 514 | 389 | 355 |
| Juli | 8 189 | 10 345 | 13 339 | 6 785 | 269 | 368 | 241 | 265 |
| August | 12 505 | 14 894 | 18 741 | 11 003 | 392 | 519 | 267 | 450 |
| September | 17 424 | 17 979 | 26 867 | 19 466 | 1 041 | 858 | 648 | 661 |
| Oktober | 22 613 | 25 062 | 37 175 | 34 271 | 2 198 | 2 060 | 1 478 | 1 669 |
| November | 17 021 | 21 249 | 36 025 | 17 285 | 1 734 | 1 902 | 1 652 | 1 215 |
| Desember | 16 242 | 16 490 | 19 748 | 29 463 | 1 161 | 803 | 670 | 836 |
| Til saman | 183 114 | 202 047 | 269 046 | 225 362 | 9 282 | 10 075 | 7 698 | 8 378 |
| | Svin. | | | | Sau. | | | |
| Januar | 30 219 | 20 554 | 23 158 | 36 705 | 13 537 | 10 070 | 9 556 | 11 498 |
| Februar | 31 054 | 23 120 | 36 242 | 47 713 | 5 982 | 5 358 | 4 995 | 5 899 |
| Mars | 42 732 | 38 797 | 51 486 | 54 073 | 5 259 | 3 060 | 4 418 | 2 733 |
| April | 35 551 | 38 075 | 35 689 | 56 928 | 4 631 | 2 743 | 2 595 | 2 254 |
| Mai | 25 844 | 31 190 | 38 951 | 50 917 | 3 421 | 2 902 | 2 853 | 2 738 |
| Juni | 21 498 | 26 404 | 36 610 | 30 236 | 3 542 | 3 009 | 3 199 | 2 496 |
| Juli | 19 342 | 24 029 | 31 205 | 30 899 | 27 009 | 13 364 | 11 537 | 5 565 |
| August | 17 039 | 25 012 | 34 599 | 34 081 | 53 747 | 44 256 | 46 151 | 36 906 |
| September | 18 740 | 23 651 | 30 908 | 28 074 | 81 975 | 84 332 | 85 347 | 71 338 |
| Oktober | 27 909 | 23 293 | 30 519 | 33 315 | 171 251 | 176 820 | 193 854 | 195 449 |
| November | 23 285 | 26 635 | 41 721 | 29 510 | 52 920 | 53 007 | 85 349 | 53 498 |
| Desember | 32 913 | 47 288 | 61 290 | 75 022 | 11 089 | 9 679 | 10 808 | 18 205 |
| Til saman | 326 126 | 348 048 | 452 378 | 507 473 | 434 363 | 408 600 | 460 662 | 408 579 |
| | Spekalv. | | | | Gjokalv. | | | |
| Januar | 17 694 | 14 685 | 14 893 | 18 353 | 1 470 | 1 082 | 1 014 | 1 137 |
| Februar | 16 890 | 15 090 | 15 029 | 19 087 | 1 374 | 1 227 | 1 030 | 1 312 |
| Mars | 27 044 | 25 810 | 28 488 | 24 545 | 1 711 | 1 771 | 1 806 | 1 361 |
| April | 25 452 | 24 012 | 33 003 | 30 439 | 1 769 | 2 107 | 1 888 | 1 405 |
| Mai | 14 675 | 14 504 | 16 498 | 18 172 | 2 174 | 2 037 | 2 256 | 1 683 |
| Juni | 9 444 | 9 462 | 11 896 | 10 643 | 2 531 | 2 232 | 2 638 | 1 721 |
| Juli | 6 555 | 6 257 | 7 559 | 6 325 | 1 836 | 1 667 | 1 721 | 1 134 |
| August | 4 399 | 4 424 | 6 060 | 4 472 | 1 681 | 1 420 | 1 813 | 1 181 |
| September | 6 366 | 6 515 | 9 254 | 7 126 | 2 089 | 1 662 | 2 149 | 1 683 |
| Oktober | 11 576 | 11 761 | 15 452 | 14 801 | 1 995 | 1 860 | 2 265 | 1 744 |
| November | 11 020 | 12 207 | 17 386 | 9 963 | 990 | 1 160 | 1 349 | 736 |
| Desember | 10 357 | 11 166 | 14 248 | 13 457 | 1 021 | 969 | 870 | 1 238 |
| Til saman | 161 472 | 155 893 | 189 766 | 177 383 | 20 641 | 19 194 | 20 799 | 16 335 |

Tabell 31 gjev eit oversyn over kor mykje slakt det er som er synfari på ny. Tabellen gjev desse tala i prosent av talet på slakt som er kontrollert for fyrste gong.

Ny synfaring var — relativt sett — meir vanleg i 1956 enn i dei tidlegare år ein har oppgåver for. Det er etter måten mest vanleg for sau-, geit- og svine-slakt. Tala er minst for kalveslakt. Av tabellen ser ein at det kan vera store variasjonar frå år til år.

Tabell 31. Talet på slakt som er synfari på ny.
Prosent av fyrstegongskontroll.

| | Storfe | Hest | Svin | Sau | Geit | Spekalv | Gjøkalv |
|-----------------|--------|------|------|------|------|---------|---------|
| Året 1952 | 16,8 | 9,2 | 22,0 | 24,2 | 9,4 | 4,8 | 6,9 |
| » 1953 | 20,2 | 12,8 | 26,3 | 34,0 | 24,6 | 5,7 | 8,6 |
| » 1954 | 20,0 | 16,1 | 22,7 | 31,9 | 22,3 | 6,3 | 7,3 |
| » 1955 | 14,1 | 17,4 | 23,8 | 22,7 | 35,6 | 12,4 | 12,2 |
| » 1956 | 25,1 | 20,1 | 29,3 | 43,0 | 37,2 | 12,4 | 10,0 |

Det slaktet som går gjennom ny synfaring, er i fyrste rekkje slikt som er sendt vidare til ein annan stad, der det er kontrollstasjon, og slikt som blir marknadsført etter at det har legi på fryselager.

Tabell 32 gjev eit oversyn over talet på skinn som vart produserte i pelsdyrgardane.

Tabell 32. Talet på skinn frå pelsdyrgardane.

| | Sølvrev | Blårev | Platinarev | Mink |
|---------------|---------|--------|------------|---------|
| 1939-40 | 370 000 | 21 000 | 2 000 | 16 000 |
| 1948-49 | 107 000 | 70 000 | 9 000 | 55 000 |
| 1949-50 | 80 000 | 71 000 | 7 500 | 58 000 |
| 1950-51 | 70 000 | 56 000 | 4 500 | 55 000 |
| 1951-52 | 88 000 | 72 000 | 4 900 | 85 000 |
| 1952-53 | 83 000 | 58 000 | 2 400 | 145 000 |
| 1953-54 | 46 000 | 28 000 | 2 700 | 181 000 |
| 1954-55 | 20 000 | 33 000 | 1 200 | 231 000 |
| 1955-56 | 18 000 | 62 000 | 800 | 350 000 |
| 1956-57 | 8 000 | 42 000 | 450 | 515 000 |

Eit oversyn over utførselen av pelsskinn finn ein i tabell 33.

Tabell 33. Utførsel av ureidde pelsskinn.

| | Sølvrev | | Blårev | | Platinarev | | Mink | |
|--------------|----------------|------------------|----------------|------------------|----------------|------------------|----------------|------------------|
| | Talet på skinn | Verde i 1000 kr. | Talet på skinn | Verde i 1000 kr. | Talet på skinn | Verde i 1000 kr. | Talet på skinn | Verde i 1000 kr. |
| 1949-50 | 109 357 | 12 857 | 93 416 | 8 084 | 9 175 | 1 318 | 63 856 | 4 906 |
| 1950-51 | 73 352 | 9 712 | 54 305 | 5 195 | 6 078 | 977 | 48 744 | 6 568 |
| 1951-52 | 103 923 | 9 682 | 78 204 | 5 200 | 4 232 | 497 | 74 257 | 7 646 |
| 1952-53 | 39 363 | 3 219 | 27 744 | 1 797 | 958 | 132 | 138 303 | 11 957 |
| 1953-54 | 58 571 | 4 383 | 64 033 | 4 846 | 1 559 | 180 | 175 094 | 17 912 |
| 1954-55 | 42 697 | 3 644 | 24 510 | 3 652 | 3 093 | 298 | 242 509 | 29 197 |
| 1955-56 | 12 873 | 1 065 | 53 677 | 4 601 | 676 | 81 | 330 427 | 38 702 |

Tala i tabell 33 samsvarar til dels dårleg med oppgåvene i tabell 32. Dette skriv seg mellom anna frå at det til sine tider blir ført ut berre ein del av skinnproduksjonen i året, til andre tider blir det ført ut skinn som har legi over frå tidlegare år, ved sida av ein større del av det som er produsert i året.

Utførselen av minkskinn og blårevskinn var mykje større i 1955-56 enn året før, medan det har vori stor nedgang for skinn av sølvrev og platinarev. Rekna etter verd, fall 87 prosent på minkskinna i 1955-56, mot knapt 80 prosent i 1954-55 og 18 prosent i 1949-50.

Arbeidsstyrken i jordbruket.

I samband med den representative jordbruksteljinga i 1956 vart det òg henta inn oppgåver over arbeidskrafta i jordbruket i 1955–56. Det var tilsvarende teljingar i 1952 og 1954 (sjå Jordbruksstatistikk 1952 og 1954). På grunnlag av desse teljingane har ein rekna ut samla arbeidsstyrke (årsverk). Frå før har ein tilsvarende oppgåver som vart henta inn ved dei fullstendige jordbruks-
teljingane i 1929, 1939 og 1949 (sjå fjerde hefte frå Jordbruksteljinga 1949).

Oppgåvene femner over det arbeidet som brukar og ektemake, andre familie-medlemmer over 15 år og framand arbeidshjelp over 15 år gjer på bruket. Det er rekna med både menn og kvinner. Oppgåvene skal gjelda alt arbeid med jordbruk, hagebruk og husdyrhald. Husarbeid og arbeid med skogsvyrke til eige bruk er òg teki med, men ikkje arbeid med skogsvyrke til sal. Arbeidshjelp til yrke utanom gardsdrifta skal heller ikkje vera med.

Oppgåvene gjeld for tida 14. april året før til 14. april i teljingsåret.

Teljinga i 1949 synte at samla arbeidsstyrke i jordbruket var ca. 75 000 årsverk (39 000 årsverk for menn og 36 000 for kvinner) lægre enn ved teljinga i 1939. Nedgangen var truleg størst i dei siste åra av denne 10-årsbolken. Etter-røknaden i 1952 viste ein nedgang på ca. 42 000 årsverk (24 000 for menn og 18 000 for kvinner) i 3-årsbolken sidan 1949. Dei tala som vart rekna ut i 1954, synte ein nedgang på ca. 35 000 årsverk (18 000 for menn og 17 000 for kvinner) i 2-årsbolken 1952–1954.

Etterrøknaden i 1956 syner at nedgangen i arbeidskrafta ikkje var så stor etter 1954 som tidlegare. Dette gjeld serleg for mennene. Frå 1953–54 til 1955–56 var det i alt ein nedgang på bortimot 14 000 årsverk (4 300 for menn og 9 500 for kvinner). Det var framleis nedgang i talet på utrekna årsverk for brukarar og ektemakar. Nedgangen var 2 200 årsverk for menn og 4 400 for kvinner. I nokon mon skriv dette seg frå bruk som er nedlagde og fråflytte. For familiedlemmer elles var det ein nedgang på 4 400 årsverk. Det meste av dette (3 900 årsverk) fall på kvinnene. For framand hjelp var nedgangen 2 800 årsverk (1 600 for menn og 1 200 for kvinner).

Nedgangen i arbeidsstyrken dei siste 2 åra gjorde seg mest gjeldande på Austlandet. I dei andre landslutene var det små brigde for mannleg arbeidskraft, men framleis noko nedgang for den kvinnelege.

I tida 1938–39 til 1955–56 er samla arbeidsstyrke redusert med 166 000 årsverk (85 000 årsverk for menn og 81 000 for kvinner).

Nedgangen i arbeidshjelpa kjem òg til syne i talet på bruk som ikkje har fast arbeidshjelp ved sida av brukaren og eventuell ektemake. Sumaren 1938 var det 81 600 bruk over 5 dekar som var utan fast arbeidshjelp. I 1955 var det ca. 140 000 bruk utan fast hjelp av familiedlemmer eller framande om sumaren. 60 000 av desse hadde tilfelleleg arbeidshjelp og 80 000 var heilt utan hjelp — bortsett frå at dei kunne ha hjelp av born under 15 år. I 1938 var det 132 800 bruk med fast hjelp om sumaren (vel 83 000 med berre familiehjelp og knapt 50 000 med fast legehjelp). I 1955 var det berre 73 500 bruk som hadde fast hjelp om sumaren (57 000 med berre familiehjelp og knapt 17 000 med fast legehjelp). Talet på bruk med fast mannleg legehjelp er gått ned frå 28 400 i 1938 til 16 600 i 1948 og ca. 11 000 i 1955.

I det fylgjande er det gjort nærare reide for utrekninga av årsverk, serskilt for menn og kvinner.

Menn.

Tabell 34 syner i kor stor mon brukarane har anna arbeid ved sida av bruket.

Tabell 34. Yrkestilhøve og arbeid utanom bruket. Menn.

| | Bruket var | | | Arbeid utanom bruket når bruket var | |
|----------------------------|------------|----------------|----------------|--|------------------------|
| | Eineyrke | Hovud- yrke | Attåt- yrke | Hovud- yrke | Attåt- yrke |
| | Prosent | Prosent | Prosent | Dagsverk pr. brukar | Dagsverk pr. brukar |
| 1939 | 36,2 | 31,0 | 32,8 | 80 | 185 |
| 1949 | 38,6 | 26,2 | 35,2 | 87 | 201 |
| 1952 | 35,9 | 28,2 | 35,9 | 76 | 205 |
| 1954 | 31,3 | 31,3 | 37,4 | 76 | 206 |
| 1956 | 32,2 | 30,2 | 37,6 | 77 | 219 |
| 1956: | | | | | |
| Austlandet | 37,0 | 29,4 | 33,6 | 79 | 220 |
| Agder | 26,5 | 31,3 | 42,2 | 68 | 233 |
| Vestlandet | 36,1 | 29,9 | 34,0 | 76 | 224 |
| Trøndelag | 39,8 | 32,9 | 27,3 | 69 | 220 |
| Nord-Noreg | 14,2 | 30,2 | 55,6 | 84 | 208 |
| Ved bruk med 5,1- 20 dekar | 11,8 | 14,2 | 74,0 | 78 | 226 |
| » » » 20,1- 50 » | 25,8 | 39,2 | 35,0 | 81 | 209 |
| » » » 50,1-100 » | 53,2 | 37,8 | 9,0 | 73 | 216 |
| » » » Over 100 » | 72,9 | 24,3 | 2,8 | 64 | 238 |

Sidan 1949 har det — relativt sett — blitt noko færre brukarar med bruket som eineyrke og fleire med bruket som attåtyrke, men brigda er ikkje serleg store.

70-80 prosent av dei brukarane som har arbeid utanom bruket, har gjevi opp kor mange dagsverk dette arbeidet representerte. Medeltala syner at det er noko skilnad mellom dei ymse strok av landet og mellom bruk av ymse storleik. Medel for heile landet var ca. 80 dagsverk der bruket var hovudyrke og ca. 200 dagsverk der bruket var attåtyrke.

Når det gjeld dei bruka som er attåtyrke, har talet på dagsverk utanom bruket auka noko frå år til år. Ein veit likevel ikkje om dette har ført til færre dagsverk på bruket eller fleire dagsverk i alt innan året. Det er for det meste små bruk der brukarane kan ha full arbeidsdag utanom bruket, som kjem i denne gruppa. Innan den bruksgruppa der bruket var hovudyrke, har det vori heller små brigde frå år til år i talet på dagsverk utanom bruket.

Ved omrekninga til årsverk har ein berre teki omsyn til om bruket er gjevi opp som einaste yrke, hovudyrke eller attåtyrke.

For alle åra har arbeidet til brukaren på bruket vori rekna slik: heilt årsverk der bruket er einaste yrke, 0,7 årsverk der bruket er hovudyrke og 0,3 årsverk der det er attåtyrke. Slik tilhøvet mellom dei ymse yrkesgruppene er (sjå tabell 34), går om lag tredjeparten av arbeidstida til brukarane med til arbeid utanom bruket. I 1939 og 1949 gjekk 32-33 prosent av samla arbeidstid for brukarane med til arbeid utanom bruket. I 1956 var det vel 35 prosent.

For arbeidshjelpa — familiemedlemmer (utanom brukar og ektemake) og leigehjelp — er det rekna med eit halvt årsverk for kvar person som var i fast

arbeid i sumar- eller vinterhalvåret. For tilfelleleg hjelp er 280 dagsverk rekna som eit årsverk.

Tabell 35 viser samla arbeidsstyrke, utrekna som årsverk.

Tabell 35. Arbeidsstyrken i utrekna årsverk og relative tal. Menn.

| | Årsverk | | | | Brigde i årsverk | | |
|-------------------------|----------------------------|---------|---------|---------|--------------------|--------------------|--------------------|
| | 1938-39 | 1948-49 | 1953-54 | 1955-56 | 1938-39 1955-56 | 1948-49 1955-56 | 1953-54 1955-56 |
| | | | | | (17 år) | (7 år) | (2 år) |
| Brukarane sitt arbeid . | 131 200 | 133 000 | 125 600 | 123 400 | — 7 800 | — 9 600 | — 2 200 |
| Arbeidshjelp: | | | | | | | |
| Familiemedlemer ... | 91 100 | 67 700 | 48 400 | 47 900 | — 43 200 | — 19 800 | — 500 |
| Framand hjelp | 54 000 | 36 300 | 21 400 | 19 800 | — 34 200 | — 16 500 | — 1 600 |
| Årsverk i alt | 276 300 | 237 000 | 195 400 | 191 100 | — 85 200 | — 45 900 | — 4 300 |
| Av arbeidshjelpa: | | | | | | | |
| Fast hjelp | 120 700 | 84 200 | 54 700 | 52 700 | — 68 000 | — 31 500 | — 2 000 |
| Tilfelleleg hjelp..... | 24 400 | 19 800 | 15 100 | 15 000 | — 9 400 | — 4 800 | — 100 |
| | Relative tal. 1938-39=100. | | | | Brigde i prosent | | |
| | | | | | (17 år) | (7 år) | (2 år) |
| Brukarane sitt arbeid . | 100 | 101,4 | 95,7 | 94,1 | — 5,9 | — 7,2 | — 1,8 |
| Arbeidshjelp: | | | | | | | |
| Familiemedlemer ... | 100 | 74,3 | 53,1 | 52,6 | — 47,4 | — 29,2 | — 1,0 |
| Framand hjelp | 100 | 67,2 | 39,6 | 36,7 | — 63,3 | — 45,5 | — 7,5 |
| Årsverk i alt | 100 | 85,8 | 70,7 | 69,2 | — 30,8 | — 19,4 | — 2,2 |
| Fast hjelp | 100 | 69,8 | 45,3 | 43,7 | — 56,3 | — 37,4 | — 3,7 |
| Tilfelleleg hjelp..... | 100 | 81,1 | 61,9 | 61,5 | — 38,5 | — 24,2 | — 0,7 |

For den mannlege arbeidsstyrken synte teljinga i 1949 ein nedgang på om lag 39 000 årsverk i høve til 1939. Teljinga i 1952 synte 24 000 årsverk færre enn i 1949, og i dei neste 2 åra fram til 1954 var det ein reduksjon på 18 000 årsverk. I tidsrommet mellom 1954 og 1956 var nedgangen mindre, ca. 4 300 årsverk. Samla nedgang i den mannlege arbeidsstyrken i dei 17 åra sidan 1938-39 er vel 85 000 årsverk, eller 30,8 prosent. Sidan 1948-49 er nedgangen knapt 46 000 årsverk. Det svarar til 19,4 prosent. Dette blir i medel ein reduksjon i arbeidsstyrken på 6 500 årsverk pr. år.

Av nedgangen sidan 1948-49 fell ca. 9 600 årsverk på brukarane sjølve. I nokon mon skriv dette seg frå at talet på bruk med mannleg brukar har gått attende (med ca. 6 000), og noko gjer det òg at det går meir tid til sideyrke utanom bruket. Nedgangen svarar til vel 7 prosent av arbeidet til brukarane i 1948-49.

For arbeidshjelpa har nedgangen vori mykje større, både absolutt og relativt. Sidan 1948-49 gjekk familiehjelpa ned med bortimot 20 000 årsverk eller vel 29 prosent. Leighjelpa er redusert med noko over 16 000 årsverk eller over 45 prosent.

Når ein ser bort frå Agder som har noko større nedgang enn dei andre landsdelane, var reduksjonen i dei einskilde landsluter mellom 4 og 8 prosent for arbeidet til brukarane, 29-31 prosent for familiemedlemer og 39-51 prosent for leighjelpa. Nedgangen har såleis vori heller jamn landsdelsvis.

Utviklinga har ført med seg sterke brigde i samansetjinga av arbeidskrafta. Dette ser ein av tabell 36.

Tabell 36. Fordeling av arbeidsstyrken. Relative tal. Menn.
(Årsverk i alt = 100.)

| | 1938-39 | 1948-49 | 1955-56 | 1955-56 | | | |
|-----------------------------|---------|---------|---------|--------------|---------------|----------------|----------------|
| | | | | 5,1-20 dekar | 20,1-50 dekar | 50,1-100 dekar | Over 100 dekar |
| Brucar | 47,5 | 56,1 | 64,6 | 77,1 | 70,5 | 62,8 | 45,5 |
| Familiehjelp | 33,0 | 28,6 | 25,1 | 20,3 | 25,4 | 29,3 | 22,7 |
| Framand hjelp | 19,5 | 15,3 | 10,3 | 2,6 | 4,1 | 7,9 | 31,8 |
| I alt | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |
| Av dette: | | | | | | | |
| Fast hjelp | 43,7 | 35,5 | 27,6 | 17,0 | 22,2 | 28,9 | 44,4 |
| Tilfelleleg hjelp | 8,8 | 8,4 | 7,8 | 5,9 | 7,2 | 8,3 | 10,1 |

I 1955-56 fall framimot 2/3 av samla arbeidsstyrke — rekna som årsverk — på brukarane, mot knapt halvparten i 1938-39. Om lag fjerdeparten av årsverka fall på familiehjelpa i 1955-56, mot tredjeparten før krigen. Framand arbeidshjelp representerte tiandeparten av samla arbeidsstyrke i 1955-56, mot femteparten i 1938-39.

Storparten av arbeidshjelpa (familiemedlemer og framande) er fast hjelp. Det er denne delen av hjelpa som er redusert sterkast. I 1938-39 var 44 prosent av samla arbeidsstyrke fast hjelp, men i 1955-56 berre 28 prosent. Den tilfellelege hjelpa har i same tidsrommet gått attende frå 9 til 8 prosent av talet på årsverk i alt.

Tabell 37 syner arbeidsstyrken utrekna pr. bruk i dei ymse landsluter og storleiksklassar.

Tabell 37. Arbeidsstyrken pr. bruk. Menn.

| | Årsverk pr. bruk | | | | Relative tal | | | |
|-----------------------------|------------------|---------|---------|---------|--------------|---------|-------------|---------|
| | 1938-39 | 1948-49 | 1953-54 | 1955-56 | 1938-39=100 | | 1948-49=100 | |
| | | | | | 1948-49 | 1955-56 | 1953-54 | 1955-56 |
| Austlandet m/ Telemark . | 1,41 | 1,24 | 1,01 | 0,97 | 88 | 69 | 81 | 78 |
| Agder | 0,98 | 0,88 | 0,68 | 0,67 | 90 | 68 | 77 | 76 |
| Vestlandet . . | 1,29 | 1,12 | 0,93 | 0,93 | 87 | 72 | 83 | 83 |
| Trøndelag . . | 1,45 | 1,30 | 1,08 | 1,07 | 90 | 74 | 83 | 82 |
| Nord-Noreg . | 1,07 | 0,83 | 0,69 | 0,69 | 78 | 64 | 83 | 83 |
| Riket | 1,29 | 1,11 | 0,92 | 0,90 | 86 | 70 | 83 | 81 |
| Ved bruk med: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | 0,69 | 0,60 | 0,49 | 0,47 | 86 | 68 | 82 | 79 |
| 20,1- 50 » | 1,13 | 1,00 | 0,84 | 0,82 | 89 | 73 | 84 | 82 |
| 50,1-100 » | 1,64 | 1,47 | 1,24 | 1,24 | 90 | 76 | 84 | 84 |
| Over 100 » | 2,78 | 2,53 | 2,00 | 1,92 | 91 | 69 | 79 | 76 |

Arbeidsstyrken pr. bruk aukar sterkt med bruksstorleiken. Dette har stor verknad på tala for dei einskilde landsluter. Det er serleg leigehjelpa som aukar med aukande bruksstorleik. Samhøvet mellom årsverk som fell på brukar, familiehjelp og leigehjelp skifter då også mykje etter som bruksstorleiken skifter (sjå tabell 36).

Relativtala i tabell 37 syner at nedgangen i samla arbeidsstyrke pr. bruk ikkje ymsar serleg mykje for dei ymse landsluter og storleiksklassar. Frå 1938–39 til 1948–49 var nedgangen størst i Nord-Noreg og i den lægste bruksklassen. For perioden 1948–49 til 1955–56 er det Agder som skil seg ut med størst nedgang. Klassetala syner vel så stor nedgang for dei største bruka som for dei minste. Skilnaden mellom landsdelar og bruksklassar er likevel liten i høve til dei store årlege endringar i samla arbeidsstyrke. At nedgangen i arbeidsstyrken er så ålmenn, tyder på at det er ulike årsaker og verknader som gjer seg gjeldande for dei ymse distrikt og bruksklassar. Auka bruk av maskinar kan i nokon mon vega opp skorten på folkehjelp, men det er ikkje dei same vilkår for maskinbruk alle stader. Sume stader kan skort på arbeidskraft føra til at drifta må leggjast om. Det kan også føra til lengre arbeidsdag for brukaren og huslyden hans. Ein etterrøknad i samband med den representative jordbruksteljinga i 1956 syner at arbeidsdagen for desse no er lengre enn før krigen. Ein syner til side 59 o. fig., der resultatata frå etterrøknaden er tekne inn.

Kvinner.

For kvinner gjeld oppgåvene over arbeidsstyrken ikkje berre gardsdrifta, men også husarbeid. Det let seg ikkje gjera å setja noko klårt skilje her.

Ved omrekning til årsverk har ein rekna med fullt årsverk for kona på bruket, sameleis for kvinnelege brukarar. Arbeidshjelpa er rekna om til årsverk på same måten som for menn.

Tabell 38 syner samla kvinneleg arbeidsstyrke utrekna som årsverk.

Tabell 38. Arbeidsstyrken i utrekna årsverk. Kvinner.

| | Årsverk | | | | Brigde i årsverk | | |
|--|---------|---------|---------|---------|--------------------|--------------------|--------------------|
| | 1938–39 | 1948–49 | 1953–54 | 1955–56 | 1938–39 1955–56 | 1948–49 1955–56 | 1953–54 1955–56 |
| | | | | | (17 år) | (7 år) | (2 år) |
| Ektemakar og kvinnelege brukarar | 174 300 | 177 600 | 175 200 | 170 800 | — 3 500 | — 6 800 | — 4 400 |
| Arbeidshjelp: | | | | | | | |
| Familiemedlemer . . . | 92 700 | 75 800 | 53 300 | 49 400 | — 43 300 | — 26 400 | — 3 900 |
| Framand hjelp | 46 000 | 23 600 | 13 300 | 12 100 | — 33 900 | — 11 500 | — 1 200 |
| Årsverk i alt | 313 000 | 277 000 | 241 800 | 232 300 | — 80 700 | — 44 700 | — 9 500 |
| Av arbeidshjelpa: | | | | | | | |
| Fast hjelp | 127 200 | 88 600 | 57 600 | 51 900 | — 75 300 | — 36 700 | — 5 700 |
| Tilfelleleg hjelp | 11 500 | 10 800 | 9 000 | 9 600 | — 1 900 | — 1 200 | + 600 |

Teljinga i 1949 synte ein nedgang på om lag 36 000 årsverk for kvinner sidan 1938–39. Frå 1949 til 1952 var det ein nedgang på vel 18 000 årsverk og frå 1952 til 1954 ein reduksjon på 17 000 årverk. I den siste 2 års-bolken fram til 1956 svarar nedgangen til 9 500 årsverk. Heile tidsromet frå 1938–39 til 1955–56 syner ein nedgang på knapt 81 000 årsverk. Denne reduksjonen svarar til 25,8 prosent av kvinneleg arbeidskraft i 1938–39. For heile dette tidsromet

på 17 år, sett under eitt, har det vori relativt små brigde når det gjeld ektemakar og kvinnelege brukarar. Kvinneleg familiehjelp derimot har gått tilbake med 47 prosent og framand kvinneleg arbeidshjelp med heile 74 prosent. Reduksjonen har gått hardast utover den faste hjelpa. Denne er redusert med knapt 60 prosent, medan den tilfellelege hjelpa viser ein nedgang på ca. 16 prosent.

Nedgangen i samla kvinneleg arbeidsstyrke var noko mindre enn for mannleg arbeidskraft, når ein ser heile perioden etter 1938–39 under eitt, men i dei siste åra har nedgangen vori sterkare for kvinner enn for menn. Når ein ser bort frå brukarar og ektemakar, har nedgangen i årsverk vori om lag den same for kvinner som for menn — ca. 43 000 årsverk for familiemedlemer og ca. 34 000 årsverk for leighjelp.

Lønene i jordbruket 1956-57.

Kvart år frå og med driftsåret 1915–16 er det henta inn oppgåver over lønene i jordbruket. Dei første åra var det Selskapet for Norges Vel som henta inn oppgåvene. Frå og med 1923–24 er det Byrådet som har denne statistikken. Dei oppgåvene ein hadde tidlegare, var fem-årlege.

Oppgåvene blir henta inn på spørjeskjema som kvart år i januar blir sende til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1956–57 har det komi inn 1 092 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelda den arbeidsløn som ålment blir betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Ein spør etter lønene for menn og kvinner, serskilt for sumar- og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidarar (tenarar og fjørsrøktarar) og for dagarbeidarar. Under dagarbeid skil ein mellom ymse arbeid, både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. Når det gjeld skogsarbeid, spør ein òg etter prisen for hogging av tømmer og ved på akkord.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som medeltal. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåver. Dei oppgåvene ein får inn på denne måten, ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Tabellane VIII og IX bak i boka viser medellønene for bygdene dei to siste åra og fylkestal for 1956–57 for alle dei grupper av lønsmottakarar som ein har oppgåver for. I tabell X er tala jamførde med oppgåvene for 1948–49 og 1955–56. Utviklinga for bygdene under eitt ser ein av tabell 39.

Tabell 39. Arbeidsløn i kroner.

| | I sumarhalvåret | | | | | | | | I vinterhalvåret | | |
|---------|----------------------------------|-------------------------|----------------------|--------------|-------------|--------------|-------------|--------------|----------------------|---------------------|--|
| | Månadsløn på arbeidsgjevars kost | | Dagløn på eigen kost | | | | | | Dagløn for | | |
| | | | I våronna | | I slåttonna | | I skurdonna | | Skogsarbeid | | Skogs- køy- ring (mann og hest) |
| | Te- nest- gutar | Te- nest- gjenter | Menn | Kvin- ner | Menn | Kvin- ner | Menn | Kvin- ner | På arbgj. kost | På eigen kost | |
| 1938–39 | | | | | | | | | | | |
| 1948–49 | 245 | 142 | 17,44 | 11,49 | 18,44 | 12,01 | 17,53 | 11,72 | 14,90 | 19,10 | 29,44 |
| 1949–50 | 263 | 156 | 18,27 | 12,32 | 19,25 | 12,80 | 18,44 | 12,52 | 15,59 | 19,63 | 29,88 |
| 1950–51 | 284 | 173 | 19,62 | 13,26 | 20,59 | 13,77 | 19,64 | 13,42 | 16,97 | 21,39 | 31,10 |
| 1951–52 | 313 | 190 | 21,94 | 14,91 | 22,98 | 15,53 | 22,14 | 15,29 | 19,97 | 24,80 | 36,99 |
| 1952–53 | 341 | 208 | 24,11 | 16,28 | 25,11 | 16,85 | 24,34 | 16,50 | 21,58 | 26,66 | 38,90 |
| 1953–54 | 349 | 217 | 25,23 | 17,13 | 26,09 | 17,82 | 25,24 | 17,54 | 22,34 | 27,77 | 40,47 |
| 1954–55 | 374 | 236 | 26,49 | 18,38 | 27,52 | 18,93 | 26,94 | 18,83 | 24,03 | 29,11 | 42,40 |
| 1955–56 | 398 | 250 | 27,89 | 19,47 | 28,87 | 20,14 | 28,19 | 19,85 | 25,29 | 30,78 | 45,18 |
| 1956–57 | 434 | 266 | 29,91 | 20,52 | 31,08 | 21,21 | 30,34 | 21,09 | 27,26 | 32,78 | 47,68 |

Tabell 40. Arbeidsløn 1956-57 jamført med 1948-49 og 1955-56.

| | Menn | | | | | Kvinner | | | | |
|---|---------|---------|---------|----------------------|---------------------|---------|---------|---------|----------------------|---------------------|
| | 1948-49 | 1955-56 | 1956-57 | Brigde i prosent frå | | 1948-49 | 1955-56 | 1956-57 | Brigde i prosent frå | |
| | | | | 1948-49 til 1956-57 | 1955-56 til 1956-57 | | | | 1948-49 til 1956-57 | 1955-56 til 1956-57 |
| | | | | | | | | | | |
| Månadsløn i sumarhalvåret. Tenestfolk på arbeidsgjevarar kost. | | | | | | | | | | |
| Østfold | 278 | 431 | 460 | + 65,5 | + 6,7 | 163 | 295 | 317 | + 94,5 | + 7,5 |
| Akershus | 270 | 473 | 482 | + 78,5 | + 1,9 | 155 | 315 | 321 | + 107,1 | + 1,9 |
| Hedmark | 234 | 402 | 469 | + 100,4 | + 16,7 | 141 | 263 | 292 | + 107,1 | + 11,0 |
| Oppland | 263 | 453 | 487 | + 85,2 | + 7,5 | 159 | 302 | 303 | + 90,6 | + 0,3 |
| Buskerud | 289 | 460 | 482 | + 66,8 | + 4,8 | 174 | 280 | 296 | + 70,1 | + 5,7 |
| Vestfold | 264 | 443 | 464 | + 75,8 | + 4,7 | 153 | 291 | 267 | + 74,5 | - 8,2 |
| Telemark | 272 | 458 | 512 | + 88,2 | + 11,8 | 172 | 296 | 295 | + 71,5 | - 0,3 |
| Aust-Agder | 270 | 395 | 454 | + 68,1 | + 14,9 | 139 | 253 | 292 | + 110,1 | + 15,4 |
| Vest-Agder | 261 | 405 | 467 | + 78,9 | + 15,3 | 140 | 247 | 283 | + 102,1 | + 14,6 |
| Rogaland | 278 | 455 | 488 | + 75,5 | + 7,3 | 171 | 296 | 302 | + 76,6 | + 2,0 |
| Hordaland | 238 | 359 | 391 | + 64,3 | + 8,9 | 150 | 256 | 270 | + 80,0 | + 5,5 |
| Sogn og Fjord. | 254 | 397 | 426 | + 67,7 | + 7,3 | 159 | 278 | 292 | + 83,6 | + 5,0 |
| Møre og Romsd. | 214 | 345 | 365 | + 70,6 | + 5,8 | 136 | 234 | 252 | + 85,3 | + 7,7 |
| S.-Trøndelag | 213 | 383 | 415 | + 94,8 | + 8,4 | 120 | 219 | 244 | + 103,3 | + 11,4 |
| N.-Trøndelag | 219 | 387 | 431 | + 96,8 | + 11,4 | 122 | 241 | 255 | + 109,0 | + 5,8 |
| Nordland | 218 | 344 | 372 | + 70,6 | + 8,1 | 110 | 184 | 196 | + 78,2 | + 6,5 |
| Troms | 251 | 349 | 381 | + 51,8 | + 9,2 | 116 | 186 | 193 | + 66,4 | + 3,8 |
| Finnmark | 187 | 348 | 381 | + 103,7 | + 9,5 | 97 | 219 | 217 | + 123,7 | - 0,9 |
| Bygdene i alt. | 245 | 398 | 434 | + 77,1 | + 9,0 | 142 | 250 | 266 | + 87,3 | + 6,4 |
| Dagløn i slåttonna på eigen kost. | | | | | | | | | | |
| Østfold | 19,24 | 29,92 | 32,29 | + 67,8 | + 7,9 | 13,48 | 21,35 | 23,33 | + 73,1 | + 9,3 |
| Akershus | 17,25 | 29,24 | 32,56 | + 88,8 | + 11,4 | 13,01 | 21,62 | 23,75 | + 82,6 | + 9,9 |
| Hedmark | 16,72 | 27,00 | 30,38 | + 81,7 | + 12,5 | 11,73 | 20,39 | 21,12 | + 80,1 | + 3,6 |
| Oppland | 16,04 | 27,72 | 30,27 | + 88,7 | + 9,2 | 10,98 | 19,38 | 21,59 | + 96,6 | + 11,4 |
| Buskerud | 19,30 | 30,44 | 32,14 | + 66,5 | + 5,6 | 12,62 | 20,41 | 21,10 | + 67,2 | + 3,4 |
| Vestfold | 18,55 | 29,80 | 32,48 | + 75,1 | + 9,0 | 13,41 | 23,69 | 23,71 | + 76,8 | + 0,1 |
| Telemark | 19,85 | 32,21 | 34,02 | + 71,4 | + 5,6 | 11,38 | 21,89 | 23,36 | + 105,3 | + 6,7 |
| Aust-Agder | 18,47 | 29,52 | 32,93 | + 78,3 | + 11,6 | 10,47 | 18,02 | 20,82 | + 98,9 | + 15,5 |
| Vest-Agder | 19,83 | 29,49 | 32,52 | + 64,0 | + 10,3 | 11,31 | 18,39 | 19,94 | + 76,3 | + 8,4 |
| Rogaland | 19,02 | 29,47 | 31,07 | + 63,4 | + 5,4 | 12,87 | 21,89 | 22,31 | + 73,3 | + 1,9 |
| Hordaland | 17,76 | 27,75 | 29,26 | + 64,8 | + 5,4 | 11,18 | 18,87 | 19,60 | + 75,3 | + 3,9 |
| Sogn og Fjord. | 16,57 | 26,67 | 28,77 | + 73,6 | + 7,9 | 10,97 | 19,17 | 20,12 | + 83,4 | + 5,0 |
| Møre og Romsd. | 17,99 | 27,64 | 29,53 | + 64,1 | + 6,8 | 11,66 | 20,14 | 20,50 | + 75,8 | + 1,8 |
| S.-Trøndelag | 18,61 | 29,55 | 30,83 | + 65,7 | + 4,3 | 13,50 | 22,12 | 22,03 | + 63,2 | - 0,4 |
| N.-Trøndelag | 17,34 | 27,63 | 30,95 | + 78,5 | + 12,0 | 10,88 | 20,45 | 20,89 | + 92,0 | + 2,2 |
| Nordland | 18,48 | 29,19 | 30,57 | + 65,4 | + 4,7 | 11,82 | 18,98 | 20,16 | + 70,6 | + 6,2 |
| Troms | 20,83 | 29,15 | 31,58 | + 51,6 | + 8,3 | 14,86 | 19,33 | 22,06 | + 48,5 | + 14,1 |
| Finnmark | 21,13 | 30,10 | 33,42 | + 58,2 | + 11,0 | 12,41 | 21,54 | 23,72 | + 91,1 | + 10,1 |
| Bygdene i alt. | 18,44 | 28,87 | 31,08 | + 68,5 | + 7,7 | 12,01 | 20,14 | 21,21 | + 76,6 | + 5,3 |

Løna til fast hjelp vart for 1956-57 gjevi opp som månadsløn på arbeidsgjevaren sin kost i sumarhalvåret og i vinterhalvåret. Medels månadsløn sumaren 1956 var 434 kroner for gardsarbeidarar. Det var 9 prosent meir enn året før. Mannlege fjørøktarar hadde 517 kroner pr. måned, 11,9 prosent meir enn sumaren 1955. Månadsløna i sumartida var i medel 266 kroner for tenestgjenter.

I høve til 1955 var det ein auke på 6,4 prosent. Løna til kvinnelege fjøsøktarar var 330 kroner. Det var 8,9 prosent meir enn året før. Frå 1954 til 1955 var det ein auke på 4–6 prosent for lønene i sumarhalvåret.

Månadslønene om vinteren er noko lægre enn lønene i sumartida, men dei auka relativt meir — med 12–15 prosent — siste året.

Som i tidlegare år er lønene fylkesvis stort sett høgst på Austlandet og i Rogaland. Her var medellønene for gardsarbeidarar 460–500 kroner pr. måned om sumaren. I Agder var månadsløna om lag 460 kroner og i Trøndelag 415–430 kroner. På Vestlandet, med unnatak av Rogaland, og i Nord-Noreg var løna 370–430 kroner pr. måned.

Månadsløna for tenestgjenter var i sumartida ca. 300 kroner på Austlandet og i Rogaland, ca. 200 kroner i Nord-Noreg og 250–300 kroner i resten av fylka.

Brigda frå året før ymsar noko frå fylke til fylke, men ligg stort sett mellom 5 og 15 prosent. Dette ser ein av tabell 40.

For dagararbeidarar får ein oppgåver over løna både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. I 1956 var medels dagløn for menn på arbeidsgjevaren sin kost: våronn kr. 24,73, slåttonn kr. 26,30 og skurdonn kr. 25,17. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 29,91, kr. 31,08 og kr. 30,34. I høve til året før, er dette ein lønsauke på kr. 1,60–kr. 1,70 pr. dag på arbeidsgjevars kost og kr. 2,00–kr. 2,20 på eigen kost. Det svarar til 7–8 prosent.

Medels dagløn for kvinner på arbeidsgjevars kost var sumaren 1956: våronn kr. 16,57, slåttonn kr. 17,49 og skurdonn kr. 17,13. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 20,52, kr. 21,21 og kr. 21,09. Auken frå året før var kr. 1,05–kr. 1,25 pr. dag. For løn på arbeidsgjevars kost svarar auken til 7–8 prosent og på eigen kost til 5–6 prosent.

Dagløna for anna gardsarbeid er noko lægre enn for onnearbeid, medan dagløn for grøfting er noko høgare. For handverksarbeid var dagløna i sumartida i 1956 ca. 30 kroner på arbeidsgjevaren sin kost og ca. 35 kroner på eigen kost. I høve til året før var dette ein auke på 5–7 prosent.

For skogsarbeid på dagløn var medelløna i vinterhalvåret 1956–57 kr. 27,26 på arbeidsgjevaren sin kost og kr. 32,78 på eigen kost, ein auke på 7–8 prosent frå året før. Dagløna for skogskøyring (mann og hest) auka med 5,5 prosent til kr. 47,68.

Frå 1954–55 til 1955–56 auka dagløna for gardsarbeid, handverksarbeid og skogsarbeid stort sett med 5–6 prosent.

Medels hogstpris vinteren 1956–57 var kr. 16,45 pr. m³ berkt tømmer og kr. 11,17 pr. m³ uberkt tømmer. Auken frå vinteren før er 7–8 prosent. Hogstprisen for ved var i medel kr. 37,49 pr. 60 cm famn og kr. 3,18 pr. 1 m reis. Auken frå vinteren før var 8–10 prosent.

Jamført med lønene i 1948–49 er månadsløna om sumaren auka med om lag 80 prosent for menn og knapt 90 prosent for kvinner. Dagløna har auka med 70–90 prosent på arbeidsgjevaren sin kost og med 65–80 prosent på eigen kost. Hogstprisane er auka med om lag 70–90 prosent.

Verdsetjinga av kosten hjå arbeidsgjevaren får ein eit uttrykk for ved å samanlikna løn på eigen kost og løn på arbeidsgjevaren sin kost. For 1956–57 var skilnaden mellom desse lønene kr. 4,65–5,60 for menn og kr. 3,70–4,00 for kvinner, rekna som medeltal for heile landet. Året før var kostdagsverdet kr. 4,20–5,30 for menn og kr. 3,80–4,10 for kvinner.

Lønsavtalen frå 1954 — mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund gjekk ut 15. januar 1956. 12. januar vart det semje om nye lønssatsar. Den nye avtalen vart gjord gjeldande frå 1. mars 1956, då ein venta ny prisavtale for jordbruket frå denne datoen. Den leiande

lønssatsen vart auka med 45 øre pr. time — ein auke på ca. 16 prosent. Auken — rekna i prosent — ymsa elles noko for dei einstilte satsane. Satsane er normalsatsar, som før.

Satsane for timelønt gardsarbeid vart sette til kr. 2,00 for menn i alderen 16–18 år, med auke til kr. 3,25 for menn over 21 år med 4 års praksis. For kvinner var satsane kr. 1,85 (16–18 år), aukande til kr. 2,50 (over 20 år med 4 års praksis). Dette gjeld fast arbeid. For sesongarbeid o. l. er det eit tillegg på kr. 3,00 pr. dag for mannlege arbeidarar over 21 år, og elles kr. 2,00 pr. dag.

For gardsarbeidarar blir det ikkje lenger gjevi satsar for månadsløn, men ein kan framleis gjera avtale om månadsløn på grunnlag av timeløna og rekna etter 200 timar pr. måned. For røktarar og kvinneleg innehjelp er det framleis lønssatsar pr. måned.

For fjørsrøktarar aukar satsane frå 662 kroner pr. måned for fjøs med 10–14 kyr, til 772 kroner for fjøs med minst 2 underordna arbeidarar. Røktarar med 4 års praksis på same gard skal ha eit tillegg på 200 kroner pr. år.

Lønssatsane gjeld bruttoløn. For naturali blir det gjort frådrag etter gjeldande satsar. Frå 1. mars 1956 er desse satsane auka og. Frådraget for kost er kr. 4,00 pr. dag eller kr. 120,00 pr. måned. For losji er frådraget frå kr. 35,00 til kr. 50,00 pr. måned. Tidlegare var satsane kr. 3,85 pr. dag for kost og kr. 30,00 pr. måned for losji. Arbeidarar med eige hushald skal ha høve til å kjøpa det dei treng av produkt frå bruket, verdsett etter vanleg pris ved sal frå bruket.

Tabell 41 syner nokre av dei vanlege satsane.

Tabell 41. Nokre tariffsatsar frå lønsavtalane.

| | Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis | | Fjørsrøktar ved fjøs med 15–19 kyr | Kvinneleg innehjelp over 20 år |
|---------------------|---|------------------------------|--|--------------------------------------|
| | med månadsløn | med timeløn (fast arbeid) | | |
| | Kr. pr. mnd. | Kr. pr. time | Kr. pr. mnd. | Kr. pr. mnd. |
| Frå 15. jan. 1950.. | 337,00 | 1,80 | 385,00 | ¹ 140,00 |
| » 15. okt. 1950.. | 372,00 | 1,98 | 425,00 | ¹ 168,00 |
| » 15. april 1951.. | 406,00 | 2,15 | 464,00 | ¹ 199,50 |
| » 15. okt. 1951.. | 448,00 | 2,36 | 510,00 | ¹ 227,50 |
| » 15. jan. 1952.. | 488,00 | 2,56 | 554,00 | ¹ 255,00 |
| » 15. jan. 1953.. | 496,00 | 2,60 | 563,00 | ¹ 264,00 |
| » 14. april 1954.. | 536,00 | 2,80 | 607,00 | ¹ 264,00 |
| » 1. mars 1956.. | .. | 3,25 | 707,00 | ² 470,00 |

¹ Med fri kost og losji.

² Kost og losji rekna med.

For arbeid i gartneri og hagebruk er det serskilte satsar. Satsane for time-lønte arbeidarar over 19 år varierer frå kr. 2,45 til kr. 3,65 etter alder, praksis og sone. Det er eigne satsar for gartnerlærlingar og utlærde gartnerar.

I lønsavtalane er den ordinære arbeidstida for vanleg jordbruksarbeid sett til 48 timar pr. veke. For røktarar skal den vanlege arbeidstida ikkje vera over 220 timar pr. 4 veker. Arbeid utover dette skal godtgjerast etter overtidssatsar. Avtalen har òg vedtak om ferie i samsvar med ferieloven m. m.

Lov av 1948 om arbeidsvilkår i jordbruket er framleis gjord gjeldande, og det er gjevi føresegnar om forbod mot å setja ungdom under 18 år til fârløgt arbeid i jordbruket.

Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.

Hausten 1955 vart det sett i verk ei rekkje tiltak for å avhjelpa dei verste fylgjene av tørken det året. Det vart gjevi ekstrarasjonar av subsidiert kraftfôr til mjølkekyr i fylka på Austlandet og i Agder, i Rogaland og luter av Sør-Trøndelag. I dei same distrikta, med unnatak av Rogaland, fekk mjølkeproduzentane eit omframtilskot på 8 øre pr. kg mjølk, eller kr. 1,50 pr. kg fjell- og gardssmør. For alle bruk med under 100 dekar dyrka jord, utan omsyn til kva distrikt dei ligg i, vart driftsvansketilskotet for mjølk auka med 50 prosent. Staten skulle dekkja ekstraordinære kostnader til mjølketransport og betala frakta for stråfôr frå Trøndelag til tørkeskadde område. Staten skulle òg fremja eksport av kjøt og dekkja frakttilskot for slakt etter gjeldande reglar, utover den summen som tidlegare var løyvd til dette. Dessutan skulle det gjevast høve til auka driftskreditt.

Samstundes vart det gjort framlegg om å taka opp tingingar i januar 1956, med sikte på ein ny prisavtale som skulle gjelda frå 1. mars 1956. I desember gav Stortinget ei løyving på 40,5 mill. kroner til dekking av utgiftene ved hjelpe-tiltaka.

Alt i februar 1956 vart tariffølønene i jordbruket reviderte. For den leiande satsen vart det ein auke på ca. 16 prosent. Dei nye satsane skulle gjelda frå 1. mars 1956.

Fyrst etter langvarige tingingar vart den nye jordbruksavtalen vedteken av partane den 19. april 1956. Avtalen gjeld på visse vilkår for tida fram til 1. juli 1958, men med visse reguleringsføresegner, m. a. etter tariffoppgjær i andre næringar. Regjeringa hadde dregi opp ei ramme for dei økonomiske oppgjera våren 1956. Der var det rekna med ein medels lønsauke på 20 øre pr. time og 8 øre i prisauke pr. liter mjølk. Dersom det for tariffavtalar som gjeikk ut seinast 1. mai vart gjort brigde som fall utanom denne ramma, skulle det takast opp tingingar om justering av avtalen. Ein viss kostnadsauke i jordbruket skulle òg gjeva rett til justering av avtalen.¹⁾

I jordbruksavtalen for 1956-1958 er det vedtak om auka prisar for mjølk og meieriprodukt og brigde i tilskota for mjølk. Pristillegga skulle ha verknad frå 1. mars 1956, slik at det vart gjevi etterbetaling av statsmidlar (ca. 16 mill. kroner) for tida før dei nye prisane tok til å gjelda. Det var ein føresetnad ved avtalen at det skulle bli ny kraftfôr- og korntrygdskipnad. Det vart rekna med at dei årlege statsutgiftene til korntrygd og subsidiering av kraftfôr og kunstgjødsel skulle reduserast med 49 mill. kroner. Dette skulle dekkja auka driftstilskot på mjølk (ca. 29 mill. kroner) og dessutan gjeva 20 mill. kroner årleg til eit fond for finansiering av driftsbyggnader i landbruket. Etter avtalen skulle det òg skipast eit reguleringsfond for å sikra avsetnaden av jordbruksvarer. Dette fondet skal årleg få 8 mill. kroner over statsbudsjettet serskilt til regulerings-tiltak for mjølkeprodukt. Vidare skal fondet få 15. mill. kroner frå kraftfôr-fondet, som er ein lekk i den nye kraftførskipnaden. Skipnaden med frakttilskot for slakt skulle haldast ved lag innan ei ramme på 7 mill. kroner pr. år. Elles skulle det gjevast eit eingongstilskot på 12 mill. kroner, som i nokon mon skulle dekkja dei utgiftene Norges Kjøtt- og Fleskesentral hadde ved regulering av kjøtmarknaden i 1955-56. I avtalen var det teki med visse vedtak om ulltrygda og potettrygda og om eit tilskot på 1 mill. kroner til såfrø i fjellbygdene og i Nord-Noreg.

Det ålmenne prisnivået, slik det kjem til syne i engrosprisindeksen, viste heller små brigde i åra 1952-1955. Det gjorde seg gjeldande ein viss auke i fjerde

¹ På grunnlag av ein lønsauke på 3 øre pr. time utover ramma vart jordbruksavtalen justert i mars 1957 med omsyn til mjølkeprisen.

kvartal 1955, og denne auken heldt fram i 1956. Fylgjande tal frå engrosprisindeksen til Statistisk Sentralbyrå er etter den nye serien, der 1952 er lik 100.

| | | | | | |
|-----------------|------|------|------|------|------|
| | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 |
| Totalindeks ... | 100 | 99 | 101 | 103 | 108 |

Indekstala gjeld prisar ved den innanlandske fyrstegongsomsetnaden av varer — med vektal etter omsetnaden i 1952.

Prisindeksen for jordbruket som Norges Landbrukshøgskole utarbeider, byggjer på prisar til produsent og gjeld norske jordbruksvarer. Indekstala for dei seinare år ser ein av tabell 42.

Tabell 42. Prisindeks for jordbruket frå Norges Landbrukshøgskole. Årsindeks. 1938–39 = 100.

| | 1948 | 1950 | 1951 | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 | 1956 |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | -49 | -51 | -52 | -53 | -54 | -55 | -56 | -57 |
| I. <i>Jordbruksprodukt i alt</i> | 247 | 264 | 287 | 300 | 296 | 326 | 338 | 339 |
| A. <i>Planteprodukt</i> | 212 | 267 | 291 | 313 | 287 | 346 | 369 | 299 |
| 1. Korn..... | 227 | 270 | 301 | 341 | 343 | 356 | 355 | 358 |
| 2. Poteter..... | 203 | 273 | 266 | 265 | 249 | 325 | 395 | 256 |
| 3. Høy..... | 251 | 243 | 337 | 327 | 251 | 221 | 350 | 319 |
| 4. Grønsaker og frukt. | 182 | 257 | 304 | 336 | 237 | 391 | 358 | 234 |
| B. <i>Husdyrprodukt</i> | 255 | 264 | 286 | 297 | 298 | 322 | 330 | 349 |
| 1. Mjølke..... | 251 | 257 | 279 | 291 | 278 | 307 | 335 | 364 |
| 2. Kjøtt..... | 248 | 257 | 271 | 303 | 332 | 361 | 341 | 347 |
| 3. Flesk..... | 266 | 279 | 304 | 299 | 332 | 333 | 306 | 311 |
| 4. Egg..... | 271 | 250 | 298 | 303 | 248 | 256 | 276 | 267 |
| 5. Ull..... | 385 | 601 | 643 | 401 | 482 | 522 | 491 | 509 |
| II. <i>Varer som ein kjøper, i alt</i> | 166 | 212 | 238 | 252 | 256 | 259 | 255 | 297 |
| A. <i>Produksjonsmiddel</i> . | 166 | 215 | 234 | 246 | 248 | 247 | 247 | 298 |
| 1. Kunstgjødsel..... | 123 | 133 | 144 | 149 | 149 | 147 | 152 | 160 |
| 2. Kraftfôr..... | 154 | 244 | 264 | 262 | 259 | 257 | 252 | 347 |
| 3. Maskinar, reiskapar. | 192 | 207 | 223 | 248 | 246 | 255 | 262 | 266 |
| 4. Bygningar..... | 205 | 210 | 232 | 274 | 285 | 282 | 286 | 294 |
| 5. Ymse..... | 159 | 170 | 191 | 205 | 221 | 214 | 222 | 227 |
| B. <i>Innkjøpte mat- og kledevarer m. m...</i> | 167 | 205 | 247 | 263 | 273 | 285 | 273 | 294 |
| III. <i>Arbeidsløn</i> | 395 | 459 | 511 | 563 | 586 | 626 | 661 | 725 |

Indekstallet for jordbruksprodukt i alt har auka dei siste åra, men for året 1956–57 var auken berre 1 poeng, til 339 mot 338 året før. Tallet for planteprodukt gjekk mykje ned, medan indeksetallet for husdyrprodukt synta auke. Oppgangen skriv seg serleg frå auken i mjølkeprisen.

Tabell 43 syner indekstala månadsvis for hovudgruppene.

Kornprisane for avlingsåret 1956 var dei same som året før: 90 øre pr. kg for kveite, 83 øre for rug, 70 øre for bygg og 61 øre for havre. Som før var det eit tillegg på 4 øre pr. kg for bygg frå visse fjell- og fjordbygder. Korn som berre er skikka til fôr, har Statens Kornforretning teki mot etter lægre prisar, såleis 73 øre pr. kg kveite, 63 øre pr. kg bygg og 54 øre pr. kg havre.

Korntrygda for avlinga i 1956 vart brigda i samband med den nye kraftfôrskipnaden, og gjeld berre for avgrensa mengder. For matkorn av kveite og

Tabell 43. Prisindeks for jordbruket frå Norges Landbrukshøgskole.
Månadsindeks. 1938-39 = 100.

| | Plante- produkt | | | Husdyr- produkt | | | Jordbruks- produkt i alt | | | Tekniske pro- duksjonsmiddel | | |
|----------------|--------------------|------|------|--------------------|------|------|-----------------------------|------|------|---------------------------------|------|------|
| | 1954 | 1955 | 1956 | 1954 | 1955 | 1956 | 1954 | 1955 | 1956 | 1954 | 1955 | 1956 |
| Januar | 332 | 344 | 373 | 310 | 332 | 344 | 314 | 334 | 348 | 249 | 244 | 248 |
| Februar | 342 | 346 | 396 | 311 | 321 | 340 | 316 | 325 | 349 | 249 | 245 | 249 |
| Mars | 354 | 347 | 409 | 308 | 311 | 336 | 315 | 316 | 348 | 249 | 245 | 251 |
| April | 357 | 348 | 413 | 302 | 305 | 336 | 310 | 311 | 348 | 249 | 246 | 252 |
| Mai | 361 | 366 | 413 | 299 | 306 | 329 | 309 | 316 | 342 | 249 | 246 | 259 |
| Juni | 374 | 395 | 403 | 300 | 308 | 329 | 312 | 322 | 341 | 248 | 246 | 307 |
| Juli | 358 | 415 | 384 | 331 | 314 | 334 | 335 | 330 | 342 | 247 | 246 | 307 |
| August | 302 | 537 | 302 | 338 | 316 | 347 | 332 | 351 | 340 | 247 | 245 | 305 |
| September | 295 | 361 | 283 | 338 | 348 | 360 | 331 | 350 | 348 | 247 | 245 | 305 |
| Oktober | 298 | 340 | 282 | 336 | 353 | 361 | 330 | 351 | 348 | 247 | 245 | 307 |
| November | 319 | 344 | 283 | 336 | 357 | 359 | 333 | 355 | 347 | 247 | 245 | 308 |
| Desember | 335 | 351 | 295 | 339 | 358 | 368 | 338 | 358 | 357 | 244 | 247 | 308 |

rug er trygda 19 øre pr. kg for inntil 1 000 kg pr. bruk. Utanom dette er trygda for kveite, rug, bygg og erter 14 øre pr. kg og 10 øre pr. kg for havre og blandkorn, men samla mengd som det blir gjevi trygd for, er avgrensa i høve til bu-skapen på bruket pr. 1. juli (for slaktegris og pr. 1. februar), men utan omsyn til bruksstorleik. For kyr t. d. er mengda 250 kg, for slaktegris 50 kg og for

Tabell 44. Korn- og potettrygd 1950-51 til 1954-55
(avlingsåra 1950-1954).

| | I alt bruk med trygd | Trygd i 1000 kroner | | | Prosentvis delt på fylka | | Prosentvis delt på korntrygd og potettrygd | |
|-----------------------|-------------------------------|---------------------|-----------------|--------------|-----------------------------|-----------------|--|-----------------|
| | | Korn- trygd | Potet- trygd | Til saman | Korn- trygd | Potet- trygd | Korn- trygd | Potet- trygd |
| <i>Rekneskapsår:</i> | | | | | | | | |
| 1950-51 | 143 450 | 22 984 | 10 460 | 33 444 | - | - | 68,7 | 31,3 |
| 1951-52 | 152 580 | 25 520 | 14 963 | 40 483 | - | - | 63,0 | 37,0 |
| 1952-53 | 146 483 | 23 415 | 15 639 | 39 054 | - | - | 60,0 | 40,0 |
| 1953-54 | 144 692 | 25 485 | 21 447 | 46 932 | - | - | 54,3 | 45,7 |
| 1954-55 | 141 238 | 25 929 | 15 930 | 41 859 | - | - | 61,9 | 38,1 |
| <i>Fylka 1954-55:</i> | | | | | | | | |
| Østfold | 6 987 | 2 608 | 336 | 2 944 | 10,1 | 2,1 | 88,6 | 11,4 |
| Akershus | 7 959 | 3 086 | 458 | 3 544 | 11,9 | 2,9 | 87,1 | 12,9 |
| Hedmark | 14 089 | 3 968 | 1 307 | 5 275 | 15,3 | 8,2 | 75,2 | 24,8 |
| Oppland | 14 003 | 4 186 | 1 739 | 5 925 | 16,1 | 10,9 | 70,6 | 29,4 |
| Buskerud | 7 399 | 1 530 | 500 | 2 030 | 5,9 | 3,1 | 75,4 | 24,6 |
| Vestfold | 5 446 | 1 858 | 1 188 | 3 046 | 7,2 | 7,5 | 61,0 | 39,0 |
| Telemark | 6 010 | 532 | 683 | 1 215 | 2,1 | 4,3 | 43,8 | 56,2 |
| Aust-Agder | 3 880 | 203 | 325 | 528 | 0,8 | 2,1 | 38,4 | 61,6 |
| Vest-Agder | 4 734 | 161 | 273 | 434 | 0,6 | 1,7 | 37,1 | 62,9 |
| Rogaland | 10 084 | 1 782 | 1 524 | 3 306 | 6,9 | 9,6 | 53,9 | 46,1 |
| Hordaland | 8 226 | 83 | 500 | 583 | 0,3 | 3,1 | 14,2 | 85,8 |
| Sogn og Fjordane | 7 083 | 85 | 754 | 839 | 0,3 | 4,7 | 10,1 | 89,9 |
| Møre og Romsdal | 10 579 | 628 | 923 | 1 551 | 2,4 | 5,8 | 40,5 | 59,5 |
| Sør-Trøndelag | 9 939 | 2 588 | 1 573 | 4 161 | 10,0 | 9,9 | 62,2 | 37,8 |
| Nord-Trøndelag | 9 648 | 2 538 | 2 858 | 5 396 | 9,8 | 17,9 | 47,0 | 53,0 |
| Nordland | 9 846 | 84 | 697 | 781 | 0,3 | 4,4 | 10,8 | 89,2 |
| Troms | 4 593 | 9 | 238 | 247 | - | 1,5 | 3,6 | 96,4 |
| Finnmark | 733 | - | 54 | 54 | - | 0,3 | - | 100,0 |

fjørfe 10 kg. Berre korn som er skikka til mat eller har fullt verd som fôr, er rettkomi til trygd.

Frå og med 1948 har ein hatt potettrygd òg. Denne trygda vart dels knytt til potetarealet, dels til den potetmassen som vart nytta til silofôr. Arealtrygda vart redusert for avlingsåret 1954, og for potetavlinga 1955 og 1956 er det arealtrygd berre for Nord-Noreg og fjell- og fjordbygder i Sør-Noreg. Mengda av potet-silo har auka mykje sidan trygda vart sett i verk, og for avlingsåret 1954 vart det gjevi trygd til 95 mill. dm³ silomasse. For avlingsåret 1955 var silomengda noko mindre. Silotrygda var 12 øre pr. dm³ kokt masse og 8 øre pr. dm³ rå masse for inntil 10 000 dm³ pr. bruk. Dei same satsane gjeld for avlingsåret 1956 òg.

Tabell 44 gjev eit oversyn over korn- og potettrygda for avlingsåra 1950–1954 etter rekneskapane frå Statens Kornforretning.

Tabell 45 gjev eit oversyn over kjøp og leigemaling av norsk korn og utgif-tene til trygd m. m. for kornet.

Tabell 45. Kjøp og leigemaling av norsk korn, utgifter til trygd o. a.

| | Statens kjøp av norsk korn ¹ | Bygdemylnene: Leigemaling og kjøp ² | Statens utgifter til: | |
|---------------|--|--|-----------------------|---|
| | | | Trygd | Innkjøp, frakt o. a. for norsk korn |
| | Tonn | Tonn | Mill. kr. | Mill. kr. |
| 1938–39 | 72 293 | 206 711 | 11,2 | 1,8 |
| 1939–40 | 51 743 | 201 545 | 11,6 | 1,5 |
| 1948–49 | 84 893 | 190 619 | 24,5 | 2,5 |
| 1949–50 | 45 174 | 182 056 | 23,7 | 1,6 |
| 1950–51 | 52 471 | 186 163 | 23,7 | 2,0 |
| 1951–52 | 65 812 | 181 204 | 26,1 | 3,0 |
| 1952–53 | 80 407 | 166 986 | 23,8 | 3,5 |
| 1953–54 | 128 154 | 176 112 | 26,6 | 5,4 |
| 1954–55 | 146 186 | 179 201 | 26,7 | 6,3 |
| 1955–56 | 121 112 | 159 128 | 24,6 | 5,3 |

¹ Frå 1948–49 også bygdemylnene sitt kjøp.

² Frå 1948–49 berre leigemaling.

Tabell V bak i boka gjev eit oversyn over samla tilgang og avgang av korn og poteter, rekna etter forbruksår.

Tabell 46 viser medelprisane for sume produkt etter oppgåver frå Landbrukets Priscentral. Det er medeltal for 6 av dei største byane i landet.

Tabell 46. Prisar til produsent.

| | Høy | | | Poteter | | | Egg | | |
|-----------------|----------------|-------|-------|----------------|-------|-------|------------|------|------|
| | Kr. pr. 100 kg | | | Kr. pr. 100 kg | | | Kr. pr. kg | | |
| | 1939 | 1955 | 1956 | 1939 | 1955 | 1956 | 1939 | 1955 | 1956 |
| Januar | 6,25 | 20,00 | 27,00 | 8,75 | 26,62 | 32,35 | 1,33 | 3,32 | 3,31 |
| Februar | 6,21 | 20,40 | 30,00 | 9,19 | 28,25 | 35,75 | 1,21 | 3,29 | 3,62 |
| Mars | 6,13 | 21,80 | 30,00 | 9,05 | 28,40 | 38,33 | 1,16 | 3,68 | 4,12 |
| April | 6,30 | 23,70 | 30,00 | 8,69 | 29,20 | 38,63 | 1,29 | 4,00 | 4,11 |
| Mai | 7,06 | 27,83 | 30,00 | 8,35 | 30,80 | 38,66 | 1,20 | 4,75 | 4,11 |
| Juni | 7,53 | 29,50 | 30,00 | 8,05 | 36,17 | 37,63 | 1,19 | 5,00 | 4,10 |
| Juli | 7,50 | 29,50 | 24,00 | 10,54 | 48,67 | 37,00 | 1,28 | 4,84 | 4,61 |
| August | 7,67 | 27,00 | 22,00 | 7,48 | 54,70 | 23,00 | 1,46 | 4,55 | 4,60 |
| September | 7,98 | 27,00 | 23,00 | 9,92 | 30,91 | 23,30 | 1,66 | 4,55 | 4,95 |
| Oktober | 8,35 | 27,00 | 23,00 | 10,33 | 26,46 | 18,60 | 1,80 | 4,53 | 5,00 |
| November | 8,94 | 27,00 | 25,00 | 10,10 | 27,71 | 19,50 | 2,08 | 4,53 | 4,25 |
| Desember | 9,13 | 27,00 | 26,00 | 10,10 | 28,42 | 20,50 | 1,66 | 4,05 | 3,45 |
| Året | 7,42 | 25,64 | 26,67 | 9,21 | 33,03 | 30,27 | 1,44 | 4,26 | 4,19 |

Tabell 46 (framh.). Prisar til produsent.

| | Oksekjøt | | | Sauekjøt | | | Flesk | | |
|-----------------|------------|------|------|------------|------|------|------------|------|------|
| | Kr. pr. kg | | | Kr. pr. kg | | | Kr. pr. kg | | |
| | 1939 | 1955 | 1956 | 1939 | 1955 | 1956 | 1939 | 1955 | 1956 |
| Januar | 1,50 | 6,15 | 5,50 | 1,36 | 5,50 | 5,00 | 1,52 | 5,40 | 4,72 |
| Februar | 1,49 | 5,88 | 5,50 | 1,44 | 5,50 | 5,00 | 1,38 | 5,01 | 4,60 |
| Mars | 1,46 | 5,56 | 5,50 | 1,57 | 5,50 | 5,00 | 1,32 | 4,66 | 4,60 |
| April | 1,41 | 5,50 | 5,50 | 1,60 | 5,50 | 5,00 | 1,29 | 4,70 | 4,60 |
| Mai | 1,38 | 5,50 | 5,50 | 1,63 | 5,50 | 5,00 | 1,36 | 4,79 | 4,60 |
| Juni | 1,34 | 5,50 | 5,50 | 1,67 | 5,50 | 5,00 | 1,38 | 4,90 | 4,60 |
| Juli | 1,37 | 5,50 | 5,50 | 1,71 | 5,84 | 5,00 | 1,50 | 4,90 | 4,60 |
| August | 1,35 | 5,50 | 5,50 | 1,61 | 5,00 | 5,40 | 1,53 | 4,90 | 4,60 |
| September | 1,49 | 5,50 | 5,50 | 1,53 | 5,00 | 5,25 | 1,64 | 4,95 | 5,00 |
| Oktober | 1,53 | 5,50 | 5,50 | 1,42 | 5,00 | 5,25 | 1,67 | 5,10 | 5,00 |
| November | 1,52 | 5,50 | 5,60 | 1,42 | 5,00 | 5,30 | 1,67 | 5,18 | 5,05 |
| Desember | 1,49 | 5,50 | 6,00 | 1,53 | 5,00 | 5,65 | 1,72 | 5,35 | 5,30 |
| Året | 1,44 | 5,59 | 5,55 | 1,54 | 5,32 | 5,15 | 1,50 | 4,99 | 4,77 |

På grunn av dei små avlingane i 1955, var potetprisane heller høge heile fyrste halvåret 1956. Utover hausten vart det rikeleg med nye poteter, og prisane gjekk mykje ned. I oktober 1956 var medelprisen til produsent kr. 18,60 pr. 100 kg mot kr. 26,46 i oktober 1955. Potetmjølfabrikkanane sette same grunnpris for fabrikkpoteter hausten 1956 som året før, med kr. 1,10 pr. kg stive + køyre- og lagringstillegg.

Grønsakprisane gjekk noko ned utover hausten 1955, og dei var lægre vinteren 1955-56 enn året før. Hausten 1956 var det store avlingar, serleg av kål og gulrot, og prisane gjekk då mykje ned. Prisane på norsk frukt var etter måten høge hausten 1955, men serleg epleprisane var lægre hausten 1956.

Hausten 1955 vart det sett maksimalprisar på hø, grunna dei små høv-avlingane. I februar 1956 vart prisane auka med kr. 3,00 pr. 100 kg. Frå 20. juli 1956 vart maksimalprisane tekne bort. Prisane gjekk ned i juli-august, men seinare på hausten auka dei att.

Tilførselene av kjøt og flesk var svært store i 1955, og alt i fyrstninga av året gjekk prisane ned. Utførsel av storfekjøt gjorde sitt til å stabilisera prisane. I dei tre fyrste kvartalane av 1956 var prisane om lag ubrigda — med kr. 5,50 pr. kg for oksekjøt, kr. 5,00 for sauekjøt og kr. 4,60 for flesk, etter oppgaver frå Priscentralen. Tilførselene av storfekjøt gjekk noko ned, men flesketilførselene var framleis heller store.

Våren 1956 gjorde jordbruksorganisasjonane krav om høgre engrosnotering på kjøt og flesk. I juli vart det gjevi samtykke til eit sesongtillegg på inntil kr. 2,00 pr. kg for lammekjøt og kr. 1,00 for sauekjøt. Med verknad frå 3. september vart det gjevi samtykke til å auka engrosprisane på flesk med 40 øre pr. kg for klasse I, og noko meir for dei andre klassane. Seinare på hausten vart det gjevi høve til å setja opp engrosprisane på saue- og lammekjøt med inntil 40 øre pr. kg. Det vart ikkje gjevi samtykke til å auka prisane på storfekjøt i denne tida. Difor vart det sett i verk leveringsstogg for kjøt og flesk i november. I slutten av november vart det frå Løns- og prisdepartementet sett fram tilbod om å gå med på å auka noteringsprisen med 30 øre pr. kg for flesk og 50 øre pr. kg for storfe-, kalv- og hestekjøt. Prisauken på kjøt skulle bli dekt ved subsidiering til forbrukarane. Etter dette vart det slutt på leveringsstoggen — frå 26. november. Subsidieringa av kjøtprisane skulle gå for seg ved betaling til kjøparane (forhandlarane).

Det var eit stort sesongfall i eggprisane ved årsskiftet 1955-56. Utover sumaren var tilførselen til sine tider for knapp i høve til etterspurnaden. Samstundes var det gode vilkår for eksport. Noteringsprisen vart auka i juni og september. Brigade i eggprisane måtte òg ha godkjenning frå styresmaktene. Gode pristilhøve i utlandet hadde ført til auka eggproduksjon både i eksport- og importlanda. Vilkåra for eksport av norske egg vart sterkt avgrensa, samstundes som det vart auka tilførsel. Utover hausten var det rikeleg tilførsel av egg. Eit heller stort overskot av egg vart eksportert til prisar som etter kvart gjekk mykje ned. Dei norske eggprisane vart òg sette mykje ned i november og desember. Samla utførsel av egg var 2 600 tonn i 1956 mot 1 400 tonn i 1955.

Prisane på mjølk og mjølkeprodukt vart auka i samsvar med jordbruksavtalen. Maksimalprisen ved sal til forhandlar vart 23. april sett opp med 9,5 øre pr. liter mjølk, 95 øre pr. liter fløyte (35 prosent), kr. 1,00 pr. kg smør og i medel kr. 1,16 pr. kg ost. Pristillegga vart gjorde gjeldande frå 1. mars for produsentane — ved etterbetaling av statsmidlar.

Utsalprisen for mjølk vart etter dette auka med 11 øre pr. liter i laust mål. Utan samanheng med jordbruksavtalen vart utsalprisen for konsummjølk til bruk i vanlege hushald sett ned med 8 øre pr. liter frå 1. september. Samstundes vart statstilskotet til slik mjølk auka med 7,2 øre pr. liter. Ved justering av jordbruksavtalen vart utsalprisen auka med 2 øre pr. liter frå 11. mars 1957.

Tabellane 47 og 48 viser prisane på mjølk og fløyte i utsal og prisane på smør og ost ved sal til detaljist.

Tabell 47. Prisar på mjølk og fløyte. Sone I, laust mål. Øre pr. liter.

| | Heilmjølk | Skumamjølk | Kremfløyte (35 pct. feitt) |
|--|-----------------|------------|-------------------------------|
| Frå 18. februar 1949 | 45 | 20 | 475 |
| » 1. januar 1951 | 45 | 20 | 490 |
| » 25. april 1951 | ¹ 47 | 21 | 510 |
| » 2. mai 1951 | ¹ 49 | 21 | 550 |
| » 17. desember 1951 | 54 | 24 | 595 |
| » 3. juli 1952 | 56 | 26 | 595 |
| » 1. desember 1952 (til vanlege hushald).. | 45 | 26 | 595 |
| » 1. juli 1954 —>— | 53 | 27 | 655 |
| » 23. april 1956 —>— | 64 | 32 | 770 |
| » 1. september 1956 —>— | 56 | 32 | 770 |
| » 11. mars 1957 —>— | 58 | 32 | 780 |

¹ + 1 øre i Oslo og Bergen meieriområde.

Tabell 48. Prisar på smør og ost, frå meieri til detaljist. Kr. pr. kg.

| | Smør | Heilfeit gaudaost | Halvfeit nøkkelost | Blanda geitmysost | Mager mysost |
|-------------------------|------|----------------------|-----------------------|----------------------|-----------------|
| Frå 3. april 1950 | 6,60 | 2,90 | 2,30 | 2,90 | 1,20 |
| » 1. januar 1951 | 6,60 | 3,55 | 2,65 | 3,60 | 1,35 |
| » 18. mai 1951 | 6,60 | 3,85 | 3,00 | 3,80 | 1,45 |
| » 1. januar 1952 | 6,60 | 4,35 | 3,50 | 4,15 | 1,80 |
| » 3. juli 1952 | 6,60 | 4,55 | 3,70 | 4,35 | 1,95 |
| » 1. juli 1954 | 7,05 | 5,20 | 4,45 | 5,00 | 2,65 |
| » 23. april 1956 | 8,05 | 6,35 | 5,60 | 6,20 | 3,80 |

Statstilskotet til mjølkeprisen er dels eit grunntilskot som blir rekna med i grunnprisane når mjølkesentralane gjer opp med produsentane, dels eit driftstilskot som blir rekna ut serskilt for dei einskilde produsentar. Grunntilskotet som gjeld all meierimjølk, var i medel 14 øre pr. liter frå juli 1954. Driftstilskotet var 6 øre pr. kg for dei fyrste 2 500 kg av årsleveransen pr. bruk, 4 øre pr. kg for

dei neste 2 500 kg og 2 øre pr. kg for inntil 2 500 kg meir enn dette. Etter avtalen frå april 1956 skal grunntilskotet vera 12,7 øre pr. liter i medel for året. Det skiftar mellom ca. 9 øre i mai-juni og 16 øre i september-januar. Tilskotet for geitemjølkk er 2 øre høgere. For heilmjølkk og anna uskuma mjølkk som blir levert til detaljutsal, blir det gjevi eit omframtilskot på 10 øre pr. liter. Frå 1. september vart dette tilskotet auka til 17,2 øre pr. liter, i samsvar med brigdet i utsalsprisen for mjølkk. Driftstilskotet vart etter jordbruksavtalen sett til 9 øre pr. kg for inntil 5 000 kg mjølkk årleg pr. bruk og 5 øre pr. kg for inntil 5 000 kg meir enn dette. Elles var det nokre brigde i tilskotsreglane for Finnmark og visse fjell- og fjordbygder og for fraktutgiftene for mjølkk frå produsent til meieri.

Dei prisane som meieria kan betala til leverandørane, vil òg retta seg etter driftskostnadene ved meieria. Tabell 49 gjev eit oversyn over det økonomiske resultatet for meieridrifta etter meieristatistikken.

Tabell 49. Bruttovinning og nettovinning av meierimjølka.
Øre pr. kg. (Kondenseringsfabrikkane ikkje med.)

| År | Bruttovinning | Driftsutgifter | Nettovinning | Av dette | | |
|------------|---------------|----------------|--------------|-------------------|-----------------|-------------------|
| | | | | Til leverandørane | | Til andre føremål |
| | | | | Utbetalt | Andre utreisler | |
| 1950 | 55,03 | 7,94 | 47,09 | 44,82 | 0,51 | 1,76 |
| 1951 | 57,92 | 9,09 | 48,83 | 47,00 | 0,59 | 1,24 |
| 1952 | 64,09 | 10,37 | 53,72 | 51,38 | 0,78 | 1,56 |
| 1953 | 65,54 | 10,10 | 55,44 | 53,30 | 0,81 | 1,33 |
| 1954 | 69,83 | 10,86 | 58,97 | 56,52 | 1,06 | 1,39 |
| 1955 | 75,26 | 11,95 | 63,31 | 60,94 | 1,20 | 1,18 |

Det var auka utførsel av mjølkeprodukt i 1956 — 4 300 tonn smør og 3 700 tonn ost i 1956 mot 1 700 tonn smør og 2 000 tonn ost i 1955.

Noteringsprisane for norsk ull har stort sett vori ubrigda dei siste åra. Tabell 50 viser sume av prisane.

Tabell 50. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

| | Sams heilårs- og haustull | Klasse A I | Klasse A Ekstra |
|------------------------|---------------------------|------------|-----------------|
| Oktober 1950 | 6,70 | 10,50 | 12,45 |
| Desember 1950 | 9,30 | 14,50 | 17,10 |
| Mai 1951 | 10,40 | 16,20 | 19,10 |
| August 1951 | 6,40 | 10,00 | 11,80 |
| Mars 1952 | 5,80 | 9,00 | 10,60 |
| April 1952 | 4,00 | 6,20 | 7,30 |
| Mai 1952 | 4,70 | 7,40 | 8,70 |
| Oktober 1952 | 5,10 | 8,00 | 9,60 |
| Mai 1953 | 5,80 | 9,00 | 10,80 |
| Oktober 1953 | 5,75 | 9,50 | 10,50 |
| 1. april 1954 | 6,85 | 9,75 | 10,50 |
| 10. mai 1954 | 7,35 | 10,25 | 11,00 |
| 11. oktober 1954 | 7,35 | 9,75 | 10,50 |

Det har framleis vori noko utførsel av ull, 677 tonn i 1956 mot 734 tonn i 1955.

I sesongen 1955-56 vart det omsett pelsskinn for ca. 35 mill. kroner ved Oslo-auksjonane, mot 27 mill. kroner i sesongen før. Eksportverdet av ureidde pelsskinn (med unnatak av sel og kobbe) var 47,9 mill. kroner i 1956 mot 40,7 mill. kroner i 1955. Marknaden låg framleis godt til rette for minkskinn. Det vart bodi fram mykje skinn av mutasjonsmink. Prisane var noko fallande, og sesongen 1956-57 tok til med noko dårlegare prisar ved desemberauksjonane 1956 enn ved auksjonane i desember 1955, både for rev- og minkskinn. Tabell 51 gjev eit oversyn over skinnprisane ved Osloauksjonane.

Tabell 51. Medelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane.
Kr. pr. skinn.

| | Sølvrev | Platina- rev | Blårev | Standard mink | | Mutasjonsmink | | | |
|------------------|---------|-----------------|--------|---------------|-------------|---------------|-------------|-----------------|-------------|
| 1950-51 | 172 | 192 | 125 | 151 | | 193 | | | |
| 1951-52 | 127 | 168 | 92 | 97 | | 148 | | | |
| 1952-53 | 80 | 145 | 68 | 79 | | 119 | | | |
| 1953-54 | 84 | 127 | 95 | 95 | | 132 | | | |
| 1954-55 | 99 | 131 | 170 | 110 | | 147 | | | |
| | | | | Stand. I-II | | Pastell I-II | | Silverblue I-II | |
| | | | | Han- nar | Tis- per | Han- nar | Tis- per | Han- nar | Tis- per |
| Desember 1955 . | 79 | .. | 85 | 156 | 88 | 220 | 139 | 176 | 107 |
| Januar 1956 ... | 92 | 123 | 83 | 129 | 76 | 199 | 121 | 165 | 108 |
| Februar 1956 ... | 92 | 131 | 67 | 118 | 74 | 188 | 114 | 150 | 95 |
| April 1956 | 71 | 130 | 69 | 105 | 64 | 149 | 94 | 124 | 91 |
| Medel 1955-56 .. | 86 | 126 | 81 | 126 | 76 | 191 | 119 | 168 | 105 |
| Desember 1956 . | 67 | 118 | 83 | 133 | 62 | 168 | 94 | 168 | 103 |
| Januar 1957 ... | 75 | 120 | 79 | 108 | 52 | 140 | 72 | 159 | 83 |
| Mars 1957 | 80 | 118 | 82 | 96 | 53 | 137 | 66 | 128 | 74 |

Etter tingingar vart det i september 1956 semje om tømmerprisane for 1956-57. For Austlandet og Sørlandet vart prisen på toppmålt tømmer kr. 100,50 pr. m³ for gran og kr. 97,50 for furu. Prisen på midtmålt tømmer var kr. 86,00 for gran og kr. 75,00 for furu og for skurdslip av furu kr. 85,00. Ei investeringsavgift på 10 prosent av bruttoverdet er då rekna med i prisen. Desse prisane ligg mellom kr. 2,50 og kr. 6,00 høgre enn i sesongen før. Skipnaden med prisreguleringsavgifter og prisreguleringsstilskot som galdt i 1954-55 og 1955-56, vart ikkje nya oppatt. Treforedlingsindustrien skal i staden betala ei avgift i 1956-57 for kjøp av granvyrke. Denne er på kr. 3,25 pr. m³ fast mål og kr. 2,50 pr. m³ laust mål og går til eit «Skogtiltaksfond». Samla avgift skal ikkje vera meir enn 11,05 mill. kroner. Fondet skal ha som føremål å yta lån til sams tiltak for å fremja skogbruket, m. a. til framdrift og omsetnad av skogsvyrke. Vidare var det føresetnaden at prisane på skurdlast vart sette opp.

Det vart fastsett nye noteringsprisar for ved på Austlandet og i Trøndelag, gjeldande frå 1. april 1956. For 60 cm bjørkeved vart prisane auka med kr. 8,00 pr. famn og for skogsved med kr. 6,00 pr. famn.

Tabell 52 gjev eit oversyn over tømmer- og vedprisane.

Tabell 52. Prisær for tømmer og ved.

| | Basisprisar for tømmer, levert vassdrag på Austlandet. Kr. pr. m ³ | | | | | Vedprisar Kr. pr. famn | | |
|-----------------|---|-------|---------------------------|-------|-------------------|------------------------|----------|--------|
| | Skurd-tømmer | | Slip- og cellulose-tømmer | | | Bjørk 60 cm | Skogsved | |
| | Gran | Furu | Gran | Furu | Skurd-slip (furu) | | 60 cm | 3 m |
| 1949-50 | 47,00 | 46,50 | 41,50 | 36,00 | 39,50 | 68,00 | 55,00 | 211,00 |
| 1950-51 | 73,00 | 67,50 | 64,50 | 54,50 | 58,00 | 68,00 | 55,00 | 211,00 |
| 1951-52 | 81,50 | 81,50 | 70,00 | 65,00 | 68,00 | 90,00 | 70,00 | 270,00 |
| 1952-53 | 78,00 | 78,00 | 67,00 | 59,00 | 65,00 | 100,00 | 80,00 | 310,00 |
| 1953-54 | 78,00 | 75,00 | 67,00 | 55,00 | 65,00 | 90,00 | 72,00 | 279,00 |
| 1954-55 | 90,60 | 87,60 | 79,00 | 61,00 | 73,50 | 90,00 | 72,00 | 279,00 |
| 1955-56 | 97,60 | 94,60 | 83,50 | 69,00 | 80,00 | 105,00 | 80,00 | 310,00 |
| 1956-57 | 100,50 | 97,50 | 86,00 | 75,00 | 85,00 | 113,00 | 86,00 | 335,00 |

Lønsavtalen i skogbruket vart i 1956 sagt opp av begge partane. Eit framlegg om ny avtale vart vraka av arbeidarane, og det kom til konflikt ved utgangen av september. Den 17. oktober kom det i stand ny avtale, og det vart slutt på konflikten. Avtalen gjeld til 31. august 1957. Ved denne avtalen vart løns-satsane for hogging auka med om lag 6 prosent og for lunning og køyring med om lag 8 prosent.

Prisnivået for produksjonsmiddel til landbruket har auka mykje i 1956. Indekstalet for denne varegruppa i prisindeksen frå Norges Landbrukshøgskole var 247 i desember 1955, 308 ved utgangen av året 1956 og 298 for driftsåret 1956-57. I høve til 1955-56 var det kraftfôret som synte mest auke.

Etter jordbruksavtalen vart dei generelle tilskota til kunstgjødsel sette ned med 3 mill. kroner. Kunstgjødselprisane for terminen 1956-57 ligg noko høgre enn i førre innkjøpstermin. Tabell 53 viser prisane ved levering om våren. Om hausten er prisane noko lægre.

Tabell 53. Prisar på kunstgjødsel og kraftfôr. Kroner pr. 100 kg.

| | Kunstgjødsel | | | Kraftfôr | | | |
|----------------|---------------------------------|--|---------------------------------------|---|----------|---------|---------------------------|
| | Kalk-salpeter 15,5 pct. N | Super-fosfat Norsk 7,4-7,9 pct. P | Kalium-gjødsel 31,5-34,9 pct. K | Fôr-blanding (ca. 50 pct. protein) | Maisgrøp | Ruggris | Sildmjøl (salt-fattig) |
| 1949 | 14,45 | 11,15 | 15,80 | 37,59 | 32,00 | 22,50 | 36,28 |
| 1950 | 14,45 | 11,15 | 15,80 | 60,82 | 43,83 | 34,78 | 64,28 |
| 1951 | 16,00 | 11,30 | 19,35 | 71,69 | 55,80 | 41,00 | 77,20 |
| 1952 | 17,35 | 11,85 | 20,60 | 71,81 | 55,80 | 41,00 | 77,20 |
| 1953 | 17,35 | 11,85 | 20,60 | 70,00 | 55,80 | 41,00 | 77,20 |
| 1954 | 17,40 | 11,85 | 20,60 | 70,00 | 55,80 | 40,49 | 77,20 |
| 1955 | 16,90 | 12,10 | 20,70 | 67,50 | 55,80 | 36,90 | 77,20 |
| 1956 | 17,90 | 13,70 | 23,10 | 86,83 | 71,07 | 51,50 | 99,80 |
| 1957 | 18,50 | 14,60 | 24,50 | .. | .. | .. | .. |

Frå 1. mai 1956 vart prisane på kraftfôr auka frå eit nivå på vel 50 øre pr. føreining til 70-75 øre pr. f.e. Ved kjøp på gjeldande tilvisingar for rasjoneringsbolken fram til 30. juni 1956 vart prisane reduserte med 22 øre pr. kg. Det vart gjevi same prisreduksjonen for kraftfôrkjøp mot tilvising etter den nye

kraftfôrskipnaden frå 1. juli 1956. Pristilskotet på 10 øre pr. kg kraftfôr til små bruk fall då bort.

Prisane på landbruksmaskinar og reiskapar vart jamt over auka noko ved årsskiftet 1955-56. Tabell 54 syner nokre prisar våren 1955 og 1956.

Tabell 54. Prisar på maskinar og reiskaper. Kroner pr. stk.

| | Plog for traktor 2×10'' | Radså-maskin 13 l. | Slåmaskin for traktor | Arbeidskjerre | Høyvogn |
|------------|-------------------------|--------------------|-----------------------|---------------|---------|
| | | | | med gummihjul | |
| 1955 | 1 141 | 1 360 | 1 325 | 920 | 1 300 |
| 1956 | 1 255 | 1 496 | 1 325 | 920 | 1 300 |

Prisane på jordbrukseigedomar har auka mykje sidan 1951. I 1955 var medels skyldmarksverde for vanlege jordbrukseigedomar i fri omsetnad 8 prosent høgre enn året før og vel 40 prosent høgre enn i åra 1949-1951.

I oktober 1954 vart dei tidlegare prisføresegner for fast eigedom tekne bort. Dei nye føresegnene gjeld sal av eigedomar med 1-5 husvære og inntil 10 dekar tomtareal. Dei gjeld berre i område der mellombels lov om husleigeregulering er gjeldande. Lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (Jordlova) kjem i staden for den tidlegare jordlova frå 1928. Den nye lova gjev staten utvida forkjepsrett til jord.

Tabell 55 gjev eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapanane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med.

Tabell 55. Rekneskapsresultat i jordbruket.

| År, distrikt og storleiksklassar | Talet på bruk | Innmarksareal-dekar pr. bruk | Kroner pr. dekar | | | | | | | | |
|----------------------------------|---------------|------------------------------|------------------|----------------------|---------------------------------|-------------|-----------|---------------------|-------------------------------|-----------|-------------|
| | | | Jordbrukskapital | Produksjonsinntekter | Kostnader | | Over-skot | Av dette | | Løns-evne | For-renting |
| | | | | | I alt, utan-om arbeid og renter | Leige-hjelp | | Ut-rekna-rente-krav | Ar-beids-for-teneste til fam. | | |
| 1949-50 | 1 024 | 118,1 | 503 | 197,96 | 78,24 | 30,87 | 88,85 | 15,09 | 73,76 | 104,63 | 14,48 |
| 1950-51 | 1 023 | 118,9 | 529 | 211,36 | 84,14 | 31,73 | 95,49 | 15,87 | 79,62 | 111,35 | 16,24 |
| 1951-52 | 1 000 | 117,2 | 571 | 228,75 | 98,64 | 31,89 | 98,22 | 17,13 | 81,09 | 112,98 | 9,87 |
| 1952-53 | 1 000 | 118,8 | 606 | 244,99 | 110,86 | 34,26 | 99,87 | 18,18 | 81,69 | 115,95 | 7,84 |
| 1953-54 | 1 002 | 117,2 | 660 | 256,17 | 117,07 | 34,55 | 104,55 | 19,80 | 84,75 | 119,30 | 11,05 |
| 1954 | 1 004 | 119,6 | 605 | 262,97 | 129,93 | 35,07 | 97,97 | 18,15 | 79,82 | 114,89 | 6,69 |
| 1955 | 1 016 | 125,0 | 612 | 269,70 | 145,54 | 34,35 | 89,81 | 21,42 | 68,39 | 102,74 | 4,03 |
| <i>1955:</i> | | | | | | | | | | | |
| Flatbygder | 375 | 201,0 | 559 | 240,25 | 136,98 | 37,36 | 65,91 | 19,57 | 46,34 | 83,70 | 2,97 |
| Skogbygder | 174 | 107,0 | 543 | 215,66 | 123,34 | 31,72 | 60,60 | 19,01 | 41,59 | 73,31 | 23,43 |
| Dal- og fjellbygder | 80 | 74,0 | 650 | 278,85 | 149,69 | 39,10 | 90,06 | 22,75 | 67,31 | 106,41 | 27,22 |
| Agder | 60 | 52,0 | 732 | 305,90 | 165,95 | 27,66 | 112,29 | 25,62 | 86,67 | 114,33 | 8,76 |
| Jæren og Boknfj.. | 28 | 112,0 | 753 | 460,03 | 244,39 | 34,87 | 180,77 | 26,36 | 154,41 | 189,28 | 82,47 |
| Fjord- og innbgd. | 115 | 78,0 | 664 | 327,02 | 158,55 | 43,12 | 125,35 | 23,24 | 102,11 | 145,23 | 16,22 |
| Kystbygder | 74 | 59,0 | 683 | 348,43 | 181,57 | 26,81 | 140,05 | 23,91 | 116,14 | 142,95 | 3,78 |
| Nord-Noreg | 110 | 68,0 | 668 | 267,87 | 132,75 | 24,24 | 110,88 | 23,38 | 87,50 | 111,74 | 22,82 |
| Inntil 50 dekar .. | 231 | 40,0 | 753 | 338,69 | 179,84 | 28,25 | 130,60 | 26,36 | 104,24 | 132,49 | 33,35 |
| 50,1-100 dekar | 383 | 74,0 | 620 | 285,55 | 155,07 | 28,98 | 101,50 | 21,70 | 79,80 | 108,78 | 6,00 |
| 100,1-200 » | 229 | 137,0 | 558 | 232,46 | 125,88 | 38,97 | 67,61 | 19,53 | 48,08 | 87,05 | 7,07 |
| 200,1-300 » | 93 | 245,0 | 452 | 183,51 | 101,04 | 42,66 | 39,81 | 15,82 | 23,99 | 66,65 | 9,68 |
| 300,1-500 » | 58 | 375,0 | 508 | 197,67 | 106,38 | 51,73 | 39,56 | 17,78 | 21,78 | 73,51 | 22,05 |
| Over 500 » | 22 | 620,0 | 501 | 211,37 | 115,76 | 62,92 | 32,69 | 17,54 | 15,15 | 78,07 | 22,73 |

I tabellen er driftsresultata sette opp på ein annan måte enn før. Verdsetting for familien sitt arbeid er ikkje teki med i kostnadene, og overskotet skal då nyttast både til kapitalrenter og til betaling for familien sitt arbeid. Lønsemda kan ein elles rekna ut anten som arbeidsforteneste, etter frådrag av vanleg rentekrav, eller som kapitalforteneste (forrenting), dersom ein reknar med vanleg arbeidsbetaling for familien. Lønsevna er samla arbeidsforteneste for familien og legehjelpa rekna under eitt.

Frå og med 1954 blir rekneskapsresultata rekna ut for kalenderåret. Dette er i samsvar med rekneskapsterminen for jordbruk som etter skattelova har rekneskaps- eller noteringsplikt. Jordbrukskapitalen blir frå same tid rekna pr. 31. desember (mot før pr. 31. mars) og verdet av hovudbygningar blir no haldi utanom driftsrekneskapen.

Både inntekter og kostnader har auka sidan 1949-50. Utgiftene til legehjelp syner heller små brigde, for di denne arbeidshjelpa er redusert, samstundes som timeløna har auka.

Overskot og arbeidsforteneste auka frå 1949-50 til 1953-54, men gjekk attende i 1955.

Driftsresultata ymsar mykje med bruksstorleiken. Stort sett har dei minste bruka etter måten stor inntekt pr. dekar, men det er likevel for lite til å gjeva vanleg dagløn for arbeidet. Desse bruka har stor lønsevne pr. dekar, men lita lønsevne pr. time. Dei større bruka har mindre inntekt og overskot pr. dekar, men dei har òg færre arbeidstimar å dela overskotet på. Desse bruka har større lønsevne pr. time. Forrentinga aukar òg med bruksstorleiken.

Dette har i nokon mon verknad på medeltala for dei einskilde distrikt òg.

Rekna pr. brukseining, svara overskotet av jordbruksdrifta til kr. 6 476 i 1955 mot kr. 6 990 i 1954. Dette er medetal, vegne i samsvar med bruksfordelinga ved jordbruksteljinga i 1949. Til dette kjem inntektene av skogbruk og andre inntekter utanom jordbruksdrifta. Desse var noko større enn i 1954. Samla overskot for familien (arbeidsvederlag og forrenting) var kr. 11 313 i 1955. Etter frådrag av gjeldsrenter og kårtingar var nettoinntekta kr. 10 520 i 1955, mot kr. 10 159 i 1954.

Tabell 56. Totalrekneskap for jordbruket.¹ Mill. kroner.

| | 1938-39 | 1939-40 | 1952-53 | 1953-54 | 1954-55 | 1955-56 | 1956-57 Førebelse tal |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|---------|-----------------------------|
| Inntekter av planteprodukt... | 104,7 | 125,5 | 369,1 | 381,2 | 447,9 | 507,2 | 526,0 |
| Inntekter av husdyrprodukt... | 461,3 | 485,6 | 1 409,7 | 1 432,7 | 1 599,2 | 1 705,1 | 1 831,1 |
| Andre inntekter | 51,5 | 55,4 | 145,5 | 149,7 | 164,3 | 149,3 | 159,4 |
| Lagerbrigde | 46,9 | 15,1 | 3,5 | 26,4 | 8,1 | 50,9 | 30,8 |
| I alt inntekter | 664,4 | 651,4 | 1 927,8 | 1 990,0 | 2 219,5 | 2 310,7 | 2 547,3 |
| Kostnader | 310,9 | 313,7 | 820,7 | 838,1 | 896,4 | 1 052,3 | 1 094,1 |
| Nettoprodukt | 353,5 | 337,7 | 1 107,1 | 1 151,9 | 1 323,1 | 1 258,4 | 1 453,2 |
| + statstilskot | 12,3 | 11,2 | 62,5 | 67,4 | 73,7 | 87,9 | 89,1 |
| ÷ renter av eigen og lånt kapital | 97,4 | 101,8 | 141,2 | 144,3 | 156,3 | 222,9 | 251,0 |
| Utrekna total arbeidsinntekt.. | 268,4 | 247,1 | 1 028,4 | 1 075,0 | 1 240,5 | 1 123,4 | 1 291,3 |
| Av inntektene: | | | | | | | |
| Sal av plante- og husdyrprodukt | 418,2 | 442,0 | 1 356,7 | 1 392,7 | 1 603,2 | 1 770,2 | 1 917,0 |
| Heimeforbuk av plante- og husdyrprodukt | 136,3 | 158,1 | 383,3 | 372,7 | 401,2 | 408,1 | 400,8 |

¹ Pelsdyrnæringa er rekna med.

I samband med tingingane om jordbruksprisane, har Budsjettneimnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i fyrste rekkje syna kva verd som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sette inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot for å fremja produksjonen. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft, som er sett inn i jordbruket. Hovudresultata ser ein av tabell 56.

I høve til året før, gjekk nettoproduktet og arbeidsinntekta noko ned i 1955-56. Samla inntekter hadde auka, men kostnadene hadde òg auka, serleg til kjøp av fôr. Dessutan gjorde lagerbrigde (m. a. nedgang i buskapsverdet) sitt til å setja ned inntektene. Førebelse oppgaver for 1956-57 syner auka inntekter, serleg for mjølk. For total arbeidsinntekt er auken 168 mill. kroner.

Reknar ein inntektene etter faste prisar, får ein eit uttrykk for brigda i produktmengdene. Relativtala er då ein volumindeks for produksjonen. Tabell 57 viser desse tala for dei siste åra.

Tabell 57. Sal og heimeforbruk av plante- og husdyrprodukt.

| | 1938-39 | 1953-54 | 1954-55 | 1955-56 | 1956-57 |
|----------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Relative tal (volumindeks) | 100 | 107 | 112 | 115 | 123 |

Det har ikkje vori nye etterrøknader over gjeldstilhøva i jordbruket sidan 1946. Etter likningsoppgåvene pr. 1. januar var gjelda i prosent av bruttoeiga: 45,2 i 1932, 40,3 i 1940 og 20,2 i 1946. Ein har ikkje fullstendige oppgaver over gjeldstilhøva for seinare år, men oppgåvene frå bankar og kredittsamskipnader m. m. syner at utlåna har auka. Utlånsmassen frå desse institusjonar er delt på næringar, men slik at jordbruk og skogbruk er sedde under eitt. Tabell 58 gjev eit oversyn over utlåna til jord- og skogbruk.

Tabell 58. Kjende utlån til jord- og skogbruk. Mill. kroner.

| Långevarar | 31. des. 1953 | 30. juni 1954 | 31. des. 1954 | 30. juni 1955 | 31. des. 1955 | 30. juni 1956 |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Statsb ankar | 453 | 476 | 501 | 511 | 526 | 530 |
| Forretnings- og sparebankar ¹ | 784 | 812 | 866 | 898 | 941 | 989 |
| Kredit tsamskipnader | 127 | 131 | 135 | 137 | 152 | 149 |
| Offentlege fond, trygdslag o. l. ¹ | 62 | 60 | 59 | 62 | 66 | .. |
| Sum | 1 426 | 1 479 | 1 561 | 1 608 | 1 685 | .. |

¹ Tala er retta.

Gjelda til private som har gjevi lån, og varegjeld til handlarar, er ikkje med i tabell 58.

Auken i utlåna må ein sjå i samband med dei store investeringane i tida etter krigen. Det gjeld både jord- og skogbruk og andre næringar. Tabell 59 gjev eit oversyn over investeringa.

Tabell 59. Investeringar i jordbruket. Mill. kroner.

| | 1952 | 1953 | 1954 | 1955 ¹ |
|--|------|------|------|-------------------|
| Brutto investering | 484 | 510 | 564 | 568 |
| Kapitalslit | 298 | 311 | 317 | 341 |
| Netto investering | 186 | 199 | 247 | 227 |
| Av dette til: | | | | |
| Driftsbygningar og grunnforbetringar | 120 | 146 | 168 | 163 |
| Maskinar m. m. | 66 | 53 | 79 | 64 |

¹ Førebels oppgåve.

Bruttoinvesteringa gjeld òg kapitalslit (vedlikehald og avskrivning) som er rekna med som årlege kostnader i totalrekneskapen (tabell 56).

I 1955 vart det gjennomført penge- og kredittpolitiske tiltak som m. a. skulle bremsa på investeringane. Rentenivået er etter kvart auka. I februar 1955 sette Norges Bank diskontosatsen opp til 3,5 prosent. Samstundes vart utlånsverksemda frå både bankar og kredittsamskipnader avgrensa. I desember 1955 vart det gjort avtale med bankane om skjerpt kredittpolitikk.

Ein stor del av gjelda i jord- og skogbruk er knytt til visse statsbankar og kredittsamskipnader. Tabell 60 syner samla utlån i mill. kroner frå desse institusjonane.

Tabell 60. Utlån frå statsbankar og kredittsamskipnader.
Mill. kroner.

| | 1939 | 1949 | 1955 | | 1956 | |
|---|-------|-------|----------|----------|----------|----------|
| | | | 30. juni | 31. des. | 30. juni | 31. des. |
| Hypotekbanken..... | 459,9 | 373,8 | 449,5 | 451,3 | 453,9 | 454,9 |
| Småbruk- og Bustadbanken..... | 226,9 | 153,3 | 549,6 | 588,2 | 607,8 | 644,8 |
| Arbeiderbruk- og Boligbanken | 16,5 | 4,5 | 1,3 | 1,2 | 1,0 | 0,9 |
| Lånekassen for jordbrukere..... | 30,0 | 11,0 | 4,1 | 3,8 | 3,6 | 3,4 |
| Driftskredittkassen for jordbruket | 0,8 | 17,4 | 50,3 | 51,6 | 54,5 | 55,7 |
| Norges Kreditforening for Land- og Skogbruk | 56,6 | 84,0 | 124,0 | 128,9 | 131,1 | 135,2 |
| Norges Landhypotekforening for 2. prior. | - | 0,8 | 1,4 | 1,5 | 1,9 | 2,0 |
| Centralkassen for Bøndernes Driftskreditt..... | 8,4 | 12,6 | 11,2 | 21,9 | 15,7 | 32,6 |

Desse tala gjeld òg utlån utanom jord- og skogbrukssektoren, t. d. lån til bustader utan eigentleg jordbruk.

Gjennom statsbankane gjev staten kreditt på eit rimeleg rentenivå. Utanom dette gjev staten òg direkte stønad til investeringar i jordbruket ved rentefritak og tilskot. Tabell 61 syner tilskota i dei siste budsjettåra.

Tabell 61. Statstilskot til bureising, jorddyrking m. m. 1000 kroner.

| | Bureising | Jord- dyrking m. m. | Søkkings- og vass- forsynings- arbeid | Bureisings- og søtervegar | Potet- kjellarar, gjødsel- oppsamling m. m. | Maskin- stasjonar |
|-------------|-----------|---------------------------|--|---------------------------------|---|----------------------|
| 1949-50 ... | 2 315 | 9 815 | 692 | 588 | 3 810 | 3 000 |
| 1950-51 ... | 2 175 | 9 032 | 2 541 | 773 | 4 975 | 2 213 |
| 1951-52 ... | 2 208 | 10 369 | 2 558 | 984 | 5 443 | 1 966 |
| 1952-53 ... | 4 953 | 13 822 | 4 642 | 1 144 | 2 192 | 3 243 |
| 1953-54 ... | 4 504 | 23 652 | 6 458 | 1 521 | 1 600 | 2 701 |
| 1954-55 ... | 6 323 | 22 919 | 6 288 | 1 701 | 1 095 | 2 386 |
| 1955-56 ... | 6 132 | 32 259 | 7 584 | 2 106 | 767 | 2 280 |

Etter at reglane for stønad til jorddyrking vart brigda i 1952, har tilskota til jorddyrkinga auka sterkt. For 1956-57 vart løyvingane auka til 53,5 mill. kroner. Frå 1. juli 1956 vart det atter sett middel- og inntektsgrense for ordinære jorddyrkingstilskot, men med høgre satsar enn dei som galdt før 1952. Dessutan vart det sett ei arealgrense på 200 dekar for ordinære tilskot til nydyrking, men for tilskot til grøfting av tidlegare dyrka jord var det framleis inga arealgrense. Elles er det særskilde tilskot til bureising og visse byggjearbeid på eldre bruk. Hjelpetiltak av fondet for driftsbygningar — som var ein lekk i jordbruksavtalen — blir finansierte gjennom kraftfôrprisane. Administrasjonen av dette er lagd til Statens Småbruks- og Bustadbank. Av tidlegare løyvingar på i alt 35 mill. kroner til regulerings- og foredlingsanlegg for jordbruksvarer, var det nytta 24,3 mill. kroner pr. 30. juni 1956. Etter jordbruksavtalen i 1956 vart det frå og med 1956-57 løyvt 8 mill. kroner til eit fond for reguleringstiltak for å sikra avsetnaden av smør og ost. Elles er det som produksjonsfremjande tiltak framleis tilskot m. a. til sikring av frøavlenn, utnytting av fjellbeiter og til grasfrø m. m. i fjellbygder og Nord-Noreg. Korn- og potettrygda er nemnd tidlegare.

Lova for fremjing av omsetnaden av jordbruksvarer har vori gjeldande sidan 1936. Føremålet med lova er gjennom samyrke å fremja omsetnaden av jordbruks- og hagebruksprodukt. Lova gjev høve til å leggja på avgifter ved omsetnaden av slike varer — for inntil eit år om gangen. Produsentane skal svara avgiftene når dei sel, leverer eller får oppgjer for varene. Avgiftssatsane og samla avgift for dei avgiftspliktige varene var i 1955:

| | |
|--|-------------------------|
| Mjølkk: 0,25 øre pr. liter | i alt ca. 2,8 mill. kr. |
| Flesk, kjøtt av storfe, kalv og sau: 10 øre pr. kg | — » — 8,6 » » |
| Egg: 5 øre pr. kg | — » — 0,9 » » |
| Pelsskinn: 3 prosent av salsummen | — » — 1,0 » » |
| Grønsaker, frukt og bær: 1,8 prosent av salsummen (jordbær 2 prosent) | — » — 1,7 » » |

Dette blir i alt ca. 15 mill. kroner.

Avgiftene blir nytta til opplysningsarbeid, marknadsregulering o. a., og dessutan til stønad ved byggjing av lagerhus, foredlingsanlegg o. l. — etter vedtak av Omsetningsrådet.

Frå 1. februar 1957 blir det lagt avgift til Omsetningsrådet for fjørfeslakt og. Avgifta er 10 øre pr. kg.

I samband med dei økonomiske oppgjer våren 1956 — med ny jordbruksavtale og tariffoppgjer for store grupper av lønsmottakarar — vart omfanget av statstilskota til prisregulering brigda. Frå 20. mars 1956 vart det slutt på subsidiane til sukker, kaffi og råemne til margarin. Subsidiane til brødmjøl vart reduserte. Som nemnt før, vart elles subsidiane til konsummjølk auka noko i september 1956. Tabell 62 gjev eit oversyn over tilskota til prisregulering.

Tabell 62. Tilskot til prisregulering. Mill. kroner.

| | Over statsrekneskapen (kap. 1166) | | | | | | | Over Prisdirektoratet sine fond ¹ |
|---------|-----------------------------------|------|-----------------|----------------------|--------------|------|-------|--|
| | Brødmjøl | Mjøl | Kjøtt og fleisk | Kraftfôr og matfeitt | Kunstgjødsel | Anna | I alt | |
| 1952-53 | 138 | 205 | 5 | 80 | 34 | 13 | 475 | 192 |
| 1953-54 | 120 | 254 | 5 | 69 | 40 | 7 | 495 | 101 |
| 1954-55 | 104 | 266 | 6 | 115 | 40 | 1 | 532 | 136 |
| 1955-56 | 113 | 322 | 20 | 101 | 35 | 2 | 593 | 159 |

¹ M. a. til kaffi, sukker og tekstilråvarer.

Samla tilskot over statsrekneskapen var oppe i 782 mill. kroner i 1949-50. Summen vart redusert sterkt i dei fylgjande to åra. Seinare har det vori auke att.

Arbeidsdagen i jordbruket.

I samband med den representative jordbruksteljinga i 1956 vart det henta inn ein del oppgaver over arbeidsdagen i jordbruket — kor lang arbeidsdagen var og inndelinga i økter. Oppgåvene vart gjevne serskilt for sumar- og vintertida.

Frå tidlegare har ein tre etterrøknader over arbeidsdagen i jordbruket. Det var Selskapet for Norges Vel som hadde dei to fyrste — for åra 1915 og 1919. Resultata frå desse vart publiserte under eitt i 1924 i «Arbeidsdagens lengde og inndeling i jordbruk og skogbruk i Norge».

Den tredje etterrøknaden galdt 1939. Det var Statistisk Sentralbyrå som stod for denne. Resultata frå denne etterrøknaden er prenta i «Arbeidstiden m. v. i jordbruk og gartneri 1939» (NOS IX 170). Der er oppgåvene frå 1939 jamførde med oppgåvene frå 1915 og 1919. Publikasjonen gjev såleis eit oversyn over alle etterrøknadene.

Det er turvande å ta visse atterhald når det gjeld jamføring mellom etterrøknaden frå 1956 og dei som har vori tidlegare.

I 1915, 1919 og 1939 vart oppgåvene henta inn på den måten at det vart sendt ut spørjeskjema til dei same som gav dei årlege opplysningar om arbeidsløna i jordbruket — det vil seia til om lag 2 600 brukarar. Svара skulle gjelda arbeidsdagen, slik dei meinte han mest vanleg var i deira del av heradet. Det vart gjevi serskilde oppgaver for større og mindre bruk i 1915 og 1919, men dette skiljet var ikkje markert med nokor viss arealgrense. I 1939 vart oppgåvene gjevne for bruk med stadig leigehjelp («større bruk») og andre bruk («mindre bruk») kvar for seg. For bruka med leigehjelp skulle oppgåvene gjelda arbeidsdagen for tenestgutar og andre leigde gardsarbeidarar. For dei andre bruka var det — som i 1915 og 1919 — den vanlege arbeidsdagen på bruka som skulle leggjast til grunn.

Talet på oppgaver ved dei tre etterrøknadene var om lag 1700.

I 1956 vart oppgåvene henta inn frå dei vel 22 000 bruka som er med i den representative jordbruksteljinga. Dei einskilde brukarane skulle gjeva oppgaver

over arbeidsdagen ved deira eige bruk. I 1956 var det såleis individuelle oppgaver. I alt var det over 15 000 som gav opplysningar om arbeidsdagen.

I dette oversynet er resultatata frå dei fire etterrøknadene jamførde. Samanlikninga gjeld medeltala for alle oppgåvene i dei einskilde fylke. For dei tre fyrste etterrøknadene er tala rekna ut som enkle medeltal på grunnlag av dei tidlegare utrekna tal for større og mindre bruk.

For 1956 har ein òg rekna ut medeltal for bruk av ymse storleik. Det er nytta bruksgruppene: Bruk med 5,1–20 dekar jordbruksareal, 20,1–50 dekar, 50,1–100 dekar og bruk med over 100 dekar jordbruksareal. Desse kassetala er gjevne berre som rikstal.

Når arbeidsdagen tok til.

Av tabell 63 ser ein oppgåvene prosentvis fordelte etter kva tid den ordinære arbeidsdagen tok til om sumaren, rekna etter klokkeslett.

Tabell 63. Talet på bruk prosentvis fordelt etter når arbeidsdagen tok til om sumaren.

| | Klokkeslett | | | | | | | |
|----------------------|----------------|------|------|------|------|------|------|-----------------|
| | 5 og tidlegare | 5.30 | 6.00 | 6.30 | 7.00 | 7.30 | 8.00 | 8.30 og seinare |
| Alle bruk 1915 | 2 | 1 | 49 | 16 | 29 | 2 | 1 | – |
| » » 1919 | 1 | 1 | 36 | 17 | 39 | 3 | 3 | – |
| » » 1939 | – | 1 | 11 | 9 | 53 | 10 | 15 | 1 |
| » » 1956 | 2 | 3 | 21 | 8 | 44 | 6 | 15 | 1 |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | |
| 5,1– 20 dekar | 1 | 1 | 14 | 5 | 49 | 6 | 22 | 2 |
| 20,1– 50 » | 2 | 2 | 22 | 8 | 45 | 5 | 15 | 1 |
| 50,1–100 » | 2 | 4 | 26 | 11 | 40 | 6 | 11 | – |
| Over 100 » | 3 | 5 | 21 | 11 | 42 | 7 | 11 | – |

I 1915 tok arbeidsdagen til kl. 6 ved halvparten av bruka. I tida framover til 1939 vart det vanlegare at dagen tok til seinare. I 1939 byrgja dagen kl. 7 ved meir enn halvparten av bruka, og det var vanlegare å byrgja etter kl. 7 enn før dette klokkeslettet. I 1956 var det noko vanlegare enn i 1939 å byrgja dagen kl. 6 eller tidlegare, men ikkje på langt nær så vanleg som i 1915 og 1919.

Tabell 64 gjev tilsvarende oppgaver for vintertida.

Tabell 64. Talet på bruk prosentvis fordelt etter når arbeidsdagen tok til om vinteren.

| | Klokkeslett | | | | | | | |
|----------------------|-------------------|------|------|------|------|------|------|--------------|
| | 5.30 og tidlegare | 6.00 | 6.30 | 7.00 | 7.30 | 8.00 | 8.30 | 9 og seinare |
| Alle bruk 1915 | – | 6 | 4 | 32 | 12 | 39 | – | 7 |
| » » 1919 | – | 4 | 3 | 37 | 12 | 38 | – | 6 |
| » » 1939 | – | 2 | 2 | 32 | 11 | 43 | – | 10 |
| » » 1956 | 2 | 11 | 7 | 39 | 8 | 30 | 1 | 2 |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | |
| 5,1– 20 dekar | 1 | 5 | 3 | 35 | 7 | 43 | 1 | 5 |
| 20,1– 50 » | 1 | 10 | 6 | 40 | 8 | 32 | 1 | 2 |
| 50,1–100 » | 2 | 14 | 11 | 40 | 7 | 23 | 1 | 2 |
| Over 100 » | 4 | 16 | 10 | 41 | 9 | 20 | – | – |

Når det gjeld vintertida, var fordelinga nokolunde eins ved dei tre fyrste etterrøknadene, men i 1956 var det ein god del vanlegare enn før at arbeidsdagen tok til kl. 7 eller tidlegare.

Klassetala frå 1956 syner at om vinteren er det relativt meir vanleg å byrgja arbeidsdagen tidleg di større bruka er. Om sumaren er det mindre skilnad mellom bruk av ymse storleik i så måte, men dei minste bruka skil seg ut, med relativt mange bruk som byrgjar dagen heller seint (kl. 8 og seinare).

Tabell 65 syner klokkeslettet — rekna som medeltal — når arbeidsdagen tok til.

Tabell 65. Når arbeidsdagen tok til. Klokkeslett.

| | Sumar | | | | Vinter | | | |
|-----------------------|-------|------|------|------|--------|------|------|------|
| | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 |
| Bygdene i alt | 6.21 | 6.34 | 7.02 | 6.51 | 7.29 | 7.29 | 7.38 | 7.14 |
| Østfold | 6.04 | 6.22 | 6.38 | 6.38 | 7.24 | 7.21 | 7.18 | 6.53 |
| Akershus | 6.13 | 6.09 | 6.29 | 6.33 | 7.00 | 6.56 | 7.05 | 6.49 |
| Hedmark | 6.14 | 6.26 | 6.41 | 6.41 | 7.17 | 7.10 | 7.11 | 6.57 |
| Oppland | 6.09 | 6.17 | 6.33 | 6.50 | 7.08 | 7.10 | 7.13 | 7.18 |
| Buskerud | 6.13 | 6.20 | 6.49 | 6.44 | 7.20 | 7.23 | 7.37 | 7.12 |
| Vestfold | 6.34 | 6.35 | 7.00 | 6.40 | 7.24 | 7.32 | 7.24 | 6.55 |
| Telemark | 6.30 | 6.39 | 7.06 | 6.56 | 7.40 | 7.40 | 7.51 | 7.16 |
| Aust-Agder | 6.48 | 6.47 | 7.32 | 7.17 | 7.52 | 7.43 | 7.55 | 7.41 |
| Vest-Agder | 6.47 | 6.58 | 7.30 | 6.40 | 7.54 | 7.47 | 7.59 | 7.05 |
| Rogaland | 6.53 | 7.03 | 7.15 | 6.12 | 7.57 | 7.50 | 7.48 | 6.49 |
| Hordaland | 6.38 | 6.38 | 7.09 | 6.47 | 7.43 | 7.49 | 7.56 | 7.20 |
| Sogn og Fjordane | 6.21 | 6.30 | 7.11 | 7.00 | 7.42 | 7.51 | 8.04 | 7.29 |
| Møre og Romsdal | 6.20 | 6.29 | 7.22 | 7.19 | 7.37 | 7.44 | 8.03 | 7.38 |
| Sør-Trøndelag | 6.25 | 6.39 | 7.06 | 7.07 | 7.19 | 7.32 | 7.30 | 7.21 |
| Nord-Trøndelag | 6.26 | 6.35 | 6.58 | 7.12 | 7.18 | 7.20 | 7.18 | 7.22 |
| Nordland | 6.15 | 6.26 | 6.56 | 6.54 | 7.15 | 7.19 | 7.28 | 7.20 |
| Troms | 6.14 | 6.23 | 6.51 | 6.54 | 7.11 | 7.21 | 7.08 | 7.19 |
| Finnmark | — | — | 7.01 | 7.13 | — | — | 7.23 | 7.16 |
| Bruksklassar: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | — | — | — | 7.04 | — | — | — | 7.30 |
| 20,1- 50 » | — | — | — | 6.51 | — | — | — | 7.17 |
| 50,1-100 » | — | — | — | 6.43 | — | — | — | 7.05 |
| Over 100 » | — | — | — | 6.45 | — | — | — | 6.59 |

I 1956 tok arbeidsdagen til 11 minuttar tidlegare enn i 1939 om sumaren og 24 minuttar tidlegare om vinteren. I vintertida tok dagen til kl. 7.14 etter oppgåvene i 1956. Det var tidlegare enn ved nokon av dei andre etterrøknadene. Om sumaren tok dagen til tidlegare (kl. 6.51) enn i 1939, men ikkje så tidleg som i 1915 og 1919.

I 1915 tok arbeidsdagen til vel ein time seinare om vinteren enn om sumaren. Denne skilnaden har blitt mindre og mindre, og var berre vel 20 minuttar i 1956.

Arbeidsdagen tek til tidlegare i Rogaland enn i dei andre fylka. Det er serleg merkande i sumartida. Stort sett er det i Aust-Agder, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nord-Noreg, at arbeidsdagen tek til seinast. I dei aller fleste fylka tok dagen til tidlegare i 1956 enn i 1939. I Rogaland og Vest-Agder byrgja dei om lag ein time tidlegare i 1956 — både sumar og vinter.

Klokkesletta for dei einskilde bruksklassar i 1956 syner at arbeidsdagen tek til seinast ved dei minste bruka. Det er liten skilnad mellom bruksklassane over 50 dekar.

Når arbeidsdagen slutta.

Tabell 66 syner bruka fordelte etter klokkeslettet når arbeidsdagen slutta om sumaren.

Tabell 66. Talet på bruk prosentvis fordelt etter når arbeidsdagen slutta om sumaren.

| | Klokkeslett | | | | | | | | | | 22 og seinare |
|--------------------|-----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|---------------|
| | 17 og tidlegare | 17.30 | 18.00 | 18.30 | 19.00 | 19.30 | 20.00 | 20.30 | 21.00 | 21.30 | |
| Alle bruk 1915 | — | | 2 | 3 | 20 | 14 | 43 | 7 | 9 | 1 | 1 |
| » » 1919 | — | | 4 | 3 | 26 | 13 | 40 | 4 | 8 | 1 | 1 |
| » » 1939 | 3 | | 4 | 7 | 37 | 13 | 29 | 3 | 4 | — | — |
| » » 1956 | 7 | 2 | 11 | 5 | 19 | 8 | 20 | 5 | 13 | 3 | 7 |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | | | | |
| 5,1– 20 dekar | 12 | 3 | 11 | 3 | 20 | 8 | 20 | 4 | 11 | 2 | 6 |
| 20,1– 50 » | 6 | 2 | 8 | 4 | 19 | 8 | 21 | 6 | 15 | 3 | 8 |
| 50,1–100 » | 4 | 2 | 9 | 5 | 19 | 8 | 21 | 7 | 14 | 3 | 8 |
| Over 100 » | 9 | 7 | 21 | 8 | 19 | 6 | 12 | 3 | 6 | 3 | 6 |

Opgåvene var meir spreidde i 1956 enn tidlegare. Såleis var kveldstid kl. 18 og tidlegare og kl. 21 og seinare mykje meir vanleg i 1956 enn ved dei tidlegare etterrøknadene.

Tabell 67 gjev tilsvarende oppgåver for vintertida.

Tabell 67. Talet på bruk prosentvis fordelt etter når arbeidsdagen slutta om vinteren.

| | Klokkeslett | | | | | | | | | | 21 og seinare |
|--------------------|-----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|---------------|
| | 16 og tidlegare | 16.30 | 17.00 | 17.30 | 18.00 | 18.30 | 19.00 | 19.30 | 20.00 | 20.30 | |
| Alle bruk 1915 | 6 | 9 | 29 | 11 | 17 | 5 | 11 | 2 | 7 | 2 | 1 |
| » » 1919 | 8 | 2 | 31 | 7 | 21 | 7 | 14 | 4 | 5 | 1 | — |
| » » 1939 | 4 | 5 | 27 | 7 | 19 | 6 | 21 | 3 | 7 | — | 1 |
| » » 1956 | 5 | 2 | 18 | 5 | 19 | 6 | 20 | 5 | 13 | 2 | 5 |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | | | | |
| 5,1– 20 dekar | 7 | 3 | 22 | 4 | 17 | 4 | 19 | 5 | 12 | 1 | 6 |
| 20,1– 50 » | 5 | 2 | 16 | 4 | 18 | 5 | 21 | 6 | 15 | 2 | 6 |
| 50,1–100 » | 4 | 2 | 15 | 4 | 18 | 7 | 21 | 6 | 15 | 3 | 5 |
| Over 100 » | 2 | 3 | 23 | 9 | 26 | 7 | 17 | 3 | 6 | 1 | 3 |

Kveldstid kl. 17 eller før var ikkje så vanleg i 1956 som tidlegare. Derimot var det relativt fleire som slutta arbeidsdagen kl. 20 eller seinare i 1956.

Opgåvene for bruk av ymse storleik syner at tidleg kveldstid er relativt mest vanleg ved dei største og minste bruka. Det gjeld både for sumar- og vintertida. Sein kveldstid er etter måten lite vanleg ved bruka over 100 dekar. Det er innan bruka mellom 20 og 100 dekar ein finn relativt flest med sein kveldstid.

Tabell 68 syner medels klokkeslett for kveldstida i dei einskilde fylke etter dei fire etterrøknadene.

Tabell 68. Når arbeidsdagen slutta. Klokkeslett.

| | Somar | | | | Vinter | | | |
|-----------------------|-------|-------|-------|-------|--------|-------|-------|-------|
| | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 |
| Bygdene i alt | 19.47 | 19.42 | 19.23 | 19.34 | 17.47 | 17.51 | 18.00 | 18.27 |
| Østfold | 20.05 | 19.55 | 19.29 | 19.19 | 17.22 | 17.23 | 17.21 | 17.49 |
| Akershus | 19.45 | 19.41 | 19.00 | 19.04 | 17.14 | 17.26 | 17.32 | 17.54 |
| Hedmark | 19.34 | 19.26 | 18.56 | 18.58 | 17.27 | 17.40 | 17.39 | 17.57 |
| Oppland | 19.48 | 19.39 | 19.24 | 18.58 | 17.28 | 17.44 | 17.51 | 17.44 |
| Buskerud | 20.00 | 19.54 | 19.33 | 19.28 | 17.40 | 17.30 | 17.31 | 17.52 |
| Vestfold | 19.38 | 19.16 | 19.08 | 19.32 | 17.52 | 17.40 | 17.39 | 17.59 |
| Telemark | 19.27 | 19.08 | 18.46 | 19.07 | 17.22 | 17.15 | 17.11 | 17.42 |
| Aust-Agder | 18.59 | 18.57 | 18.05 | 18.14 | 17.00 | 17.27 | 17.07 | 17.20 |
| Vest-Agder | 19.11 | 19.05 | 18.29 | 19.22 | 17.17 | 17.21 | 17.12 | 18.15 |
| Rogaland | 19.40 | 19.34 | 19.04 | 19.26 | 17.26 | 17.52 | 17.52 | 18.18 |
| Hordaland | 20.02 | 20.07 | 19.48 | 20.24 | 17.59 | 17.52 | 18.03 | 19.00 |
| Sogn og Fjordane | 20.24 | 20.23 | 19.55 | 20.13 | 18.13 | 17.52 | 17.59 | 19.05 |
| Møre og Romsdal | 20.23 | 20.22 | 20.00 | 20.17 | 18.12 | 18.08 | 18.23 | 19.15 |
| Sør-Trøndelag | 19.58 | 19.50 | 19.28 | 19.28 | 18.08 | 18.07 | 18.32 | 18.49 |
| Nord-Trøndelag | 19.47 | 19.38 | 19.23 | 19.06 | 18.14 | 18.32 | 18.26 | 18.18 |
| Nordland | 19.57 | 19.51 | 19.34 | 20.03 | 18.28 | 18.44 | 18.39 | 18.58 |
| Troms | 19.54 | 19.40 | 19.48 | 19.49 | 18.40 | 18.31 | 19.04 | 19.07 |
| Finnmark | - | - | 19.10 | 19.37 | - | - | 18.36 | 19.32 |
| Bruksklassar: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | - | - | - | 19.21 | - | - | - | 18.19 |
| 20,1- 50 » | - | - | - | 19.44 | - | - | - | 18.33 |
| 50,1-100 » | - | - | - | 19.45 | - | - | - | 18.34 |
| Over 100 » | - | - | - | 19.01 | - | - | - | 18.06 |

For heile landet sett under eitt slutta arbeidsdagen i sumartida 11 minuttar seinare i 1956 enn i 1939, men kveldstida var seinare i 1915 og 1919 enn i 1956. Medels kveldstid om vinteren har blitt seinare og seinare for kvar etterrøknad. Oppgåvene frå 1956 syner at kveldstida då var 27 minuttar seinare enn i 1939 og 40 minuttar seinare enn i 1915. Det har vori ei utjamning mellom kveldstida i sumar- og vintertida, slik at skilnaden no er mindre enn før. I 1915 slutta arbeidsdagen 2 timar tidlegare om vinteren enn om sumaren. I 1956 var ikkje denne skilnaden stort meir enn 1 time.

Stort sett sluttar arbeidsdagen tidlegast på Austlandet. Av dei einiskilde fylke er det likevel Aust-Agder som har tidlegaste kveldstida. Dette fylket skil seg klårt ut frå dei andre. Det skilde seg òg ut ved å byrgja dagen seinare enn dei andre fylka. Arbeidsdagen sluttar seinast på Vestlandet og i Nord-Noreg.

Det var berre nokre få fylke som slutta av arbeidsdagen tidlegare i 1956 enn i 1939.

I Vest-Agder var kveldstida om lag ein time seinare i 1956 enn i 1939 både sumar og vinter. I Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Finnmark var kveldstida om vinteren ikring ein time seinare i 1956 enn i 1939, men om sumaren var skilnaden mindre.

Arbeidsdagen sluttar tidlegast ved dei største bruka både sumar og vinter — etter 1956-oppgåvene. Ved bruka mellom 5 og 20 dekar kom kveldstida noko seinare, og seinast vart dagen slutta av ved bruka mellom 20 og 100 dekar.

Brutto arbeidstid.

Brutto arbeidstid er tida frå den ordinære arbeidsdagen tek til om morgonen til han sluttar om kvelden. Den tida som går med til måltider og kvile, er såleis med i brutto arbeidstid.

Tabell 69 gjev eit oversyn over brutto arbeidsdag i timar, rekna som medeltal for dei einiskilde fylke.

Tabell 69. Medels bruttoarbeidsdag i timar og minuttar.

| | Sumar | | | | Vinter | | | |
|-----------------------|-------|-------|-------|-------|--------|-------|-------|-------|
| | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 |
| Bygdene i alt | 13.26 | 13.08 | 12.21 | 12.43 | 10.18 | 10.22 | 10.22 | 11.13 |
| Østfold | 14.00 | 13.33 | 12.51 | 12.41 | 9.57 | 9.54 | 10.03 | 10.56 |
| Akershus | 13.30 | 13.54 | 12.31 | 12.31 | 10.15 | 10.27 | 10.27 | 11.05 |
| Hedmark | 13.21 | 12.57 | 12.15 | 12.17 | 10.03 | 10.36 | 10.28 | 11.00 |
| Oppland | 13.39 | 13.27 | 12.51 | 12.08 | 10.36 | 10.42 | 10.38 | 10.26 |
| Buskerud | 13.42 | 13.33 | 12.44 | 12.44 | 10.27 | 9.54 | 9.54 | 10.40 |
| Vestfold | 13.06 | 12.33 | 12.08 | 12.52 | 10.18 | 10.30 | 10.15 | 11.04 |
| Telemark | 13.03 | 12.33 | 11.40 | 12.11 | 9.45 | 9.39 | 9.20 | 10.26 |
| Aust-Agder | 12.09 | 12.03 | 10.33 | 10.57 | 9.15 | 9.51 | 9.12 | 9.39 |
| Vest-Agder | 12.21 | 12.15 | 10.59 | 12.42 | 9.24 | 9.36 | 9.13 | 11.10 |
| Rogaland | 12.48 | 12.30 | 11.49 | 13.14 | 9.36 | 9.42 | 10.04 | 11.29 |
| Hordaland | 13.18 | 13.18 | 12.39 | 13.37 | 10.15 | 9.54 | 10.07 | 11.40 |
| Sogn og Fjordane | 14.00 | 13.54 | 12.44 | 13.13 | 10.42 | 10.03 | 9.55 | 11.36 |
| Møre og Romsdal | 14.09 | 13.54 | 12.38 | 12.58 | 10.54 | 10.27 | 10.20 | 11.37 |
| Sør-Trøndelag | 13.36 | 13.09 | 12.22 | 12.21 | 10.36 | 10.36 | 11.02 | 11.28 |
| Nord-Trøndelag | 13.21 | 12.57 | 12.25 | 11.54 | 11.03 | 10.54 | 11.08 | 10.56 |
| Nordland | 13.42 | 13.30 | 12.38 | 13.09 | 11.00 | 11.30 | 11.11 | 11.38 |
| Troms | 13.57 | 13.27 | 12.57 | 12.55 | 11.21 | 11.21 | 11.56 | 11.48 |
| Finnmark | — | — | 12.09 | 12.24 | — | — | 11.13 | 12.16 |
| Bruksklassar: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | — | — | — | 12.17 | — | — | — | 10.49 |
| 20,1- 50 » | — | — | — | 12.53 | — | — | — | 11.16 |
| 50,1-100 » | — | — | — | 13.02 | — | — | — | 11.29 |
| Over 100 » | — | — | — | 12.16 | — | — | — | 11.07 |

Medeltalet for heile landet om sumaren var 12 timar og 43 minuttar. Det var 22 minuttar meir enn i 1939, men knapt tre kvarter mindre enn i 1915 og framimot ein halvtime mindre enn i 1919. Brutto arbeidstid om vinteren var om lag eins ved dei tre fyrste etterrøknadene, men vel 50 minuttar lengre i 1956 (11 timar og 13 minuttar).

I 1915 var brutto arbeidsdag over tre timar lengre om sumaren enn om vinteren. I 1939 var denne skilnaden 2 timar, og i 1956 halvannan time.

I 1956 var det Hordaland som hadde lengst brutto arbeidsdag om sumaren, vel 13 ½ time. Rogaland, Sogn og Fjordane og Nordland hadde òg meir enn 13 timar. Kortast arbeidstid hadde Aust-Agder med knapt 11 timar. Det var ein time mindre enn i neste fylke — Nord-Trøndelag.

I vintertida var brutto arbeidsdag i 1956 mellom 11 ½ og 12 timar på Vestlandet og i Nord-Noreg. Aust-Agder hadde kortast dag om vinteren òg — med vel 9 ½ time. I fylka på Austlandet var brutto arbeidstid stort sett mellom 10 ½ og 11 timar.

I Vest-Agder var brutto arbeidstid om sumaren 1 ¾ time lengre i 1956 enn i 1939. Om vinteren var det ein auke på to timar. I Rogaland var brutto arbeids-

tid lengd med $1\frac{1}{2}$ time både sumar og vinter, og i Hordaland med ein time om sumaren og $1\frac{1}{2}$ time om vinteren. Elles var det fleire fylke der arbeidstida var om lag ein time lengre enn i 1939 om vinteren og ca. ein halv time lengre om sumaren. I Oppland var dagen framimot $\frac{3}{4}$ time kortare om sumaren i 1956 enn i 1939, og i Nord-Trøndelag var han ein halv time kortare. Desse fylka hadde litt kortare brutto arbeidstid enn i 1939 om vinteren òg.

Brutto arbeidstid var i 1956 kortast ved dei minste og dei største bruka, medan bruka mellom 50 og 100 dekar hadde lengst bruttoarbeidsdag.

Inndelinga av arbeidsdagen.

Innan bruttoarbeidsdagen fell den tida som går med til opphald mellom arbeidsøktene, til måltider og kvile. Den tida som går med til desse opphalda, vil retta seg etter kor mange arbeidsøkter det er og kor lange opphalda er.

Tabell 70 syner korleis bruka fordeler seg etter talet på økter.

Tabell 70. Talet på bruk prosentvis fordelt etter talet på økter.

| | Sumar | | | | Vinter | | | |
|----------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| | Med 2 økter | Med 3 økter | Med 4 økter | Med 5 økter | Med 2 økter | Med 3 økter | Med 4 økter | Med 5 økter |
| Alle bruk 1915 | 3 | 31 | 65 | 1 | 41 | 40 | 19 | — |
| » » 1919 | 2 | 39 | 58 | 1 | 34 | 49 | 17 | — |
| » » 1939 | 2 | 54 | 43 | 1 | 30 | 51 | 19 | — |
| » » 1956 | 11 | 50 | 37 | 2 | 26 | 50 | 24 | — |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | 16 | 49 | 34 | 1 | 32 | 49 | 19 | — |
| 20,1- 50 » | 8 | 50 | 40 | 2 | 24 | 52 | 24 | — |
| 50,1-100 » | 7 | 50 | 41 | 2 | 22 | 49 | 29 | — |
| Over 100 » | 16 | 55 | 27 | 2 | 33 | 48 | 19 | — |

I 1956 var 3 økter det mest vanlege både sumar og vinter — ved halvparten av bruka. Om vinteren er 2 og 4 økter om lag like vanleg, medan 4 økter er langt meir vanleg enn 2 økter om sumaren.

Det er tidlegare peika på at det har vori ei utjamning mellom sumar og vinter når det gjeld arbeidsdagen. Dette kjem til syne når det gjeld inndelinga av dagen òg. I 1915 var det berre få som hadde 2 økter i sumartida, og det var 4 økter som var det mest vanlege. I vintertida var 2 økter vanlegare enn 3 og 4 økter. I tida framover til 1939 vart 3 økter meir og meir vanleg både sumar og vinter, medan det vart relativt færre med 4 økter om sumaren og med 2 økter om vinteren. Oppgåvene i 1956 synte relativt fleire enn tidlegare med 2 økter i sumartida og 4 økter i vintertida. I 1915 var talet på økter, rekna som medel for alle bruk, 3,6 om sumaren og 2,8 om vinteren. I 1956 var det 3,3 om sumaren og 3,0 om vinteren.

3 økter var det mest vanlege i 1956 — ved ikring halvparten av bruka — i alle bruksklassar. Det var mellom dei minste og største bruka det var relativt flest som nytta 2 økter, medan det var bruksklassane mellom 20 og 100 dekar som etter måten hadde flest bruk med 4 økter.

Det er stor skilnad mellom dei ymse fylke når det gjeld øktinndelinga. Dette ser ein av tabell 71.

Tabell 71. Talet på bruk prosentvis fordelt etter talet på økter i 1956.

| | Sumar | | | | Vinter | | | |
|----------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| | Med 2 økter | Med 3 økter | Med 4 økter | Med 5 økter | Med 2 økter | Med 3 økter | Med 4 økter | Med 5 økter |
| Bygdene i alt | 11 | 50 | 37 | 2 | 26 | 50 | 24 | — |
| Østfold | 11 | 45 | 43 | 1 | 30 | 47 | 23 | — |
| Akershus | 2 | 65 | 32 | 1 | 13 | 75 | 12 | — |
| Hedmark | 3 | 68 | 29 | — | 21 | 68 | 11 | — |
| Oppland | 10 | 73 | 16 | 1 | 39 | 55 | 6 | — |
| Buskerud | 4 | 74 | 21 | 1 | 37 | 54 | 9 | — |
| Vestfold | 6 | 49 | 41 | 4 | 20 | 52 | 27 | 1 |
| Telemark | 17 | 59 | 23 | 1 | 49 | 39 | 12 | — |
| Aust-Agder | 52 | 34 | 14 | — | 74 | 17 | 9 | — |
| Vest-Agder | 17 | 51 | 29 | 3 | 35 | 43 | 22 | — |
| Rogaland | 3 | 42 | 52 | 3 | 11 | 47 | 42 | — |
| Hordaland | 4 | 53 | 39 | 4 | 17 | 53 | 30 | — |
| Sogn og Fjordane | 5 | 70 | 25 | — | 21 | 62 | 17 | — |
| Møre og Romsdal | 10 | 64 | 25 | 1 | 23 | 60 | 17 | — |
| Sør-Trøndelag | 28 | 43 | 28 | 1 | 36 | 42 | 22 | — |
| Nord-Trøndelag | 31 | 34 | 34 | 1 | 43 | 36 | 21 | — |
| Nordland | 6 | 17 | 74 | 3 | 15 | 39 | 45 | 1 |
| Troms | 5 | 23 | 71 | 1 | 18 | 34 | 47 | 1 |
| Finnmark | 22 | 33 | 44 | 1 | 7 | 47 | 46 | — |

Tabell 72 syner kor mykje tid opphalda mellom øktene representerer.

Tabell 72. Opphald til måltider og kvile mellom øktene. Timar og minuttar.

| | Sumar | | | | Vinter | | | |
|----------------------------|-------|------|------|------|--------|------|------|------|
| | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 |
| Bygdene i alt | 3.02 | 2.59 | 2.45 | 2.20 | 1.48 | 2.01 | 2.03 | 2.19 |
| Østfold | 3.34 | 3.33 | 3.06 | 2.15 | 1.38 | 1.34 | 1.59 | 1.58 |
| Akershus | 3.25 | 3.41 | 2.53 | 2.24 | 2.04 | 2.11 | 2.12 | 2.13 |
| Hedmark | 3.18 | 3.25 | 2.52 | 2.28 | 1.58 | 2.25 | 2.15 | 2.20 |
| Oppland | 3.31 | 3.25 | 3.07 | 2.28 | 2.21 | 2.35 | 2.19 | 2.03 |
| Buskerud | 3.13 | 3.18 | 3.02 | 2.30 | 2.04 | 1.56 | 2.01 | 2.02 |
| Vestfold | 2.53 | 2.41 | 2.31 | 2.06 | 1.52 | 1.54 | 1.53 | 1.58 |
| Telemark | 3.12 | 3.11 | 2.45 | 2.07 | 1.51 | 2.00 | 1.45 | 1.51 |
| Aust-Agder | 2.46 | 2.46 | 2.11 | 1.42 | 1.30 | 1.45 | 1.23 | 1.26 |
| Vest-Agder | 2.25 | 2.40 | 2.07 | 2.07 | 1.32 | 1.22 | 1.23 | 2.14 |
| Rogaland | 2.20 | 2.24 | 2.06 | 2.05 | 1.36 | 1.48 | 1.51 | 2.16 |
| Hordaland | 2.20 | 2.22 | 2.22 | 2.19 | 1.28 | 1.34 | 1.42 | 2.26 |
| Sogn og Fjordane | 2.44 | 2.49 | 2.29 | 2.17 | 1.27 | 1.48 | 1.38 | 2.23 |
| Møre og Romsdal | 3.21 | 3.17 | 2.44 | 2.21 | 1.54 | 1.44 | 1.50 | 2.21 |
| Sør-Trøndelag | 3.27 | 3.17 | 3.04 | 2.23 | 2.12 | 2.16 | 2.34 | 2.25 |
| Nord-Trøndelag | 3.17 | 3.13 | 2.54 | 2.16 | 2.22 | 2.40 | 2.29 | 2.11 |
| Nordland | 3.02 | 3.09 | 2.50 | 2.34 | 2.07 | 2.19 | 2.25 | 2.47 |
| Troms | 2.53 | 2.49 | 2.54 | 2.30 | 1.59 | 2.28 | 2.48 | 3.04 |
| Finnmark | — | — | 2.17 | 2.07 | — | — | 2.10 | 3.34 |
| Bruksklassar: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | — | — | — | 2.18 | — | — | — | 2.18 |
| 20,1- 50 » | — | — | — | 2.22 | — | — | — | 2.22 |
| 50,1-100 » | — | — | — | 2.21 | — | — | — | 2.21 |
| Over 100 » | — | — | — | 2.18 | — | — | — | 2.10 |

Ved dei etterrøknadene som har vori tidlegare, var det heller stor skilnad mellom samla tid til opphald i sumartida og vintertida. Skilnaden har blitt mindre etter kvart. I 1915 var opphalda i sumartida 5 kvarter lengre enn i vintertida. I 1939 var skilnaden knapt 3 kvarter, og i 1956 var det ingen nemnande skilnad (2 timar og 20 minuttar om sumaren og 2 timar og 19 minuttar om vinteren). Tida til opphald har gjennom heile perioden blitt kortare om sumaren og lengre om vinteren. I medel for alle bruk vart det nytta 25 minuttar mindre i 1956 enn i 1939 til opphald mellom øktene i sumartida. Om vinteren har opphalda auka med 16 minuttar innan same tidsromet.

Om sumaren er tida til opphald korta inn i alle fylka. Størst reduksjon sidan 1939 har det vori i Østfold med 51 minuttar. Elles har det vori heller sterk reduksjon i resten av fylka på Austlandet òg, sameleis i Trøndelag. På Vestlandet har det jamt over vori heller liten nedgang.

Det var berre Trøndelag, Oppland og Østfold som ikkje hadde lengre tid til opphald mellom øktene om vinteren i 1956 enn i 1939. I resten av fylka på Austlandet var det små brigde sidan 1939. På Vestlandet, i Aust-Agder og Finnmark var auken størst.

På Austlandet går det meir tid med til opphald om sumaren enn om vinteren. I Nord-Noreg er det vintertida som har dei lengste opphalda. I Trøndelag og på Vestlandet er skilnaden liten.

Aust-Agder skil seg ut med relativt kort tid til opphald både sumar og vinter. Elles er ikkje skilnaden mellom resten av fylka så serleg stor i sumartida. Det ymsar mellom 2 timar og 5 minuttar i Rogaland og 2 timar og 34 minuttar i Nordland. I vintertida skil Nord-Noreg seg ut frå resten av landet med relativt lang tid til opphald.

Det er liten skilnad mellom bruk av ymse storleik når det gjeld den tida som går med til opphald mellom arbeidsøktene.

Netto arbeidstid.

Med netto arbeidstid meiner ein her summen av arbeidsøktene. Ein kan òg seia at det er brutto arbeidstid minus den tid som går med til måltider og kvile mellom øktene.

I tabell 73 er gjevi oppgåver som syner korleis bruka fordeler seg etter netto arbeidsdag om sumaren.

Tabell 73. Talet på bruk prosentvis fordelt etter netto-arbeidsdag i timar om sumaren.

| | 8 og min- dre | 8½ | 9 | 9½ | 10 | 10½ | 11 | 11½ | 12 | 12½ | 13 | 13½ | 14 og meir |
|--------------------|---------------------|----|----|----|----|-----|----|-----|----|-----|----|-----|------------------|
| Alle bruk 1915 ... | 1 | 1 | 7 | 5 | 47 | 9 | 13 | 4 | 9 | 2 | 1 | — | 1 |
| » » 1919 ... | 2 | 2 | 12 | 11 | 36 | 12 | 12 | 5 | 6 | 1 | 1 | — | — |
| » » 1939 ... | 7 | 5 | 23 | 18 | 32 | 6 | 5 | 2 | 2 | — | — | — | — |
| » » 1956 ... | 12 | 4 | 11 | 4 | 24 | 6 | 10 | 5 | 14 | 3 | 3 | 1 | 3 |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar ... | 19 | 4 | 12 | 4 | 26 | 5 | 8 | 4 | 11 | 2 | 2 | 1 | 2 |
| 20,1- 50 » ... | 10 | 2 | 11 | 4 | 25 | 6 | 11 | 5 | 15 | 3 | 4 | 1 | 3 |
| 50,1-100 » ... | 7 | 2 | 9 | 4 | 25 | 6 | 11 | 6 | 16 | 4 | 4 | 2 | 4 |
| Over 100 » ... | 15 | 12 | 14 | 5 | 19 | 6 | 8 | 4 | 10 | 2 | 2 | 1 | 2 |

I 1915 var det 10 timar nettoarbeidsdag ved knapt halvparten av bruka i sumartida. Framimot 40 prosent hadde lengre arbeidstid. I tida framover til 1939 vart det etter kvart færre og færre med arbeidsdag på 10 timar og meir. Etterrøknaden i 1939 synte at tredjeparten av bruka hadde 10-timars dag, medan det berre var 15 prosent med lengre dag. I 1956 var nettoarbeidstida 10 timar ved knapt fjerdeparten av bruka. Vel 30 prosent hadde kortare og 45 prosent lengre arbeidstid.

Nettoarbeidsdag på 9 timar og mindre var meir vanleg ved dei minste og største bruka enn ved bruka mellom 20 og 100 dekar. På den andre sida var arbeidsdag på 11 timar og over det meir vanleg ved dei mellomstore bruka.

I tabell 74 finn ein tilsvarende tal for vintertida.

Tabell 74. Talet på bruk prosentvis fordelt etter nettoarbeidsdag i timar om vinteren.

| | 6 og mindre | 6½ | 7 | 7½ | 8 | 8½ | 9 | 9½ | 10 | 10½ | 11 | 11½ | 12 og meir |
|--------------------|-------------|----|----|----|----|----|----|----|----|-----|----|-----|------------|
| Alle bruk 1915 ... | 3 | 1 | 11 | 5 | 35 | 8 | 16 | 4 | 11 | 1 | 2 | 1 | 2 |
| » » 1919 ... | 3 | 3 | 11 | 9 | 31 | 10 | 14 | 7 | 9 | 2 | 1 | — | — |
| » » 1939 ... | 2 | 2 | 9 | 8 | 32 | 12 | 18 | 7 | 8 | 1 | 1 | — | — |
| » » 1956 ... | 4 | 1 | 5 | 2 | 30 | 6 | 15 | 6 | 16 | 4 | 5 | 2 | 4 |
| Bruksklassar 1956: | | | | | | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar ... | 8 | 1 | 7 | 3 | 35 | 6 | 12 | 6 | 13 | 2 | 3 | 1 | 3 |
| 20,1- 50 » ... | 5 | 1 | 6 | 2 | 29 | 5 | 15 | 6 | 17 | 4 | 5 | 1 | 4 |
| 50,1-100 » ... | 3 | — | 4 | 2 | 26 | 5 | 16 | 6 | 19 | 6 | 6 | 2 | 5 |
| Over 100 » ... | 1 | — | 4 | 3 | 32 | 11 | 15 | 7 | 15 | 4 | 4 | 1 | 3 |

Ved alle etterrøknadene har om lag tredjeparten av bruka hatt 8 timar netto arbeidstid om vinteren. I 1956 var 10 timar og lengre arbeidsdag relativt vanlegare enn ved dei tre fyrste etterrøknadene.

Tabell 75 syner netto arbeidstid rekna som medeltal for dei einskilde fylke ved dei fire etterrøknadene.

For heile landet under eitt var nettoarbeidsdagen 10 timar og 23 minuttar i sumartida 1956. Dette var så og seia det same som i 1915. Det var 47 minuttar meir enn i 1939 og 14 minuttar meir enn i 1919.

Lengst arbeidsdag hadde Hordaland med 11 timar og 18 minuttar. Så fylgde Rogaland med 11 timar og 9 minuttar og Sogn og Fjordane med 10 timar og 56 minuttar. Kortast var arbeidstida i Aust-Agder med 9 timar og 15 minuttar. Elles var det berre Hedmark, Oppland og fylka i Trøndelag som hadde mindre enn 10 timar arbeidsdag — mellom 9½ og 10 timar.

Oppland var det einaste fylket som ikkje hadde lengre nettoarbeidsdag om sumaren i 1956 enn i 1939. I fleire fylke var arbeidstida lengd med meir enn ein time. I Vest-Agder var dagen 1¾ time lengre enn i 1939, i Rogaland 1½ time og i Vestfold, Telemark og Hordaland vel ein time lengre. I Nord-Trøndelag var arbeidsdagen 7 minuttar lengre enn i 1939, men elles var det ikkje noko fylke, der netto arbeidstid var lengd med mindre enn 20 minuttar.

Medels netto arbeidstid om vinteren var 8 timar og 54 minuttar for heile landet under eitt i 1956. Dette var 35 minuttar meir enn i 1939, 33 minuttar meir enn i 1919 og 24 minuttar meir enn i 1915.

Nettoarbeidsdagen om vinteren var lengst på Vestlandet. I alle dei fire fylka der var arbeidstida 9¼ timar. I Vestfold og Sør-Trøndelag òg var det vel 9 timar. Kortast arbeidsdag hadde Aust-Agder med 8¼ timar.

Berre i Troms og Finnmark var nettoarbeidsdagen om vinteren kortare i 1956 enn i 1939. I Telemark, Vest-Agder og Rogaland var arbeidsdagen lengd

Tabell 75. Medels nettoarbeidsdag i timar og minuttar.

| | Somar | | | | Vinter | | | |
|-----------------------|-------|-------|-------|-------|--------|------|------|------|
| | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 |
| Bygdene i alt | 10.24 | 10.09 | 9.36 | 10.23 | 8.30 | 8.21 | 8.19 | 8.54 |
| Østfold | 10.26 | 10.01 | 9.45 | 10.26 | 8.19 | 8.20 | 8.04 | 8.58 |
| Akershus | 10.05 | 10.14 | 9.38 | 10.07 | 8.12 | 8.16 | 8.15 | 8.52 |
| Hedmark | 10.03 | 9.32 | 9.23 | 9.49 | 8.05 | 8.14 | 8.13 | 8.40 |
| Oppland | 10.08 | 10.02 | 9.44 | 9.40 | 8.15 | 8.07 | 8.19 | 8.23 |
| Buskerud | 10.29 | 10.15 | 9.42 | 10.14 | 8.24 | 7.58 | 7.53 | 8.38 |
| Vestfold | 10.13 | 9.53 | 9.37 | 10.46 | 8.27 | 8.37 | 8.22 | 9.06 |
| Telemark | 9.51 | 9.23 | 8.55 | 10.04 | 7.55 | 7.39 | 7.35 | 8.35 |
| Aust-Agder | 9.24 | 9.17 | 8.22 | 9.15 | 7.46 | 8.06 | 7.49 | 8.13 |
| Vest-Agder | 9.57 | 9.36 | 8.52 | 10.35 | 7.52 | 8.14 | 7.50 | 8.56 |
| Rogaland | 10.29 | 10.07 | 9.43 | 11.09 | 8.00 | 7.54 | 8.13 | 9.13 |
| Hordaland | 10.58 | 10.56 | 10.17 | 11.18 | 8.48 | 8.20 | 8.25 | 9.14 |
| Sogn og Fjordane | 11.17 | 11.05 | 10.15 | 10.56 | 9.16 | 8.15 | 8.17 | 9.13 |
| Møre og Romsdal | 10.49 | 10.38 | 9.54 | 10.37 | 9.00 | 8.44 | 8.30 | 9.16 |
| Sør-Trøndelag | 10.10 | 9.52 | 9.18 | 9.58 | 8.25 | 8.24 | 8.28 | 9.03 |
| Nord-Trøndelag | 10.05 | 9.44 | 9.31 | 9.38 | 8.42 | 8.44 | 8.39 | 8.45 |
| Nordland | 10.41 | 10.22 | 9.48 | 10.35 | 8.53 | 9.11 | 8.46 | 8.51 |
| Troms | 11.04 | 10.38 | 10.03 | 10.25 | 9.22 | 8.53 | 9.08 | 8.44 |
| Finnmark | - | - | 9.52 | 10.17 | - | - | 9.03 | 8.42 |
| Bruksklassar: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | - | - | - | 9.59 | - | - | - | 8.31 |
| 20,1- 50 » | - | - | - | 10.31 | - | - | - | 8.54 |
| 50,1-100 » | - | - | - | 10.41 | - | - | - | 9.08 |
| Over 100 » | - | - | - | 9.58 | - | - | - | 8.57 |

med ein time eller meir. Knapt ein time var det òg i Østfold og Sogn og Fjordane. I Oppland, Nord-Trøndelag og Nordland var ikkje arbeidstida nemnande lengre i 1956 enn i 1939.

Skilnaden mellom netto arbeidstid somar og vinter er størst på Vestlandet og i Nord-Noreg, minst i Trøndelag.

Det var dei minste og dei største bruka som hadde kortast netto arbeidstid i 1956. Bruka mellom 50 og 100 dekar hadde lengst nettoarbeidsdag, men skilde seg lite frå bruka mellom 20 og 50 dekar.

Som eit resymé er det i tabell 76 gjort ei jamføring av oppgåvene frå dei fire etterrøknadene. Det er medeltal for heile landet som er å finna i denne tabellen. Her ser ein skilnaden mellom dei einskilde etterrøknadene med omsyn til klokkeslett då arbeidsdagen byrgja og slutta, brutto arbeidstid, tida som gjekk med til opphald mellom øktene og netto arbeidstid.

Tabell 76. Arbeidsdagen i jordbruket.

| | Somar | | | | Vinter | | | |
|--|-------|-------|-------|-------|--------|-------|-------|-------|
| | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 | 1915 | 1919 | 1939 | 1956 |
| Når arbeidsdagen tok til. Klokkeslett | 6.21 | 6.34 | 7.02 | 6.51 | 7.29 | 7.29 | 7.38 | 7.14 |
| Når arbeidsdagen slutta. Klokkeslett . | 19.47 | 19.42 | 19.23 | 19.34 | 17.47 | 17.51 | 18.00 | 18.27 |
| Brutto arbeidstid. | | | | | | | | |
| Timar og minuttar . | 13.26 | 13.08 | 12.21 | 12.43 | 10.18 | 10.22 | 10.22 | 11.13 |
| Opphald mellom øktene | | | | | | | | |
| Timar og minuttar . | 3.02 | 2.59 | 2.45 | 2.20 | 1.48 | 2.01 | 2.03 | 2.19 |
| Netto arbeidstid. | | | | | | | | |
| Timar og minuttar . | 10.24 | 10.09 | 9.36 | 10.23 | 8.30 | 8.21 | 8.19 | 8.54 |

Ved sida av oppgåvene over den ålmenne arbeidsdagen, vart det i 1956 henta inn oppgåver over nettoarbeidsdagen serskilt for brukaren, ektemaken, tenestgutar og tenestgjenter. Arbeidsdagen ved eit bruk er oftast bygd opp med faste økter, men lengda og talet på øktene vil gjerne skifta med årstidene. Sjølv om dagen har sin faste øktrytme, kan arbeidsdagen for dei einskilde som arbeider på bruket syna avvik. Husmora (ektemaken) kan t. d. ha arbeid før den ordinære arbeidsdagen tek til og etter at han er slutt, samstundes som ho kan ha mindre fri mellom øktene enn dei andre. Brukaren kan t. d. ha hestestell før arbeidsdagen tek til, og tenestfolk kan etter avtale ha kortare arbeidsdag enn dei andre. Desse tilhøva skulle koma til syne ved oppgåvene over netto arbeidsdag for brukar, ektemake osb. — sedde i høve til ordinær nettoarbeidsdag.

Tabell 77 gjev medeltala for dei einskilde fylke.

Tabell 77. Medels nettoarbeidsdag 1956 i timar og minuttar.

| | Brukar | | Ektemake | | Tenestgutar | | Tenestgjenter | |
|-----------------------|--------|--------|----------|--------|-------------|--------|---------------|--------|
| | Sumar | Vinter | Sumar | Vinter | Sumar | Vinter | Sumar | Vinter |
| Bygdene i alt | 10.34 | 8.44 | 10.57 | 9.33 | 8.35 | 8.06 | 8.57 | 8.28 |
| Østfold | 10.50 | 9.02 | 11.07 | 9.36 | 8.37 | 8.11 | 9.32 | 9.06 |
| Akershus | 10.17 | 8.45 | 10.48 | 9.40 | 8.25 | 8.05 | 8.44 | 8.31 |
| Hedmark | 9.55 | 8.23 | 10.26 | 9.27 | 8.31 | 8.01 | 8.48 | 8.23 |
| Oppland | 9.55 | 8.19 | 10.43 | 9.45 | 8.31 | 8.02 | 8.44 | 8.24 |
| Buskerud | 10.20 | 8.31 | 10.42 | 9.36 | 8.34 | 8.02 | 8.51 | 8.31 |
| Vestfold | 10.50 | 8.40 | 11.02 | 9.21 | 8.57 | 8.15 | 9.04 | 8.18 |
| Telemark | 10.01 | 8.08 | 10.36 | 9.10 | 8.14 | 7.44 | 8.58 | 8.35 |
| Aust-Agder | 9.29 | 7.53 | 10.26 | 9.18 | 8.07 | 8.00 | 8.32 | 8.00 |
| Vest-Agder | 10.43 | 8.38 | 10.56 | 9.17 | 8.22 | 8.09 | 9.06 | 8.04 |
| Rogaland | 11.19 | 9.01 | 11.22 | 9.29 | 9.50 | 8.42 | 9.50 | 8.47 |
| Hordaland | 11.27 | 9.08 | 11.26 | 9.31 | 9.01 | 8.14 | 9.29 | 8.40 |
| Sogn og Fjordane | 10.55 | 8.56 | 11.14 | 9.40 | 8.42 | 8.12 | 9.39 | 8.35 |
| Møre og Romsdal | 10.56 | 9.09 | 11.12 | 9.50 | 8.23 | 8.03 | 9.03 | 8.36 |
| Sør-Trøndelag | 10.25 | 8.56 | 10.52 | 9.50 | 8.20 | 8.00 | 8.36 | 8.21 |
| Nord-Trøndelag | 10.26 | 8.48 | 11.03 | 9.52 | 8.13 | 7.59 | 8.40 | 8.23 |
| Nordland | 10.46 | 8.37 | 11.03 | 9.18 | 8.45 | 8.05 | 8.53 | 8.25 |
| Troms | 10.39 | 8.54 | 10.57 | 9.27 | 8.54 | 8.38 | 8.44 | 8.31 |
| Finnmark | 9.46 | 7.55 | 10.14 | 8.58 | 9.04 | 8.00 | 8.53 | 8.24 |
| Bruksklassar: | | | | | | | | |
| 5,1- 20 dekar | 10.03 | 8.18 | 10.26 | 9.09 | 8.48 | 8.23 | 9.05 | 8.08 |
| 20,1- 50 » | 10.39 | 8.40 | 11.04 | 9.32 | 8.41 | 8.13 | 9.08 | 8.41 |
| 50,1-100 » | 10.55 | 9.00 | 11.14 | 9.47 | 8.41 | 8.04 | 9.03 | 3.32 |
| Over 100 » | 10.33 | 9.01 | 11.02 | 9.55 | 8.28 | 8.04 | 8.38 | 8.21 |

Medels nettoarbeidsdag for brukarane var 10 timar og 34 minuttar om sumaren og 8 timar og 44 minuttar om vinteren, når ein ser heile landet under eitt. Tilsvarende tall for ektemakane var 10 timar og 57 minuttar og 9 timar og 33 minuttar. Det er såleis større skilnad mellom brukaren og ektemaken sin arbeidsdag om vinteren enn om sumaren.

Skilnaden mellom fylka er større når det gjeld arbeidsdagen til brukaren, enn for ektemaken. Det er òg større skilnad mellom sumar- og vinterarbeidsdag for brukaren enn for ektemaken. I Aust-Agder hadde ektemaken ein nettoarbeidsdag som om sumaren var ca. ein time lengre enn for brukaren. I Oppland var skilnaden vel $\frac{3}{4}$ time. I Rogaland og Hordaland var det ingen nemnande skilnad mellom nettoarbeidstida for brukar og ektemake i sumartida.

